

**DIALEKTEN  
I BRATTVÅGEN OG PÅ HILDRE  
– 23 ÅR ETTER**

**Ei sosiolinguistisk  
oppfølgingsgransking av talemålet  
i to sunnmørsbygder**

**Helene Hildremyr**



**Mastergradsavhandling  
Nordisk institutt  
Universitetet i Bergen  
September 2006**



## Forord

Dette arbeidet har eg skrive som mastergradsstudent i nordisk språk ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. Utforminga av prosjektet tok til i august 2004, og det har vore eit kjekt arbeid heilt frå byrjinga, med ”prosjektførebuande emne”, til eg no sit med det ferdige resultatet. Brattvågaren Kjell Arne Skaar var den som sette heile prosjektet i gang, ved å gjennomføre den første undersøkinga av dialekten i Brattvågen og på Hildre i 1982, og det har vore nyttig og artig å ha kontakt med han undervegs i arbeidet. Arbeidet mitt må sjåast i forlenginga av arbeidet hans. Først dei seinare åra har vi kunna ta til å gjere oss nytte av resultata av tidlegare sosiolingvistiske undersøkingar til å sjå språkutviklinga i eit lengre tidsperspektiv enn vi har høve til ved berre å studere språket på eitt gitt tidspunkt, altså synkront. Sosiolingvisten, meg sjølv inkludert, har no høve til å drive historiske diakrone sosiolingvistiske studiar, og dette har gjort arbeidet mitt særleg spennande.

Ulike personar har hjelpt meg på ulike vis i løpet av arbeidet med avhandlinga:

Professor Helge Sandøy har vore rettleiaren min, og han har gitt meg grundig og god rettleiing gjennom heile prosessen. Han har vist eit engasjement for prosjektet mitt som har gjort at eg aldri tvila på at det eg heldt på med var interessant og viktig. Han har vore tilgjengeleg på kontoret og på e-posten kvar gong eg har hatt behov for å rådføre meg med han.

24 anonyme informantar stilte velvillig opp til intervju i Brattvågen og på Hildre i september og oktober 2005. Dei viste stor interesse for arbeidet mitt, og eg hadde mange kjekke timer saman med dei. Rektor og lærarar ved ungdomsskulen i Brattvågen la forholda til rette for meg i arbeidet med dei yngre informantane.

Diverse personar i Brattvågen og på Hildre stilte opp til uformelle samtalar om bygdene og språket der hausten 2005 og våren 2006. Turid Hanken, Elias Hildremyr, Rolv Rørhus, Helga Færøy og Jan Ove Stene var alle interessante og engasjerte samtalparnarar. I desse samtalane fekk eg viktig informasjon som eg har nytta i bakgrunnskapitlet og i drøftinga. Av Kjetil Grytten fekk eg kart over Møre og Romsdal og over Haram Kommune til bruk i bakgrunnskapitlet. Arnulf Hildremyr og Kari Elin Korsnes Hildre hjelpte meg med utveljinga av informantar.

Dei rause foreldra mine Annfrid og Kåre Hildremyr har vist stor interesse for arbeidet mitt, og dei har gitt meg økonomisk støtte.

Schila Amigh og Hanne Hanson laga teikningane til bildetesten.

Karl Andreas Hildremyr, Kjetil Henjum og Christian Carlsson har hjelpt meg gjennom ulike datatekniske utfordringar. Dei var til god hjelp då eg skulle lagre opptaka med informantane på datamaskina, installere og lære meg å bruke IPA-fontane på MAC, og lage tabellar og diagram til resultatpresentasjonen.

Ann-Kristin Molde har lese heile manuskriptet, og kome med kritiske merknader. Ho gjorde ein strålende jobb med å hjelpe meg å omstrukturere stoffet i sluttfasen av arbeidet.

Hans Jacob Ohldieck har vore ein fantastisk støttespelar gjennom heile studenttilværet mitt, ei tid som ikkje berre har handla om kvardagen i Bergen, men også om fine studieoppphald saman på Mjølfjell, i Latin-Amerika og i Berlin. I innspurten har han dessutan lese manuskriptet og kome med kritiske merknader.

Medstudentar har bidrøge til ei fin studietid. Eg må spesielt trekke fram poesi-venninnene mine, som har gjort at litteraturdelen av nordiskfaget også har blitt tatt vare på. Ein hektisk, men fin innspurt har eg hatt saman med Ebba Kathrine Larsen. Eva Walde, Ingunn Røstbø og Irene Hareide har lese korrektur.

Eg takkar alle som har hjelpt meg i arbeidet mitt.

Det gjekk fort for seg då avhandlinga skulle trykkjast. Eg har retta opp i nokre småfeil og detaljar, men innhaldet er elles uendra.

Bergen, 19. desember 2006

Helene Hildremyr





# Innhold

Forord  
Innhaldsliste  
Oversikt over illustrasjonar og tabellar

<b>1 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Presentasjon av prosjektet .....	1
1.2 Målet med arbeidet .....	1
1.3 Sosiolingvistikk.....	2
1.4 Strukturen i avhandlinga.....	4
<b>2 Bakgrunn: bygder og språk.....</b>	<b>6</b>
2.1 Bygdene Brattvågen og Hildre.....	6
2.1.1 Innleiing: to ulike bygder .....	6
2.1.2 Haram kommune.....	6
2.1.3 Demografi .....	9
2.1.4 Bumønster og sosial struktur.....	12
2.1.5 Næringsstruktur.....	13
2.1.6 Skular .....	13
2.1.7 Mobilitet .....	14
2.1.8 Oppsummering.....	14
2.2 Språket i bygdene .....	15
2.2.1 Innleiing: språk og dialekt .....	15
2.2.2 Målføra i Møre og Romsdal .....	16
2.2.3 Sunnmørsmålet.....	16
2.2.4 Grammatikkskisse for talemålet i Brattvågen og på Hildre .....	17
2.2.4.1 Lydverket .....	18
2.2.4.1.1 Foneminventaret .....	18
2.2.4.1.2 Fonologiske reglar .....	19
2.2.4.2 Tonelag og trykk .....	21
2.2.4.3 Morfologi .....	21
2.2.4.3.1 Substantiv .....	21
2.2.4.3.2 Verb .....	23
2.2.4.3.3 Personlege pronomen .....	23
2.2.5 Skriftspråket i bygdene .....	24
2.3 Dei språklege variablane .....	24
2.3.1 Andre variablar?.....	27
<b>3 Språkleg variasjon og språkendring .....</b>	<b>28</b>
3.1 Innleiing.....	28
3.2 Synkron språkleg variasjon .....	29
3.2.1 Korleis variasjon eksisterer .....	29
3.2.1.1 Innleiing.....	29
3.2.1.2 Lokalitet.....	29
3.2.1.3 Alder .....	29
3.2.1.4 Kjønn .....	30
3.2.1.5 Avslutning .....	30
3.2.2 Korfor variasjon eksisterer .....	31
3.2.2.1 Innleiing.....	31
3.2.2.2 Tilpassing .....	31

3.2.2.3	Identitet.....	32
3.3	Diakron språkendring .....	33
3.3.1	Innleiing.....	33
3.3.2	Indre faktorar til språkendring .....	34
3.3.3	Ytre faktorar til språkendring.....	35
3.4	Språksamfunn.....	37
3.4.1	Innleiing.....	37
3.4.2	Diffuse språksamfunn som blir meir fokuserte: språklege smeltegryter.....	38
3.4.3	Andre typar språksamfunn .....	39
3.5	Normer og haldningar i språksamfunnet .....	41
3.6	Modellar for endring og spreiling .....	42
3.6.1	Innleiing.....	42
3.6.2	Innovasjon og spreings- og endringsprosessen.....	42
3.6.3	Regionalisering .....	44
3.7	Tre hypotesar om dialekten i Brattvågen og på Hildre .....	45
<b>4</b>	<b>Metode .....</b>	<b>47</b>
4.1	Innleiing.....	47
4.2	Longitudinelle studiar .....	47
4.2.1	Generelt .....	47
4.2.2	Denne undersøkinga .....	49
4.3	Kvantitativ og kvalitativ metode .....	50
4.3.1	Generelt .....	50
4.3.2	Denne undersøkinga .....	52
4.4	Datatypar og testsituasjoner .....	52
4.4.1	Generelt .....	52
4.4.2	Denne undersøkinga .....	54
4.4.2.1	Innleiing.....	54
4.4.2.2	Samtalen .....	54
4.4.2.3	Bildetesten.....	55
4.4.2.4	Spørjeskjemagranskninga.....	55
4.4.2.5	Avslutning .....	57
4.5	Informantutval .....	58
4.5.1	Tilfeldig eller ikkje tilfeldig utval? .....	58
4.5.2	Informantane mine .....	59
4.5.2.1	Utvalskriteria.....	59
4.5.2.2	Utveljinga av informantane .....	60
4.6	Møtet med informantane .....	62
4.7	Behandlinga av datamaterialet .....	64
4.7.1	Utveljing .....	64
4.7.2	Gjennomlytting, transkribering, koding og utrekning .....	64
<b>5</b>	<b>Presentasjon av resultata .....</b>	<b>66</b>
5.1	Innleiing.....	66
5.2	Variasjon og endring etter dei tre hypotesane .....	67
5.2.1	Innleiing.....	67
5.2.2	Variasjon og endring etter lokalitet .....	67
5.2.2.1	Samanlikning av samtalen og bildetesten .....	69
5.2.2.2	Variasjon og endring etter lokalitet og språkvariabel.....	70
5.2.3	Variasjon og endring etter alder (og lokalitet) .....	74
5.2.3.1	Variasjon og endring etter alder, lokalitet og språkvariabel .....	76

5.2.3.1.1	Dei yngre.....	80
5.2.3.1.2	Dei midaldra.....	81
5.2.3.1.3	Dei eldre .....	81
5.2.3.1.4	Oppsummering.....	82
5.2.4	Variasjon og endring etter kjønn (og lokalitet).....	82
5.3	Kategorisk eller variabel språkbruk? .....	84
5.4	Haldningar .....	87
5.4.1	Spørjeskjemagranskninga.....	87
5.4.1.1	Innleiing.....	87
5.4.1.2	Samanlikning av dei yngre i 1982 og dei yngre i 2005.....	88
5.4.1.2.1	Kontakten med Ålesund .....	88
5.4.1.2.2	Språkhaldningar .....	88
5.4.1.2.3	Informantane sine språkhaldningar jamført med faktisk språkbruk.....	89
5.4.1.2.4	Språkleg bevisstheit.....	90
5.4.1.2.5	Språklege sanksjonar .....	91
5.4.1.2.6	Situasjonell talemålsendring .....	91
5.4.1.2.7	Oppsummering yngre i 1982 og yngre i 2005 .....	92
5.4.1.3	Samanlikning av dei yngre i 1982 og dei midaldra i 2005 .....	92
5.4.1.3.1	Kontakten med Ålesund .....	92
5.4.1.3.2	Språkhaldningar .....	92
5.4.1.3.3	Informantane sine språkhaldningar jamført med faktisk språkbruk.....	93
5.4.1.3.4	Språkleg bevisstheit.....	94
5.4.1.3.5	Språklege sanksjonar .....	94
5.4.1.3.6	Situasjonell talemålsendring .....	94
5.4.1.3.7	Oppsummering yngre i 1982 og midaldra i 2005 .....	95
5.4.2	Informantane uttalar seg .....	95
5.4.2.1	Innleiing.....	95
5.4.2.2	.. om heimbygd .....	96
5.4.2.3	.. om dialekten.....	96
5.5	Observasjonar utanom dei 10 variablane .....	97
5.5.1	Innleiing.....	97
5.5.2	Første person fleirtal personleg pronomen .....	97
5.5.3	"ikke", "spise" og "Jedeli" på Hildre.....	99
5.5.4	Forskjellar mellom generasjonane .....	99
5.5.5	Ord og fenomen som forsvinn.....	100
5.6	Oppsummering av resultata .....	101
5.6.1	Variasjon og endring – framstilt etter dei tre hypotesane.....	101
5.6.2	Haldningar .....	102
5.6.3	Observasjonar utanom dei ti variablane .....	103

## **6 Drøfting av resultata ..... 104**

6.1	Innleiing.....	104
6.2	Språk og lokalitet .....	104
6.2.1	Éin dialekt og eitt språksamfunn i 2005 .....	104
6.2.2	Auka interaksjon og felles identitet .....	106
6.3	Språk og alder .....	109
6.3.1	Generasjonsendring og livsfasespråk .....	109
6.3.2	Alderssegregering, gruppeidentitet og utdanning .....	110
6.4	Språk og kjønn .....	112
6.4.1	Liten forskjell mellom kvinner og menn .....	112
6.5	Retninga på språkutviklinga.....	113
6.5.1	Innleiing.....	113
6.5.2	Forenkling? .....	113
6.5.3	Tradisjonelle variantar som kan vere på veg ut?.....	115

6.5.4	Moglege påverknadskjelder .....	115
6.6	Nokre etterpåkloke refleksjonar .....	118
6.6.1	Det eg ikkje har funne ut noko om .....	118
6.6.2	Reliabilitet og validitet .....	119
6.6.2.1	Generelt .....	119
6.6.2.2	Reliabilitet? .....	119
6.6.2.3	Validitet? .....	121
<b>7</b>	<b>Avslutning.....</b>	<b>124</b>
7.1	Oppsummering og konklusjon .....	124
7.2	Vidare arbeid .....	125
<b>Vedlegg 1: Informasjonsskrivet til potensielle informantar.....</b>	<b>127</b>	
<b>Vedlegg 2: Samtalen .....</b>	<b>128</b>	
Samtalegaiden.....	128	
Avkryssingsskjemaet for samtalen.....	130	
<b>Vedlegg 3: Bildetesten.....</b>	<b>131</b>	
Nokre av teikningane i bildetesten .....	131	
Variablane i dei 34 teikningane .....	135	
Avkryssingsskjemaet for bildetesten .....	136	
<b>Vedlegg 4: Spørjeskjemaet .....</b>	<b>138</b>	
<b>Vedlegg 5: Ord i materialet som viser variasjon .....</b>	<b>140</b>	
<b>Vedlegg 6: Statistikk for alle informantane .....</b>	<b>141</b>	
Samtalen .....	141	
Bildetesten .....	145	
<b>Litteratur.....</b>	<b>149</b>	
<b>Samandrag av mastergradsavhandlinga.....</b>	<b>155</b>	

# Oversikt over illustrasjonar og tabellar

## Kapittel 2

Illustrasjon 2.1	Møre og Romsdal fylke - kart	s. 8
Illustrasjon 2.2	Haram kommune - kart	s. 8
Illustrasjon 2.3	Folkemengd i Brattvågen og på Hildre 1910 – 2005	s. 10
Illustrasjon 2.4	Innflyttarar i Brattvågen inntil 1951 etter geografisk opphav	s. 11
Illustrasjon 2.5	Innflyttarar til Brattvågen og Hildre 1995 – 2005	s. 12
Illustrasjon 2.6	Vokalane i det tradisjonelle målet	s. 19
Illustrasjon 2.7	Konsonantane i det tradisjonelle målet	s. 19
Illustrasjon 2.8 a	Mønster for substantivbøyninga i det tradisjonelle målet. Nemneform	s. 22
Illustrasjon 2.8 b	Eksempel på substantivbøyninga i det tradisjonelle målet. Nemneform	s. 22
Illustrasjon 2.9	Substantivbøyninga i det tradisjonelle målet. Dativ	s. 23
Illustrasjon 2.10	Verbbøyninga i det tradisjonelle målet	s. 23
Illustrasjon 2.11	Personlege pronomen i det tradisjonelle målet	s. 24
Illustrasjon 2.12	Oversikt over dei språklege variablane	s. 26

## Kapittel 5

Illustrasjon 5.1	Variasjon og endring etter lokalitet. Alle variablane. % yngre former	s. 68
Illustrasjon 5.2	Samtalen og bildetesten. Bygdene samla. Alle variablane. % yngre former	s. 69
Illustrasjon 5.3	Samtalen og bildetesten. Variasjon etter lokalitet. % yngre former	s. 70
Illustrasjon 5.4	Variasjon og endring etter lokalitet og språkvariabel. Gjennomsnitt for informantane. % yngre former	s. 71
Illustrasjon 5.5	Variasjon og endring etter alder. Begge bygdene. Alle variablane. % yngre former	s. 74
Illustrasjon 5.6	Variasjon og endring etter lokalitet og alder. Alle variablane. Brattvågen og Hildre. % yngre former	s. 75
Illustrasjon 5.7	Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel. Brattvågen. % yngre former	s. 77
Illustrasjon 5.8	Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel. Hildre. % yngre former	s. 78
Illustrasjon 5.9	Variasjon og endring etter lokalitet og kjønn. Gjennomsnitt av variablane. Brattvågen, Hildre og begge bygdene. % yngre former	s. 83
Illustrasjon 5.10	Kategorisk eller variabel språkbruk. Brattvågen. 1982	s. 84

Illustrasjon 5.11	Kategorisk eller variabel språkbruk. Hildre. 1982	s. 85
Illustrasjon 5.12	Kategorisk eller variabel språkbruk. Brattvågen. 2005	s. 85
Illustrasjon 5.13	Kategorisk eller variabel språkbruk. Hildre. 2005	s. 86
Illustrasjon 5.14	Informantane sine språkhaldningar jamført med faktisk språkbruk. Yngre 1982 og yngre 2005	s. 89
Illustrasjon 5.15	Informantane sine språkhaldningar jamført med faktisk språkbruk. Yngre 1982 og midaldra 2005	s. 93
Illustrasjon 5.16	Første person fleirtal personleg pronomen	s. 98
Tabell 5.1	Variasjon og endring etter lokalitet. Alle variablane. % yngre former	s. 68
Tabell 5.2	Variasjon og endring etter lokalitet og språkvariabel. Brattvågen og Hildre. % yngre former	s. 72
Tabell 5.3	Variasjon og endring etter lokalitet og alder. Gjennomsnitt av variablane. Brattvågen, Hildre og bygdene samla. % yngre former	s. 75
Tabell 5.4	Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel. Brattvågen. % yngre former	s. 79
Tabell 5.5	Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel. Hildre. % yngre former	s. 79
Tabell 5.6	Variasjon og endring etter lokalitet og kjønn. Gjennomsnitt av variablane. Brattvågen, Hildre og begge bygdene. % yngre former	s. 83

## Kapittel 6

Illustrasjon 6.1	Forenkling?	s. 114
Illustrasjon 6.2	Tradisjonelle variantar som kan vere på veg ut	s. 115
Illustrasjon 6.3	Moglege påverknadskjelder. Samsvaret mellom den yngre varianten og den tradisjonelle varianten, nynorsk, bokmål, ålesundsmål, søre sunnmørsk og moldemål.	s. 116
Tabell 6.1	Variasjon og endring etter lokalitet. Samtalen. Alle variablane. % yngre former – min reknemåte	s. 120
Tabell 6.2	Variasjon og endring etter lokalitet. Samtalen. Alle variablane. % yngre former – ein alternativ reknemåte	s. 120
Tabell 6.3	Variasjon og endring etter lokalitet. Bildetesten. Alle variablane. % yngre former – ein alternativ reknemåte	s. 121





# **1 Innleiing**

## **1.1 Presentasjon av prosjektet**

Denne sosiolingvistiske granskinga tek føre seg språkleg variasjon og endring i talemålet i nabobygdene Brattvågen<sup>1</sup> og Hildre<sup>2</sup> (kort for Hildrestranda) på nordre Sunnmøre. Bakgrunnen for valet mitt er at eg sjølv er fødd og oppvaksen i Brattvågen, og at eg hadde lyst til å studere noko som hadde med språket i heimbygda mi å gjere. Det viste seg at nokon allereie hadde skrive hovudfagsoppgåve om dialekten i Brattvågen og på Hildre, og eg vart med ein gong interessert i tanken på å kunne gjere bruk av dataa frå denne undersøkinga i mitt eige arbeid. Kjell Arne Skaar (Skaar 1985) samla inn dataa til avhandlinga si alt i 1982, og det har gitt meg moglegheit til å studere korleis språket i bygdene har utvikla seg i løpet av dei 23 åra som er gått. Det er no gått ein generasjon sidan sosiolingvistikken byrja å gjere seg gjeldande som vitskapleg disiplin, og vi er i ferd med å innleie ein ny epoke fordi vi kan ta til å reise tilbake til stader der dialekten tidlegare er blitt undersøkt, og sjøl korleis språket har endra seg i løpet av den siste generasjonen. Arbeidet mitt går inn i den byrjande rekka av slike nye, viktige oppfølgingsstudiar; ved hjelp av Skaar si avhandling gjennomfører eg ein oppfølgningsstudie, ein såkalla longitudinell studie, av talemålet i Brattvågen og på Hildre, og den historiske vinklinga eg har valt, avgjer delar av målet mitt.

I dette innleiingskapitlet skal vi no først sjå på kva som er *målet* med arbeidet mitt (1.2), og plassere arbeidet innafor den språkvitskaplege disiplinen *sosiolingvistikk* (1.3). Til slutt presenterer eg ei oversikt over strukturen i avhandlinga (1.4).

## **1.2 Målet med arbeidet**

Denne granskinga ser på 10 språklege variablar i dialekten i Brattvågen og på Hildre. Det språklege datamaterialet er sett saman av Skaar sitt materiale (frå 1982 (Skaar 1985)) og interju eg sjølv gjennomførte (hausten 2005) med 24 tilfeldig utvalde brattvågarar og hildrestrandningar som vart uttrekte etter tre alderskategoriar. Undersøkinga er såleis både ei *synkron* og ei *diakron* undersøking sidan ho tek for seg både språkleg variasjon i talemålet i dag, og språkleg endring i løpet av dei 23 åra som har gått mellom Skaar si undersøking og mi eiga undersøking.

---

<sup>1</sup> I skrift er *Brattvåg* det vanlegaste namnet på staden, men munnleg heiter det oftast *Brattvågen*. I denne avhandlinga meiner eg det er greitt å bruke *Brattvågen* om staden, sidan det er talemålet der eg skriv om.

<sup>2</sup> Eg brukar samlenamnet *Hildre* for grendene Alvestad, Hildre og Skjeltene (sjå illustrasjon 2.2).

Målet med arbeidet er todelt: Det har ein deskriptiv del (punkt 1) og ein forklarande del (punkt 2):

- 1.** Eg vil *beskrive* samanhengen som finst mellom *språkleg variasjon* og dei sosiale bakgrunnsvariablane lokalitet, alder og kjønn i Brattvågen og på Hildre *i dag*, og eg vil teste *tre hypotesar* (jamfør 3.7) som er knytte til *språkutviklinga* dei siste 23 åra.
- 2.** Eg vil prøve å *forklare* korfor språket i bygdene har den variasjonen det har, og korfor det har endra seg eller ikkje sidan 1982, og eg vil drøfte i kva *retning* språkutviklinga i Brattvågen og på Hildre har gått dei siste 23 åra.

Den første delen av målet mitt vil eg prøve å nå ved først å systematisere mitt eige datamateriale frå 2005, og deretter teste hypotesane ved å samanlikne resultata frå mi eiga undersøking i 2005 med Skaar sine resultat frå 1982. Dette vil bli gjort i presentasjonen av dataa (kapittel 5).

Den andre delen av målet mitt vil eg prøve å nå ved å kartleggje nokre av dei *samfunnsmessige endringane* frå 1980-talet og fram til no (2.1), og ved å samle inn informasjon om *språkhaldningane* informantane har (5.4). I kapittel 6 vil informasjonen om samfunnet og språkhaldningane i bygdene bli brukt til å forklare resultata som kjem fram i resultatpresentasjonen, kapittel 5. Ved å samanlikne talemålet i bygdene, representert av dei språklege variablane vi ser på, med talemåla på stader i nærliken av bygdene, vil eg prøve å seie noko om retninga som talemålet i bygdene går i (6.5).

## 1.3 Sosiolingvistikk

Richard Hudson definerer *sosiolingvistikk* som ”the study of language in relation to society” (1996: 1), og disiplinen omfattar både studiet av *korleis språket påverkar samfunnet*, og studiet av *korleis samfunnet påverkar språket*. Sosiolingvistikken har i seg trekk frå både lingvistikk og samfunnsfag, og kan plasserast i skjeringspunktet mellom lingvistikk, psykologi, sosialantropologi og sosiologi (Venås 1991: 15). Det er med rette blitt sagt at sosiolingvistikken er ein *kompilasjonsvitenskap* (Akselberg 1993: 56).

Amerikanaren William Labov blir gjerne framstilt som den som la grunnlaget for sosiolingvistikken som vitskapleg disiplin. I talemålsstudien sin i New York på 1960-talet var det samanhengen mellom språkleg og sosial *variasjon* som var i fokus, og dette var nytt innafor talemålsforsking. Det er også nettopp denne talevariasjonen som er sjølv *kjernen i*

*sosiolingvistikken* (Akselberg 2003b: 125). Innafor den klassiske måten å studere språk på, *dialektologien*, hadde forskarane vore opptatt av å finne *felles* mønster i språkbruk, og dialektane vart presenterte som heilskaplege grammatiske system. Den språklege variasjonen som eksisterte, vart det lagt lita – ofte inga – vekt på. Denne tendensen til generalisering har dialektologien blitt kritisert for (Milroy 1980: 3), og med sosiolingvistikken vart fokuset i talemålsforskinga flytta ”frå den homogene til den *heterogene* sida ved talespråket” (Akselberg 2003b: 127).

Om vi skal peike på fleire sentrale forskjellar mellom den klassiske dialektologien og sosiolingvistikken, kan vi på veldig generelt grunnlag stille opp ein del dikotomiar: Dialektologien har gjerne ein (eller få) eldre informant(ar), medan sosiolingvistikken ofte har mange informantar i ulike aldrar. Dialektologien har eit diakront, historisk perspektiv, og sosiolingvistikken eit synkront perspektiv. Vidare kan vi seie at dialektologien fokuserer på stabilitet, medan sosiolingvistikken er meir opptatt av labilitet, og dialektologien er opptatt av rurale språksamfunn, medan sosiolingvistikken er mest opptatt av språk i urbane omgivnader.

Det er mange aspekt som gjer at vi kan seie at sosiolingvistikken representerer eit brot med dialektologien, men vi skal ikkje gløyme at sosiolingvistikken også representerer *kontinuitet* i forhold til den tradisjonelle dialektologien. Mæhlum (1996) meiner at dialektologien alltid har hatt *sosiale dimensjonar* i Noreg, og at han derfor ikkje er så ulik sosiolingvistikken. Ho viser at vi har hatt nokre pre-sosiolingvistar her i landet, som i varierande grad har brukt sosiale og psykologiske faktorar i sine analysar av talemål (1996: 183). Allereie i byrjinga av 1900-talet var Amund B. Larsen ute med bymålsstudiar, i tillegg til sine meir tradisjonelle bygdemålsstudiar. Han introduserte omgrepene ‘naboopposisjon’, det at medlemane i eit samfunn står i opposisjon til ei spesifikk nabogruppe. Også Anders Steinsholt hadde eit sosialt aspekt i talemålsundersøkinga si frå 1938 – 40 (publisert i 1964) i Larvikområdet. Helge Omdal (1967) si undersøking av dei to varietetane i Stavanger bymål kan også nemnast. Vi hadde altså sosiolingvistar i Noreg lenge før sosiolingvistikken var ”oppfunnen”.

For å gå tilbake til han som la grunnlaget for disiplinen: Labov var spesielt opptatt av samanhengen mellom den sosiale makrostrukturen *sosial klasse* og språkbruk. Han innførte dessutan *tilfeldig utval* i lingvistikken og *kvantifiserte* språkfunna sine. Vi kan snakke om eit labovsk preg dei første åra disiplinen eksisterte, men etter kvart kom alternative tilnæringsmåtar i bruk. Etter Labov har andre vore meir opptatt av enkeltindividet og interaksjonen mellom ulike individ og sosiale mikrostørrelsar: mellom andre John Gumperz, med sin sosialantropologiske observasjonsmetode, og Howard Giles, med sitt fokus på

sosialpsykologiske faktorar. Lesley Milroy, med sitt fokus på analysar av sosiale nettverk for å forklare språkleg variasjon og endring, er også ei som har komme med viktige bidrag til internasjonal sosiolingvistikk.

Når det gjeld sosiolingvistikk i norsk samanheng, kan vi altså snakke om ein norsk pre-sosiolingvistikk før Labov vart aktiv, men verkeleg fotfeste i Noreg fekk sosiolingvistikken først i byrjinga av 1970-åra (Akselberg 1995: 55). Frå 1971 – 1976 vart det gjennomført ei omfattande granskning av Oslo-målet, og denne granskninga fekk namnet *Talemålsundersøkelsen i Oslo* (TAUS) (Hanssen m.fl. 1978). Også i Trondheim og Bergen kom sosiolingvistiske prosjekt etter kvart i gang: *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål* (Fintoft og Mjaavatn 1980) og *Talemål hos ungdom i Bergen* (TUB)<sup>3</sup>. To andre tidlege arbeid som kan nemnast, er Rekdal (1971) si undersøking av innflyttarar (nordmøringer) i Oslo, og Kristoffersen (1980) si undersøking av skuleborn i Arendal. I Noreg som i internasjonal sosiolingvistikk kan vi utover 1990-talet observere ei dreiling vekk frå Labov-inspirerte undersøkingar, som i stor grad var kvantitative. Metoden blir no meir kvalitativ,<sup>4</sup> og vi får ein meir djuptgåande analyse av språkbruken og den sosiale omgivnaden til eit avgrensa tal informantar (Skjekkeland 2000: 13). Brit Mæhlum blir ein viktig representant for denne retninga i Noreg. I 1998 kom det nasjonale paraplyprosjektet *Talemålsendringar i Noreg* (TEIN) i gang, og til dette prosjektet høyrer over 40 hovudfagsavhandlingar og 9 doktorgradsavhandlingar (Gunnstein Akselberg, førelesing, UiB, 27. april 2005). TEIN vart vidareført i *Sosiolingvistisk nettverk* (SONE). Det nyaste store sosiolingvistiske prosjektet i Noreg er *Utviklingsprosesser i urbane språkmiljø* (UPUS), som spesielt ser på etnolektiske urbane språkmiljø.

Som nemnd tidlegare, er det no gått ein generasjon sidan sosiolingvistikken byrja å gjere seg gjeldande som vitskapleg disiplin i Noreg, og vi er derfor i ferd med å innleie ein ny epoke: Vi kan ta til å reise tilbake til stader der talemålet tidlegare er blitt undersøkt og sjå korleis dialekten har endra seg i løpet av den siste generasjonen. Prosjektet mitt går inn i den byrjande rekka av slike oppfølgingsstudiar.

## 1.4 Strukturen i avhandlinga

Teksten er bygd opp av 7 kapittel. Etter dette innleiingskapitlet vil kapittel 2 fungere som eit bakgrunnskapittel, der både bygdene Brattvågen og Hildre, språket i bygdene og dei språklege

<sup>3</sup> Dette prosjektet fekk aldri ein samla skriftleg rapport, men det har kome mindre einskildstudiar i serien *Talemål i Bergen* (1983 – 1988).

<sup>4</sup> Kvantitativ og kvalitativ metode vil bli presentert under 4.3.

variablane vi skal sjå på, blir presenterte. I kapittel 3 vil teoriar knytte til språkleg variasjon og endring bli presenterte. Kapitlet munnar ut i hypotesar om dialekten i Brattvågen og på Hildre. I kapittel 4 blir generell sosiolinguistisk metode presentert, før eg gjer greie for metoden Skaar og eg nyttar i innsamlinga og behandlinga av dataa. I kapittel 5 blir resultata frå innsamlinga mi i 2005 presenterte saman med Skaar sine resultat frå 1982. I kapittel 6, drøftinga, blir resultata frå undersøkinga mi sedde i samanheng med bakgrunnsstoffet om bygdene og språket der, med teorien som vart presentert, og med metoden eg har valt å nytte. Kapittel 7 er eit avslutningskapittel, og her vil eg summere opp og konkludere. I ein eigen del står ulike vedlegg: informasjonsbrev til potensielle informantar, samtalegaid, avkryssingsskjema for samtalen, teikningar i bildetesten, variablar i teikningane, avkryssingsskjema for bildetesten, spørjeskjema, liste med ord i materialet som viser variasjon, og statistikk for alle informantane. Til slutt i avhandlinga står litteraturliste og samandrag av mastergradsavhandlinga.

## **2 Bakgrunn: bygder og språk**

### **2.1 Bygdene Brattvågen og Hildre**

#### **2.1.1 Innleiing: to ulike bygder**

Brattvågen og Hildre er motsetningar på mange måtar: Hildre er ei gamal bygd med lange tradisjonar, medan Brattvågen er ei relativt ny bygd. Brattvågen vart grunnlagd i 1911, og dei første innflyttarane kom frå Hildre (Skjeltene) på grunn av dei gode vilkåra for å byggje mølle og vasskraftverk i Brattvågen. Såleis var Brattvågen heilt frå starten av ei industribygd. Hildre har frå gamalt av vore ei stabil jordbruks- og fiskeribygd, og har heilt sidan Brattvågen kom til, vore nært knytt til tettstaden, i eit periferi-sentrum-forhold på grunn av handel, skule og arbeid.

Før vi går meir inn på ei skildring av ulike forhold i Brattvågen og på Hildre (2.1.3 – 2.1.8), skal vi sjå på kva som kjenneteiknar kommunen som bygdene er ein del av, Haram kommune (2.1.2).<sup>5</sup>

#### **2.1.2 Haram kommune**

Brattvågen og Hildre er nabobygder i Haram kommune i Møre og Romsdal fylke (sjå illustrasjon 2.1). Haram er den nordlegaste kommunen på Sunnmøre, og ligg rett nord for Ålesund kommune og rett sør for romsdalskommunane Misund og Sandøy. Kommunen kan delast inn i eit fastland med mellom anna bygdesentra Vatne, Søvika og kommunesenteret Brattvågen, og ei øygruppe, Nordøyane, med fire store øyar: Løvsøya, Haramsøya, Flemsøya og Fjørtofta. Brattvågen er det største av dei tre bygdesentra og ligg sirka 50 kilometer frå Ålesund sentrum, og sirka 35 kilometer frå Moa, det nye handels- og arbeids- og kommunikasjonssenteret på Sunnmøre (sjå illustrasjon 2.2).

I 1965 vart Brattvågen kommunesenter etter kommunesamanslåinga, og dette gav støyten til bygging av fleire offentlege institusjonar og funksjonar i Brattvågen, og dessutan

---

<sup>5</sup> Avsnittet 2.1 er bygd på informasjon eg har fått i samtalar (i september 2005 og i april 2006) med fem personar i bygdene: ein norsklektor, ein geograf, ein pensjonert butikkeigar, ein forfattar og ein rådgivar innafor jordbruksavdelinga i Haram kommune.

Avsnittet bygger også på dei to lokalhistoriebøkene *Hildrestranda i farne tider* (Hatlehol 1998) og *Brattvåg 90 år. På tross av* (Rørhus 2001), Haram kommune sin kommuneplan (1999), brosjyra *Velkommen til opninga av Haramssenteret* (2006) og dei fire forskingsrapportane frå Møreforsking, Høgskulen i Volda: *Ung i Haram: ungdom og fritidsaktivitetar i Haram kommune* (Båtevik og Olsen 1999), *Haram-modellen. Dokumentasjonsrapport for prosjektet "Haram på kartet"* (Tangen 1999), *Vurdering av funksjonalitet og attraktivitet til sentra Brattvåg, Fiskåbygd og Ulsteinvik* (Amdam m.fl 2000) og *Haram kommune i partnerskap – evaluering av prosjektet Haram på kartet* (Amdam og Tangen 2001).

tilflytting av nye innbyggjarar til å fylle ein veksande kommuneadministrasjon og ymse sørvisfunksjonar i bygda. Det tok likevel nesten 30 år før heile administrasjonen var samla i Brattvågen, men i dag utgjer bygdebyen det administrative og økonomiske knutepunktet i kommunen, sjølv om lokalsentra Vatne, Austnes og Søvika fungerer som sørvis- og handelsstad for dei som bur i småbygdene nær desse stadene (Kommuneplanen 1999: 12). Ein tradisjonell hierarkisk senterstruktur med inndeling i lokalsenter, kommunesenter og regionsenter (Ålesund) er ikkje veldig tydeleg i kommunen; nærliken til Ålesund gjer lokalsentra lite avhengige av kommunesenteret Brattvågen, men *småbygdene* (mellan Anna Hildre) rundt lokalsentra er sjølvsagt *avhengige av lokalsentra*. Hildre ligg mellom tettstadane Brattvågen og Søvika, og omfattar grondene Alvestad, Hildre og Skjeltene (sjå illustrasjon 2.2).


Dei geografiske tilhøva i kommunen er prega av variasjon. Landskapet er eit karakteristisk kystlandskap med eit indre terrenget som har fjellhøgder opp til vel 1000 meter over havet. Den lange kyststripa opnar for sjøbaserte næringar og yrkes- og fritidsfiske, og dei store urørte landområda i kommunen er godt eigna for friluftsliv. Både busetnaden og næringsverksemda i kommunen ligg stort sett på strandflatene.

Haram kommune har 8715 innbyggjarar<sup>6</sup> og er ein av dei største industrikommunane i Møre og Romsdal både når det gjeld sysselsetting, produksjonsverdi og verdiskaping. Kystnæringar og maritim verksemd er dei viktigaste næringsgreinene. Næringslivet i Haram sysselset 3870 personar (1998), og kommunen har dermed eit langt høgare tal sysselsette i ressurs- og industribaserte næringar (primær- og sekundærnæringar) enn fylkes- og landsgjennomsnittet (Kommuneplanen 1999: 9). Dei største hjørnesteinsbedriftene ligg i Brattvågen, og vart opphavleg etablerte av lokale gründarar og eigarar. Mange av desse bedriftene har dei siste åra, frå byrjinga av 1990-talet, gått gjennom endringar på eigarsida, slik at ein del av kontrollen over desse sentrale delane av næringslivet i kommunen har blitt ført ut av kommunen og regionen. Primærnæringane, landbruk og fiske, er framleis sentrale næringar, sjølv om dei ikkje sysselsett så mange som industrien; Haram er ein av dei største fiskerikommunane i fylket (Kommuneplanen 1999: 9).


---

<sup>6</sup> Tal frå SSB (01.01.2005).

## Illustrasjon 2.1 Møre og Romsdal fylke



## Illustrasjon 2.2 Haram kommune



### **2.1.3 Demografi**


Folketalet i kommunen har vore relativt stabilt, men det har kome ein liten nedgang dei siste åra. Tala viser netto utflytting av personar mellom 20 og 49, spesielt kvinner (Kommuneplanen 1999, Tangen 1999 og Amdam m.fl. 2000). Unge flyttar vekk frå Haram kommune for å ta høgare utdanning. (På landsbasis tek sirk 50 % av ungdomskulla utdanning på høgskule- eller universitetsnivå, og fleirtalet av desse er kvinner.) Medan dei er vekke, utviklar dei gjerne nye haldningar, preferansar og forventningar som ikkje går overeins med det lokalmiljøet dei voks opp i. Dei utviklar nye krav og forventningar til både arbeid og fritid og til staden dei skal bu på, og det blir dermed lite attraktivt å komme heim til Haram kommune (Kommuneplanen 1999). Ei undersøking mellom utflytta haramsungdom (Resvoll 1997) viser at nettopp mangel på kulturtilbod er ein av grunnane til at folk ikkje kjem tilbake til Haram for å busette seg, sjølv om halvparten av dei har utdanning som gjer det aktuelt å arbeide i heimekommunen. Ei undersøking gjennomført mellom ungdomsskuleelevar i Haram, (Båtevik og Olsen 1999: *Ung i Haram*) viser at sjølv om det er mykje aktivitet i kommunen, som idrett og korps, og sjølv om dei unge, spesielt gutane, generelt sett er nøgde med heimstaden sin, så saknar svært mange (80 %) ein møtestad der dei kan treffe andre ungdomar, og mange ønskjer seg kino og diskotek. Mange ungdommar har ein sterk utferdstrong, og berre vel 20 % trur dei kjem til å busette seg i Haram etter at dei er ferdige med utdanninga si. Ei anna undersøking (Haram kommune 2003) viser at innbyggjarane generelt sett (unge og vaksne) i Haram har det bra i heimkommunen: 69 % trivst svært godt i bygda si. Naturen og friluftslivet er det folk er mest fornøgde med, medan kino-, konsert- og teatertilboda er det folk er minst fornøgde med.

Kommunen har vore klar over problemet med utflyttinga og den manglande tilflyttinga av unge ei stund, for i kommuneplanen frå 1999 kan vi mellom anna lese at "[h]ovudutfordringa er å utvikle Haram som eit samfunn med moglegheiter for dagens og morgondagens generasjonar. Ungdom og yngre kvinner er peika ut som særskilde målgrupper". Kommunen set seg altså store mål for lokalsamfunnet, og saman med næringslivet og andre aktørar har dei no (2006) bygd eit kulturhus i kommunesenteret Brattvågen. Det er knytt store forventningar til det nye kulturhuset, som har både kinosal, konsert- og teatersal og lydstudio. Målet er å få større trivsel og samhald i kommunen for på denne måten å bli meir attraktiv som bukommune.

Utfordringane nemnde ovafor gjeld kommunen som heilskap. Om vi går tilbake til dei to bygdene Brattvågen og Hildre, ser vi at Brattvågen har 2187 innbyggjarar, medan Hildre

har 535 innbyggjarar (1.1.2005). Illustrasjon 2.3 gir eit bilde av to bygder med svært ulik befolkningsutvikling:

**Illustrasjon 2.3 Folkemengd i Brattvågen og på Hildre 1910 – 2005**



Kjelder: Skaar 1985, Kommuneplanen 1999 og SSB (april 2006).

Som vi ser, har folketalet på Hildre gått litt ned sidan Skaar gjorde si undersøking på 80-talet. Brattvågen, på si side, hadde heilt fram til 1980 tilflytting og vekst i folketalet. Mellom 1980 og 1990 gjekk folketalet litt ned, men frå 1990 til 2005 auka det litt igjen. Ein grunn til at Brattvågen (stort sett) har hatt vekst dei åra bygda har eksistert, er den gode arbeidsmarknaden i bygda. Skaar peikar på at det spesielt på 60-talet var gode tider i Brattvågen, og at industrien på denne tida trond arbeidskraft. Dette ser vi att i illustrasjon 2.3. Ein av grunnane til at folketalet på Hildre ikkje har auka, er nok at der har vore få arbeidsplassar utanom gardsdrift. Som på andre små stader i landet, går folketalet ned på

Hildre: Over heile landet har folk ein tendens til å søkje innover mot tettstader og byar, og utkantane blir fråflytta.

Statistikken (Kommuneplanen 1999: 6) viser at bygdene har eit overskot på menn, sannsynlegvis på grunn av dei mange arbeidsplassane for menn i industrien. Bygdene har hatt få kvinnearbeidsplassar sett i høve til arbeidsplassane for menn, og dette har gjerne ført til at kvinner i mindre grad enn menn har funne det attraktivt å bu i bygdene (Rørhus 2001 og munnleg opplysning april 2006). Tradisjonelt sett har kvinneyrka i bygdene for det meste vore prega av ufaglært arbeid, som fabrikkarbeid knytt til fiskerinæringa i kommunen. I dag er mange kvinner tilsette i kommunen; heile 80 % av dei 700 kommunalt tilsette er kvinner (Kommuneplanen 1999: 9).

I ei industribygd som Brattvågen er det naturleg at det er ein del innflyttarar, og dette legg Skaar (1985) vekt på i si avhandling. På grunnlag av opplysningar som Brattvåg Sognenemd samla inn om kvar innflyttarane kom frå inntil 1951, utarbeidde Skaar denne tabellen, som i alt omfattar 170 innflyttarar:

**Illustrasjon 2.4 Innflyttarar i Brattvågen inntil 1951 etter geografisk opphav**

Innflyttarane sitt opphav	Prosent / tal
Haram	54,9 % (93)
Bygder på Nordre Sunnmøre	7,1 % (12)
Ålesund	4,7 % (8)
Søre Sunnmøre	10 % (17)
Romsdal	7,6 % (13)
Sogn og Fjordane	3,5 % (6)
Bergen	1,2 % (2)
Rogaland	0,6 % (1)
Vest-Agder	0,6 % (1)
Hedmark	0,6 % (1)
Trondheim	0,6 % (1)
Nordland / Troms	2,4 % (4)
Uspesifiserte	3,5 % (6)
Utlandet *	2,9 % (5)

\* Fire av desse er personar som er vende tilbake frå USA, men som har opphav i Haram.

Som vi ser kom 76,5 % av innflyttarane frå andre stader på Sunnmøre, og talet på fjerninnflyttarar (innflyttarar frå andre fylke) var lågt: 9,5 %. Innflyttarane var altså stort sett sunnmøringer, og dette kan ha prega språket i bygda. Ifølgje Skaar (1985: 16) auka fjerninnflyttinga ein god del utover 60-, 70- og 80-talet, sjølv om han ikkje kan stadfeste dette med statistiske data. Statistikk frå dei siste ti åra viser ein auke i fjerninnflytting: I åra 1995 – 2005 kom litt over 20 % av innflyttarane til bygdene frå andre delar av landet, og sirk 10 % kom frå utlandet:

## **Illustrasjon 2.5 Innflyttarar til Brattvågen og Hildre 1995 – 2005**

Innflyttarane sitt opphav	Prosent / tal <b>Brattvågen</b>	Prosent / tal <b>Hildre</b>
Møre og Romsdal	67 % (928)	72 % (190)
Resten av landet	23 % (318)	21 % (55)
Utlanet	10 % (143)	7 % (18)

Kjelde: EDB Infobank (2006).

Regional flyttestatistikk frå perioden 1980 – 1996 viser at Haram kommune taper i kampen om personar som flyttar innafor distriktet. Det er langt større utflytting frå Haram til nabokommunane enn det er innflytting til Haram frå omkringliggende kommunar. Statistikken viser at mange finn nabokommunane, spesielt Ålesund og Skodje, attraktive (Kommuneplanen 1999: 8). I Møre og Romsdal fylke står Ålesund kommune åleine for halvparten av folketalsveksten; innflyttarane har sidan 1990-talet strøymt til Ålesund kommune frå nabokommunane. Ein av grunnane til det kan vere at folk i løpet av dei siste tiåra i større grad enn tidlegare ser på dagleg pendling som ein heilt vanleg og akseptert del av tilværet. Spesielt *unge* folk vil gjerne bu bynært, og så heller køyre *ut* i distriktet på arbeid. Dette gjeld folk frå heile regionen, også haramsbuarar.

### **2.1.4 Bumønster og sosial struktur**

Dei første tiåra Brattvågen eksisterte, busette folk seg spreidd langs sjøen i bygda, men som Skaar (1985: 19) peikar på, sette det raske utbyggingstempoet i Brattvågen grenser for vidare utbygging i det som vart sentrumsregionen. Nye bustadfelt, det første i slutten av 60-åra, vart plasserte i landskapet kring sentrum. På denne måten vart avstanden mellom generasjonane større: Dei eldre budde i sentrum og dei yngre i bustadsentra rundt sentrum. Slik var situasjonen då Skaar gjorde si undersøking. Bustrukturen var slik at folk budde i dei same husa heile livet, men frå slutten av 1990-talet fekk vi eit nytt bumønster i bygda. Då vart det bygd fleire nye leilegheitskompleks og omsorgsbustader rundt omkring i Brattvågen, og mange eldre har selt husa sine i sentrum for å flytte til desse nye husværa. Yngre folk har tatt over husa til dei gamle, og no er det derfor igjen ein del yngre folk som bur i sentrum. Med åra har det altså blitt meir flytting innafor tettstaden, men busetnaden er framleis tydeleg alderssegregert.

På Hildre har busetnaden tradisjonelt sett vore godt spreidd utover frå Alvestad til Skjeltene, gjerne fleire generasjonar nær kvarandre. Folk bur framleis spreidd, med unntak av

eit par bustadfelt som liknar på dei vi finn i Brattvågen. Bustadfelta, som kom på 1970- og 80-talet, førte til at også Hildre-samfunnet vart (delvis) alderssegregert.

Mens vi altså finn visse samanhengar mellom *alder* og busetnad, er både Brattvågen og Hildre bygdesamfunn utan merkbare sosiale skilje. I Brattvågen er det liten eller ingen samanheng mellom busetnad og *yrke* (Skaar 1985), mens det på Hildre er ein viss samanheng: Naturleg nok bur dei som driv med jordbruk, ikkje i bustadfelta, men spreidd utover bygda.

### **2.1.5 Næringsstruktur**

Som nemnt er Brattvågen først og fremst ein industristad, men handels- og sørvisnæringane er også viktige for bygda. Sjølv om det også finst nokre få gardsbruk i utkantane av Brattvågen, er Hildre i mykje større grad prega av jordbruket. På Hildre er det like stor produksjon og arealbruk no som på 1980-talet, sjølv om talet på bruk og gardbrukarar har minka. Mange gardsbruk er anten lagde ned eller blitt slått saman med andre gardsbruk, og dei fleste bøndene er deltidsbønder, med anna arbeid ved sida av. På 1980-talet dreiv dobbelt så mange med jordbruk på Hildre som i 2005, men også den gongen var mange deltidsbønder, noko Skaar (1985: 19) peikar på. Mange av hildrestrandningane arbeider i Brattvågen eller i Søvika; på sjølve Hildre er det liten industri, men Mørenot må nemnast, som ei viktig bedrift for bygda.

### **2.1.6 Skular**

Både Brattvågen og Hildre har barneskule, sjølv om hildrestrandningane dei siste åra har vore nøydde til å kjempe for å få behalde skulen sin; politikarane vil ha ungane på Hildre til barneskulen i Brattvågen for å spare pengar. Likevel har altså begge bygdene fram til no hatt ein skulestruktur som har blitt tatt vare på, og dette kan medverke til ei lokal identitetskjensle i bygdene. Brattvågen har dessutan både ungdomsskule og vidaregåande skule; desse vart bygde i første halvdelen av 1970-talet. Dei unge hildrestrandningane går på ungdomsskulen i Brattvågen, og dei fleste frå Hildre pendlar til Brattvågen om dei ønskjer å gå på vidaregåande skule. Den vidaregåande skulen har både allmennfagleg linje og yrkesfaglege linjer. Med omlegginga til nårig obligatorisk skule og opprettinga av ungdomsskulen, auka samhandlinga mellom unge brattvågarar og hildrestrandningar. Gjennom ungdomsskulen blir dei unge brattvågarane og hildrestrandningane kjende med kvarandre, og dette opnar også opp for samvær på fritida. Dei siste åra har dessutan fritidstilboda for unge på Hildre blitt därlegare, noko som har ført til at hildrestrandningane i større grad er med på organiserte aktivitetar saman med tettstadungdomen.

## **2.1.7 Mobilitet**

Mobiliteten i kommunen har auka enormt dei siste 20 åra (Kommuneplanen 1999: 17). Skaar legg vekt på stor grad av arbeids- og handelspendling *innafor* kommunen. På 1980-talet, då Skaar gjorde si undersøking, var det framleis daglegvarebutikk på Hildre, men denne vart nedlagd for om lag ti år sidan. Dette har ført til at hildrestrandningane i endå større grad enn på 1980-talet er avhengige av dei tilboda som finst i bygdene rundt Hildre, og handelspendlinga har derfor auka. Arbeidspendlinga Skaar skildrar på 1980-talet, er annleis enn den vi har no. No er det stor arbeidspendling *både inn og ut av* kommunen. I 1997 pendla nærare 750 personar ut av kommunen og 450 inn til kommunen, og i dag er desse tala sannsynlegvis ein del høgare. Bedriftene i Brattvågen har 50 % pendlarar. Vi bur ikkje lenger nødvendigvis der vi arbeider, og vi kan kanskje derfor seie at nærsamfunnet er blitt geografisk utvida dei siste tiåra. Sjølv om industrien har vakse, ser vi ikkje dette tilsvarannde att i folketalsauken. Ein av grunnane til det er nettopp at mange av arbeidarane ikkje bur i Brattvågen, men pendlar til bygda. Fleire av leiarane i bedriftene og dei kommunalt tilsette i Brattvågen bur i Spjelkavik- og Moa-området, dvs. i Ålesund kommune. Vi har dessutan hatt ein betydeleg auke i handels- og fritidspendling både mellom brattvågarar og hildrestrandningar. Handelslekkasjen til Ålesund og Moa-området er stor; mange frå Hildre og Brattvågen reiser hit på grunn av eit stort vareutval, og kontakten med Ålesund har derfor auka i løpet av dei siste 20 åra (Amdam m.fl. 2000: 14).

Alle aldersgruppene er ikkje like mykje i bykjernen av Ålesund og i Moa-området. Mitt inntrykk er at både ungar, tenåringar og eldre menneske er mindre utafor bygdene enn befolkninga midt mellom dei heilt unge og dei eldre. Dette kan mellom anna ha samanheng med at ungar, tenåringar og eldre gjerne ikkje har bil (og sertifikat). At unge ikkje er så mykje i sjølve bykjernen eller på Moa, kjem også fram av Ung i Haram-undersøkinga (Båtevik og Olsen 1999: 70): ”Det er [...] lite som tyder på at byen spelar noka vesentleg rolle for fritidsaktiviteten mellom ungdom i alderen 13 – 16 år. Byturane er relativt sporadiske.” Av undersøkinga kjem det fram at over halvparten av ungdommen frå 13 – 16 år er i bykjernen eller i Moa-området sjeldnare enn kvar fjortande dag.

## **2.1.8 Oppsummering**

I 2.1 har vi sett at bygdene Brattvågen og Hildre er historisk, demografisk og sosialt ulike, men at dei er nært knytte til kvarandre gjennom arbeid, handel og fritid. Det er ting som tyder på at dei er endå meir samanknytte no enn for nokre tiår sidan. Mobiliteten bygdene imellom

og mellom bygdene og Ålesund har auka dei siste tiåra. Det er naturleg å sjå dei to bygdene og Ålesund innafor ein sentrum-periferi-modell, der Ålesund representerer regionssentrum, og Hildre periferien, og der kommunesenteret Brattvågen kan plasserast ein stad mellom sentrumet og periferien. Folketalet på Hildre har gått litt ned. Brattvågen, som i løpet av dei første 70 åra bygda eksisterte, hadde ein sterk vekst i folketalet, er folketalsmessig blitt meir stabilt sidan 1980-talet, sjølv om ein liten auke framleis er til stades. Generelt sett trivst brattvågarane og hildrestrandane godt i heimbygdene sine.

## 2.2 Språket i bygdene

### 2.2.1 Innleiing: språk og dialekt

Det er ikkje berre lingvistiske forhold som avgjer om vi har med eit språk eller ein dialekt å gjere, også politiske, geografiske, historiske, sosiologiske og kulturelle aspekt er med på å avgjere det (Røyneland 2003a: 14). Vi kan rekne norsk som eitt språk, og vi kan dele det inn i ulike dialektar. Om vi har eit språkhistorisk og vidare geografisk perspektiv, kan vi også snakke om skandinavisk som eitt språk, og så dele skandinavisk inn i dei ulike dialektane norsk, svensk og dansk. Omgrepa ‘språk’ og ‘dialekt’ er altså *operasjonelle* omgrep, dvs. omgrep som kan tilpassast brukssituasjonen, og det er vanleg å sjå på ‘dialekt’ som ei undergrein av ‘språk’. Ei vanleg forståing av dialektomgrepet er at ein ‘dialekt’ er ein varietet som blir tala innafor eit visst *geografisk* område, og vi kan bruke ‘dialekt’ både om språket i eit lite og eit stort område, om språket til få og til mange. Dermed kan ein snakke om brattvågdialekt, sunnmørsdialekt, mørdedialekt og vestlandsdialekt alt etter samanhengen og formålet (Sandøy 1996: 19 – 23). I *Språkmøte* blir ‘dialekt’ definert på ein vidare måte enn det som har med geografi å gjere: ”Ein dialekt er ein geografisk, sosial eller etnisk varietet som i seg sjølv utgjer eit komplett språksystem” (Røyneland 2003a: 22). ‘Dialekt’ blir altså eit samleomgrep for *geolektar*, *sosiolektar* og *etnolektar*. Vi snakkar om ein geolekt når vi vil fokusere på at det er geografisk åtskilte grupper vi er interesserte i (Sandøy 1996: 22). Den variasjonen vi finn i eitt og same område, avhengig av sosiale grupperingar eller sosiale brukssituasjonar, kallar vi sosiolekt, og ein varietet av språket som er knytt til ei eller fleire etniske grupper, kallar vi etnolekt (Røyneland 2003a: 22). Ein enkelperson har også sitt eige språk, og dette kallar vi *idiolekt* (Sandøy 1996: 22). ‘Varietet’ vart nemnd ovafor, og dette omgrepet kan vi nytte om vi ikkje kan eller vil avklare om det er snakk om språk eller dialekt (Røyneland 2003a: 14).

Korleis skal vi så definere den språkelege varieteten som eksisterer i Brattvågen og på Hildre? Er dette eit språk eller ein dialekt? Og kan vi snakke om to ulike dialektar eller éin felles dialekt i dei to bygdene? Sett i forhold til den språkelege varieteten på Hildre er det blitt sagt om varieteten i Brattvågen at "[i]nnflyttarmåla har ført til at det er uråd å snakke om ein einsarta dialekt i Brattvågen – jamvel hjå dei som er fødde og oppvaksne der" (Stene 1980: 11). Dette vil eg ta stilling til etter at resultata frå talemålsundersøkinga mi er lagde fram, og etter at eg har spurt informantane sjølve korleis dei opplever den språkelege røyndomen dei lever i (jamfør Skolseg 2000: 158).<sup>7</sup> Men førebels vel eg å sjå på den språkelege varieteten i dei to bygdene som *ein felles dialekt*, ein geolekt, sjølv om eg ventar å finne nokre forskjellar mellom språkbruken på dei to stadene, mellom individua og hos kvart enkelt individ. Dette er også Skaar sitt utgangspunkt. Språk og dialekt vil bli brukte om kvarande i dette arbeidet.

I dette underkapitlet, 2.2, skal vi sjå på språket i Brattvågen og på Hildre. Vi skal snirkle oss inn mot undersøkingsobjektet via ein liten presentasjon av kva for målføre som finst i Møre og Romsdal fylke (2.2.2) og på Sunnmøre (2.2.3). Vi skal dessutan sjå kva for større arbeid som finst om sunnmørsmålet (2.2.3). Deretter skal eg presentere ei kort grammatikkssisse for talemålet i Brattvågen og på Hildre (2.2.4), og til slutt skal vi sjå kva for skriftspråk som er i bruk i bygdene (2.2.5).

### **2.2.2 Målføra i Møre og Romsdal**

Målføra i vestlandsfylket Møre og Romsdal kan grovt delast inn i tre: *nordmørsdialekt*, *romsdalsdialekt* og *sunnmørsdialekt*. Nordmørsdialekten blir rekna som ein av dei trønderske dialektane, ifølgje *Den store dialektboka* (Dalen 1990: 119), trass i at Nordmøre høyrer med til Møre og Romsdal fylke. Romsdalsdialekten og sunnmørsdialekten blir på si side begge rekna som nordvestlandske dialektar saman med fjordmålet (dialektane i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn) (Sandøy 1990: 69). I vår samanheng er det det nordvestlandske *sunnmørsmålet* som er studieobjektet.

### **2.2.3 Sunnmørsmålet**

Allereie på midten av 1800-talet laga Ivar Aasen ei eiga oversikt over sunnmørsmålet: *Søndmørsk Grammatik eller kortfattet Underretning om Bygdemaalet paa Søndmør* (1851) (Bondevik m.fl. 1992). Når det gjeld nyare arbeid om sunnmørsk, er det fleire hovudfagsstudentar som har skrive om dialekten. Målet på mellom andre desse stadene har

---

<sup>7</sup> Innom folkelingvistikken, som granskar ikkje-lingvistar si vurdering av språk og språkleg variasjon, er nettopp vanlege folk sine oppfatningar om språket eit viktig poeng (jamfør Preston 2002 og Gjerdevik 2005).

blitt skildra: Borgund (Våge 1947), Ørsta (Olbjørn Øyehaug 1972), Sula (Eikrem 1978), Ålesund (Aarsæther 1984), Giske, Godøy og Alnes (Tunheim 1990), Herøy (Goksøyr 1980, Abrahamsen 1995, Frøystadvåg 1997) og Herøy, Ulstein, Hareid og Sande (Sævik 2000).

Elles har Hoff (1978) laga ei oversikt over sunnmørsmålet, basert på den upubliserte hovudfagsavhandlinga til Våge (1947). Hoff deler sunnmørsdialekten inn i tre undergrupper: *ytre nordre sunnmørsk*, *indre nordre sunnmørsk* og *søre sunnmørsk*. I tillegg kjem *Ålesund bymål*, som skil seg fra desse tre undergruppene av sunnmørsk ved mange språktrekk. Brattvågen og Hildre ligg i ytre strøk av nordre Sunnmøre, og målet i bygdene kan altså karakterisert som ytre nordre sunnmørsk.

Det målet Hoff skildra, skil seg likevel fra det lokale talemålet vi finn mellom eldre brattvågarar og hildrestrandinger. Dette viser Stene (1980) i si hovudfagsavhandling om stadnamn på Hildre. Stene innleiar avhandlinga si med ei utgreiing på heile 50 sider om foneminventaret og deler av morfologien i språket på Hildre og i Brattvågen. I det følgjande skal eg gi ei skildring av dette lokale ytre nordre sunnmørsmålet.

#### **2.2.4 Grammatikkssisse for talemålet i Brattvågen og på Hildre**

I Brattvågen og på Hildre har det ikkje eksistert eit ”högare talemål” eller eit eige talemål for ei sosial overklasse i bygdene, slik vi finn eksempel på andre stader i Noreg (og i Ålesund by<sup>8</sup>). Dette har nok samanheng med at det har vore små sosiale skilnader mellom folk i bygdene (jamfør 2.1.4). Trass i dei små sosiale skilnadene finst det likevel tydeleg språkleg *variasjon* i dialekten i Brattvågen og på Hildre. I det følgjande skal eg likevel skildre dialekten som heilskap; eg skal *generalisere*, og snakke om språket på gruppenivå (Sandøy 1996: 23). Målet med den korte grammatikkssissa nedafor er å gi ei referanseramme for dei som ønskjer å sjå dei språklege variablane i ein større grammatiske samanheng.

Når vi skal seie noko om *endringar* i eit talemål, er det ein fordel å ha ei oversikt over *det tradisjonelle målet* som *referansepunkt*. Når eg skildrar språket i dei utvalde bygdene, tek eg utgangspunkt i Hoff (1978) og Stene (1980) sine oversikter over målet på respektive ytre nordre Sunnmøre og Hildre/Brattvågen. Hoff viser det *tradisjonelle* talemålet, den varianten av dialekten dei eldste i bygdene snakkar. Som resultata frå undersøkinga til Skaar viser, eksisterer det også ein del yngre språkformer i dialekten. Dette nemner Stene i si avhandling, allereie før Skaar gjør si undersøking, og han peikar på at desse nye språkdraga er meir

---

<sup>8</sup> Jamfør Aarsæther (1984): Dei eldre høgstatusinformantane snakkar eit språk med kompromissformer, eller mellomløysingar, mellom standard- og dialektformer.

utbreidde i Brattvågen enn på Hildre (jamfør 2.2.1). Men førebels tek eg altså ikkje omsyn til desse nye språkdraga.

Ved hjelp av den følgjande grammatikkskissa skal vi sette oss inn i sentrale kategoriar i det tradisjonelle målet i Brattvågen og på Hildre: Først skal vi sjå på lydverket i dialekten (2.3.4.1), og deretter følgjer ei kort oversikt over tonelag og trykk i dialekten (2.3.4.2). Til slutt skal vi sjå på delar av morfologien i talemålet i bygdene (2.3.4.3).

## 2.2.4.1 Lydverket

Lydverket eller fonologien beskriv dei minste byggjeklossane i ein dialekt, dvs. *fonema*, og *reglane* for korleis fonema blir sette saman til ord (Sandøy 1996: 27). Eit fonem blir definert som ”ei minste tydingskiljande lydeining i språket” (Sandøy 1996: 28). Med *lydeining* forstår vi einingar som ikkje sjølve har tydingsinnhald, men som er med og byggjer opp tydingsberande orddelar og ord. Verken bokstavane *b*, *o*, *k* og *a* eller lydane /b/, /o/, /k/ og /a/ har tyding kvar for seg, men om dei blir stilte saman, dannar dei bunden form av substantivet *bok*. Den konkrete uttalen av eit fonem kallar vi ein *allofon*. Reglane for korleis fonema kan stillast saman, kva uttale allofonane får, og andre lydlege forhold som pregar uttalen, blir kalla *fonologiske reglar*, og er ulike frå dialekt til dialekt (Kulbrandstad 1998: 3). Desse generelle fonologiske reglane refererer berre til lydlege omgivnader, og dei verkar *alltid* om vilkåret om *lydomgivnader* er oppfylt. Men fonologiske reglar kan også vise til bestemte *morfologiske omgivnader*, og desse blir kalla *morfofonologiske* reglar. Dei morfofonologiske reglane har meir avgrensa verkeområde enn dei generelle fonologiske reglane (Sandøy 1996: 57). I det følgjande skal vi først sjå på foneminventaret i dialekten i Brattvågen og på Hildre, og deretter skal vi sjå kva for fonologiske reglar som finst i dialekten.

### 2.2.4.1.1 Foneminventaret

Språket på Sunnmøre er kjent for å ha mange vokalfonem: ”Språkhistorisk er noko av det mest interessante med sunnmørsk alle vokalnyansane” (Sandøy 1990: 71), og Hoff reknar med elleve vokalar for ytre nordre sunnmørsk og endå fleire for søre sunnmørsk. Dette er annleis i dialekten i Brattvågen og på Hildre. Dei elleve vokalane Hoff skildrar, er reduserte til desse ni vokalfonema<sup>9</sup> i den lokale dialekten:

---

<sup>9</sup> Noteringsmåten for vokalane er i samsvar med Sandøy 1996.

## Illustrasjon 2.6 Vokalane i det tradisjonelle målet

	Fremre		Midtre	Bakre
	- runda	+ runda		
Høg	i	y	ʉ	ʊ
Mellomhøg	e	ø		ɔ
Låg	ɛ			a

Dialekten har desse diftongane:

/au/ - i for eksempel /<sup>1</sup>dau/ 'død' og /<sup>1</sup>haud/ 'hovud'

/ei/ - i for eksempel /<sup>1</sup>dəi/ 'deg', andre person eintal personleg pronomen

/ai/ - i for eksempel /<sup>1</sup>dai/ 'dei', tredje person fleirtal personleg pronomen, og /<sup>1</sup>sai/ 'sei'

/ɛu/ - i svarordet /<sup>1</sup>jɛu/ 'jo', svarordet

/øy/ - i for eksempel /<sup>2</sup>trøyə/ 'trøye'

Dialekten har desse konsonantfonema:

## Illustrasjon 2.7 Konsonantane i det tradisjonelle målet

	Labial	Alveolar	Postalveolar	Palatal	Velar	Glottal
Plosivar	p / b	t / d			k / g	
Affrikatar				ç / j		
Frikativar	f / v	s /	ʃ /	/j		h /
Nasalar	/m	/n		/ŋ	/ɳ	
Lat. appr.		/l		/ʎ		
Trill			/r			

Vi ser altså at den tradisjonelle dialekten i Brattvågen og på Hildre har 9 vokalfonem, 5 diftongar og 20 konsonantfonem. Men oversikta ovafor seier ikkje alt om korleis dei ulike fonema blir uttalt. I dialekten i Brattvågen og på Hildre finst det som i andre norske dialektar ein del regelfaste skiftingar for uttalen av fonema.

### 2.2.4.1.2 Fonologiske reglar

Dialekten har 6 generelle fonologiske reglar, og 1 morfofonologisk regel. Formuleringa av reglane og eksempla er henta frå Tunheim (1990). Sidan denne etableringa av ei grammatikkssisse ikkje er hovudpoenget i avhandlinga, men meir ein del av bakgrunnsteppet for ho, kjem eg ikkje til å kommentere og forklare dei fonologiske reglane nærmare.

F1. /e/ går til /ɛ/ når han er kort og ikkje står framom palatal:

/<sup>1</sup>tre:/ (inf.) mot /<sup>2</sup>trede/ (pret.)

/<sup>2</sup>brene/ (inf.) mot /<sup>2</sup>brende/ (pret.)

F2. /g/ og /v/ blir til /k/ og /f/ framom den ustemte konsonanten /t/:

- /<sup>2</sup>lege/ (inf.) mot /<sup>1</sup>lakt/ (perf. part.)  
/<sup>2</sup>ø:ve/ (inf.) mot /<sup>1</sup>øft/ (perf. part.)

F3. /n/ går til /ŋ/ framom /g/ og /k/:

- /<sup>1</sup>hand/ (f.) mot /<sup>2</sup>hangrana:t/ (m.)  
/<sup>1</sup>ronde/ (adj.) mot /<sup>1</sup>ruŋkast/ (n.)

F4. /ŋ/ går til /ŋ/ og /l/ til /ʎ/ framom /cç/ og /j̊:/

- /<sup>1</sup>stɔŋg/ (f.) mot /<sup>1</sup>stɔŋj̊a/ (f.b.f.)  
/<sup>1</sup>følk/ (n.pl.) mot /<sup>1</sup>føλcçɑ/ (n. pl. b. f.)

F5. /ŋ/ går til /n/ framom /d/:

- /<sup>2</sup>cçene/ (inf.) mot /<sup>2</sup>cçende/ (pret.)  
/<sup>2</sup>brene/ (inf.) mot /<sup>2</sup>brende/ (pret.)

F6.

a) Dei trykklette endingsmorfema /iŋ/ og /iŋe/ blir til /n/ og /ne/ etter /t, d, s, l, n, r/, vokal og diftong, som i:

- /<sup>1</sup>sta:vijn/ mot /<sup>1</sup>fu:tŋ, <sup>1</sup>kladn, <sup>2</sup>pø:sŋ, <sup>1</sup>sa:lŋ, <sup>1</sup>sɔ:n, <sup>1</sup>bro:rŋ, <sup>1</sup>ʃø:n, <sup>1</sup>stei:n/ (m. sg. b. f.)  
/<sup>1</sup>gra:vine/ mot /<sup>2</sup>tantne/ (f. dat. sg. b. f.)  
/<sup>2</sup>tabine/ mot /<sup>1</sup>rø:tne, <sup>2</sup>hy:sne, <sup>2</sup>fi:lne/ (f. nom. pl. b. f.)  
/<sup>2</sup>ga:pip/ mot /<sup>2</sup>fo:lŋ, <sup>2</sup>ve:sŋ, <sup>2</sup>tø:lŋ/ (adj. m)  
/<sup>2</sup>kɔ:minj/ mot /<sup>2</sup>sle:tŋ, <sup>2</sup>sløi:n/ (p. part. m.)

b) Står /ŋ/ og /ʎ/ framom /iŋ/, blir rotvokalen forlengd og /niŋ/ blir til stavingsberande /ŋ/ og /ʎiŋ/ til /ʎŋ/:

- /<sup>1</sup>map/ (m.) mot /<sup>1</sup>ma:jŋ/ (b.f.sg.)  
/<sup>2</sup>fune/ (perf. part.) mot /<sup>2</sup>fu:jŋ/ (perf. part. m.)  
/<sup>1</sup>baʎ/ (m.) mot /<sup>1</sup>ba:ʎŋ/ (b.f.sg.)

Mf1. Veksling mellom velar og palatal konsonantisme: /k/ - /cç/, /g/ - /j̊/, /g/ - /j̊:/ i desse morfologiske kategoriane:

a) Subst:

- Mask. sterke sg.b.f.: /<sup>1</sup>mak/ mot /<sup>1</sup>macçijŋ/  
svake sg.: /<sup>2</sup>bacçe/ - /<sup>2</sup>bacçijŋ/ mot /<sup>2</sup>baka/  
er-kl.pl.: /<sup>1</sup>ryg/ mot /<sup>2</sup>ryj̊je/  
Fem. sterke sg.b.f.: /<sup>1</sup>tɔŋg/ mot /<sup>1</sup>tɔŋj̊a/, /<sup>1</sup>vi:k/ mot /<sup>1</sup>vi:cçɑ/  
er-kl.pl.: /<sup>1</sup>sørg/ mot /<sup>2</sup>sørje/  
Nøytr. sterke sg.b.f.: /<sup>1</sup>følk/ mot /<sup>1</sup>føλcçe/  
sterke pl.b.f.: /<sup>1</sup>ta:k/ mot /<sup>1</sup>ta:cçɑ/

b) Adj. og perf. part. av sterke verb med /iŋ/ i eintal:

/<sup>2</sup>na:kne/ mot /<sup>2</sup>na:cçijn, <sup>2</sup>na:cçä, <sup>2</sup>na:cçe/  
/<sup>2</sup>stökne/ mot /<sup>2</sup>stöcçijn, <sup>2</sup>stöcçä, <sup>2</sup>stöcçe/

### 2.2.4.2 Tonelag og trykk

Fonema vi såg på ovafor er *segment*, delar som kjem etter kvarandre når vi snakkar. Ord som har den same segmentrekkefølgja, kan ha ulik tyding, og dette kan bli markert ved hjelp av det vi kallar *suprasegmentale trekk* i dialekten: tonelag og trykk. Dialekten har, som dei fleste andre norske talemål, motsetning mellom to *tonelag*: tonelag 1 og tonelag 2, og eg nyttar teikna /<sup>1</sup>/ og /<sup>2</sup>/ til å merke respektive tonelag 1 og tonelag 2 (jamfør Slethei 1996: 108). Tonelaga har fonemstatus ettersom dei har ein tydingsskiljande funksjon, og den fonetiske opposisjonen mellom tonelaga kan visast med desse minimale para: /<sup>1</sup>stu:pe/ (substantivet *stup* i bestemt form eintal) og /<sup>2</sup>stu:pe/ (verbet *stuge* i infinitiv), og /<sup>1</sup>hende/ (substantivet *hand* i plural bestemt form) og /<sup>2</sup>hende/ (verbet *hende* i preteritum).

I norsk har vi berre eitt hovudtrykk i kvar ordform, og dei andre stavingane har anten bitrykk eller ikkje trykk i det heile. Som i norsk generelt realiserer berre dei stavingane som har hovudtrykk, tonelaga, så markeringa av tonelaget blir samtidig eit uttrykk for kvar hovudtrykket ligg. Bitrykk blir ikkje merkt i denne avhandlinga.<sup>10</sup>

### 2.2.4.3 Morfologi

Oversynet over morfologien i dialekten er knapp, berre dei største klassane er med: Dei sterke verba blir til for eksempel viste i ei samla klasse (jamfør Sandøy 1996).

#### 2.2.4.3.1 Substantiv

Illustrasjon 2.8 a) viser bøyingsmønsteret for nemneform, og illustrasjon 2.8 b) viser *overflateforma*, forma orda får etter at dei fonologiske reglane har verka, til nokre ord som høyrer til dei ulike klassene. Bøying i dativ blir vist i illustrasjon 2.9.

---

<sup>10</sup> Avsnittet er basert på Sandøy (1996: 34ff.), (Slethei 1996: 107f.) og (Stene 1980: 21f.).

**Illustrasjon 2.8 a) Mønster for substantivbøyingen i det tradisjonelle målet. Nemneform**

Kjønn	Klasse		u.eintal	b.eintal	u.fleirtal	b.fleirtal
Maskulin	Sterke	a-kl.	-	-ijn	-a	-qne
		omlyds-kl.	-	-ijn	-e	-qne
		e-kl.	-	-ijn	-e	-qne
	Svake		-e	-ijn	-a	-qne
Feminin	Sterke	1. a-kl.	-	-a	-a	-qne
		2. a-kl.	-	-na	-a	-qne
		e-kl.	-	-a	-e	-jne
	Svake		-	-o	-e	-jne
Nøytrum	Sterke	1	-	-e	-	-a
		2	-	-e	-	-na
	Svake		-e	-e	-e	-a

**Illustrasjon 2.8 b) Eksempel på substantivbøyingen i det tradisjonelle målet. Nemneform**

Kjønn	Klasse		u.eintal	b.eintal	u.fleirtal	b.fleirtal
Maskulin	Sterke	a-kl.	sta:v	<sup>1</sup> sta:vijn	<sup>2</sup> sta:va	<sup>2</sup> sta:vajne
			ʃø:	<sup>1</sup> ʃø:n	<sup>2</sup> ʃø:a	<sup>2</sup> ʃø:qne
			fø:t	<sup>1</sup> fø:tŋ	<sup>1</sup> fø:te	<sup>1</sup> fø:tne
		e-kl.	gri:s	<sup>1</sup> gri:sŋ	<sup>2</sup> gri:se	<sup>2</sup> gri:sqne
	Svake		sta:cçe	<sup>2</sup> sta:cçijn	<sup>2</sup> sta:ka	<sup>2</sup> sta:kajne
			mɔ:se	<sup>2</sup> mɔ:sŋ	<sup>2</sup> mɔ:sa	<sup>2</sup> mɔ:sqne
	Feminin	1. a-kl.	<sup>2</sup> cçe:ring	<sup>2</sup> cçe:rijŋja	<sup>2</sup> cçe:ringa	<sup>2</sup> cçe:ringqne
			øy:	<sup>1</sup> øy:na	<sup>2</sup> øy:a	<sup>2</sup> øy:qne
			sørg	<sup>1</sup> sørja	<sup>2</sup> sørje	<sup>2</sup> sørjine
		ti:	<sup>1</sup> ti:a	<sup>2</sup> ti:e	<sup>2</sup> ti:ne	
Nøytrum	Sterke	2. a-kl.	<sup>2</sup> hø:le	<sup>2</sup> hø:lɔ	<sup>2</sup> hø:le	<sup>2</sup> hø:lne
			<sup>2</sup> vi:ke	<sup>2</sup> vi:kɔ	<sup>2</sup> vi:ke	<sup>2</sup> vi:kjne
	Svake	1	fjεy	<sup>1</sup> fjεyɛ	fjεy	<sup>1</sup> fjεya
		2	stro:	<sup>1</sup> stro:c	stro:	<sup>1</sup> stro:na
	Svake		<sup>2</sup> ɛple	<sup>2</sup> ɛple	<sup>2</sup> ɛple	<sup>2</sup> ɛpla

### Illustrasjon 2.9 Substantivbøyingen i det tradisjonelle målet. Dativ<sup>11</sup>

	Klasse		Ending	Merknad	Eksempel
Eintal	m.	Sterke	-a		haŋ e: pɔ <sup>2</sup> ga:ra
			-nɔ	Etter utlydande stamme-vokal	kɔm me <sup>2</sup> ɛi:ne <sup>1</sup> sku:nɔ
		Svake	-ɔ		<sup>1</sup> lɔ:ke i <sup>2</sup> nacɔ
	f.	Sterke	-jne	Etter gno. /g k j m f/	hu <sup>1</sup> stend <sup>1</sup> attom <sup>1</sup> nø:vjne
			(-ne)		he:r i <sup>1</sup> bygdne
		Svake	-jne	Etter gno. /g k j m f/	mett i <sup>2</sup> vi:kjne
			(-ne)		op i <sup>2</sup> gry:tne
	n.	Sterke	-a		dei e pɔ <sup>2</sup> fje:ka
			-nɔ	Etter utlydande stamme-vokal	haŋ sa:t <sup>2</sup> opi <sup>1</sup> trei:nɔ
Fleirtal	alle		-ɔ		<sup>2</sup> ga:ro, <sup>2</sup> nakɔ, <sup>2</sup> nø:vɔ, <sup>2</sup> hø:lɔ, <sup>2</sup> landɔ

#### 2.2.4.3.2 Verb

Vidare skal vi sjå på verbbøyingen til dialekten: Bøyingsmønsteret og eksempel blir presenterte samla i illustrasjon 2.10.

### Illustrasjon 2.10 Verbbøyingen i det tradisjonelle målet

Klasse		Inf.	Pres.	Pret.	Perf.
Svak bøying	1.	-e	-a	-a	-a
	Eksempel:	<sup>2</sup> kaste	<sup>2</sup> kasta	<sup>2</sup> kasta	<sup>2</sup> kasta
	2.	-e	-e	-te/de	-t
	Eksempel:	<sup>2</sup> cçene	<sup>2</sup> cçene	<sup>2</sup> cçende <sup>2</sup> cçente	cçent
	3.	-e	-a	-te/de	-t
	Eksempel:	<sup>2</sup> ʃø:ne	<sup>2</sup> ʃø:na	<sup>2</sup> ʃønte	ʃønt
	4.	-	-r	-de	-d
	Eksempel:	nɔ:	nɔ:r	<sup>2</sup> nøde	nød nøt
Sterk bøying	1.	-e	(v.s.) -	(v.s.) -	(v.s.) -e
	Eksempel:	<sup>2</sup> kɔ:me	<sup>2</sup> cçe:m	kɔm	<sup>2</sup> kɔme
		<sup>2</sup> lige	lig	lɔ:g	<sup>2</sup> leic/ <sup>2</sup> lø:ge
		<sup>2</sup> ve:re	e:	va:	<sup>2</sup> vø:re

#### 2.2.4.3.3 Personlege pronomen

I denne oversikta kan vi spesielt merke oss at personleg pronomen fleirtal kan ha den same forma (øs/øs) i nominativ og oblik form.

<sup>11</sup> Oversikta over dativbøyingen for substantiv er lånt fra Stene 1980: 53.

## Illustrasjon 2.11 Personlege pronomene i det tradisjonelle målet

	Kasus	1. person	2. person	3. person
Eintal	Nominativ	ei:	dø:	høn/qn, hø:/ø:, de:
	Oblik form	møi:	døi:	hø:nø/no, hijne/ne, de:
Fleirtal	Nominativ	møi:/me:/øs/øs	døke/døke	dai:
	Oblik form	øs/øs	døke/døke	dai:

### 2.2.5 Skriftspråket i bygdene

Vidare skal vi sjå på *skriftspråket* i bygdene, for, som vi skal komme inn på (3.3.3), kan det tenkjast at den auka kjennskapen allmenta har fått til skriftspråket dei siste åra, kan påverke talemålet. I skulane i Brattvågen og på Hildre er det nynorsk som er opplæringsspråket, som i dei fleste andre bygdene på Sunnmøre (sett bort frå i Ålesund kommune, der bokmål er mest vanleg), og kommuneadministrasjonen nyttar også nynorsk. Trass i dette er bokmål veldig mykje brukt mellom folk flest i bygdene: Mange av annonsane og lesarinnlegg i lokalavisa er på bokmål, og ein del av dei er skrivne på ei blanding av nynorsk og bokmål. Om vi går oss ein tur i butikkområda i Brattvågen, ser vi at dei aller fleste plakatane utafor butikkane er på bokmål. Begge skriftmåla våre, både nynorsk og bokmål, er altså mykje brukte mellom brattvågarar og hildrestrandninga. Om skriftspråket påverkar talemålet, er det derfor sannsynleg at talemålet i bygdene kan bli influert av både nynorsk og bokmål, og dette skal vi komme tilbake til (6.5).

## 2.3 Dei språklege variablane

Eit grunnleggjande trekk ved sosiolinguistiske studiar er interessa for språkdrag som på ein eller annan måte er *variable*. Det kan bety at dei aktuelle språktrekka blir realiserte med ulike variantar hos den enkelte informanten (intra-individuelt), eller at variasjonen viser seg mellom *ulike* informantar (inter-individuelt) (Akselberg og Mæhlum 2003: 82). Språkleg variasjon finst i ulike delar av språket, både i fonologien, morfologien, leksikonet og syntaksen. Det finst altså ulike typar variablar, nemleg fonologiske, morfologiske, morfonologiske, leksikalske og syntaktiske variablar. Fonologiske variablar er, ifølgje Hudson (1996: 172ff.), den typen variablar eller variasjonar som oftast blir undersøkte av sosiolinguistar. Grunnen til dette er at ”uttalevariablar” er dei mest frekvente.

Skaar (1985) valte ut ti språklege variablar som han meinte er karakteristiske for talemålet i Brattvågen og på Hildre, og han meinte det var grunnlag for å skilje mellom *tradisjonelle* og *yngre* former i dialekten. Dei yngre formene var former som dialekten har felles med Ålesund bymål, og dei eldre formene representerte det tradisjonelle talemålet i

Brattvågen og på Hildre. Skaar hadde i utgangspunktet 21 språklege variablar, men for å minske omfanget enda han opp med 10. Variablane er både fonologiske (V01, V03 og V04) og leksikalske (V05, V06, V07, V08, V09 og V10). I tillegg er ein variabel morfofonologisk (V02).

#### **V01: Palatal/alveolar i hovud- og endestaving**

Eksempel: /tqŋ/ mot /tan/ (hokjønn ubestemt eintal), /<sup>1</sup>ryjjip/ mot /<sup>1</sup>rygen/ (hankjønn bestemt eintal), /baʌ/ mot /bal/ (hankjønn ubestemt eintal), /ga:jn/ mot /ga:n/ (inkjekjønn ubestemt eintal)

Palatal /p/ og /k/ har vore ein vanleg realisasjon på Sunnmøre, og kort palatal /p/ av konsonantsambandet /rn/ har også vore vanleg. Men som mellom andre Torp (1997: 32) peikar på, er palatalane på veg ut hos yngre språkbrukarar på Sunnmøre.

#### **V02: +/- palataliserte velarar framom endestaving**

Eksempel: /<sup>2</sup>nacče/ mot /<sup>2</sup>nake/ (hankjønn ubestemt eintal), /<sup>1</sup>ryjjip/ mot /<sup>1</sup>rygen/ (hankjønn bestemt eintal), /<sup>2</sup>ha:je/ mot /<sup>2</sup>ha:ge/ (hankjønn ubestemt eintal)

Palatalisering av velarar framom endestaving har hatt stor utbreiing på Sunnmøre. Dette er på veg ut mellom yngre språkbrukarar.

#### **V03: Retrofleksering av /r/ + alveolar**

Eksempel: /<sup>1</sup>kart/ mot /<sup>1</sup>kat/ (inkjekjønn ubestemt eintal), /<sup>2</sup>ferdi/ mot /<sup>2</sup>fedji/ Som Skaar peikar på, er retrofleksar ved /r/ + dental på veg inn i språket mellom yngre språkbrukarar.

#### **V04: + / - bortfall av /g/ etter /ŋ/**

Eksempel: /<sup>1</sup>tøŋg/ mot /<sup>1</sup>tøŋ/ (hokjønn ubestemt eintal), /<sup>1</sup>søŋg/ mot /<sup>1</sup>søŋ/ (hankjønn ubestemt eintal)

Mellom dei eldste er /g/ etter /ŋ/ vanleg, men mellom dei yngre er /g/ etter /ŋ/ i ferd med å forsvinne.

#### **V05: /ø/ mot /ɔ/**

Eksempel: /<sup>2</sup>søve/ mot /<sup>2</sup>søve/ (infinitiv), /<sup>1</sup>ørm/ mot /<sup>1</sup>ɔrm/ (hankjønn ubestemt eintal)

/ø/ der mange andre dialektar har /ɔ/, har vore vanleg i den tradisjonelle dialekten i bygdene, men /ɔ/-forma er blitt meir vanleg med åra.

#### **V06: /ɛ/ mot /e/**

Eksempel: /<sup>1</sup>se:l/ mot /<sup>1</sup>se:l/ (hankjønn ubestemt eintal), /<sup>1</sup>dre:g/ mot /<sup>1</sup>dre:g/ (presens)

Denne variabelen gjeld berre for nokre enkeltord. Den tradisjonelle dialekten har /ɛ/, men /e/ er blitt vanlegare med åra.

#### **V07: /ɔ/ mot /ɑ/ - føre /ŋg/ og /ŋk/**

Eksempel: /<sup>1</sup>tøŋg/ mot /<sup>1</sup>tøŋ/ (hokjønn ubestemt eintal), /<sup>1</sup>høŋk/ mot /<sup>1</sup>haŋk/ (hokjønn ubestemt eintal)

V07 i sunnmørsk blir av Ivar Aasen allereie i 1838 nemnd som ein av ”[d]e mærkeligste af Dialektens [...] Forskjelligheder fra Skriftsproget. [...] A foran ng og nk

hedder her *aa*. For Ex. *laang. Taankje*” (Bondevik m.fl.1992: 6). Den tradisjonelle forma er altså /ɔ/, og den nye forma er /a/.

#### V08: /ɛ/ mot /i/ føre /ŋg/ og /ŋk/

Eksempel: /<sup>1</sup>fɛ̃ŋger/ mot /<sup>1</sup>fiŋger/ (hankjønn ubestemt eintal), /<sup>1</sup>rɛ̃ŋg/ mot /<sup>1</sup>riŋg/ (hankjønn ubestemt eintal)

Den tradisjonelle forma er /ɛ/, medan den nye forma er /i/.

#### V09: /ɛi/ mot /e/

Eksempel: /<sup>1</sup>kneɪ/ mot /<sup>1</sup>kne/ (inkjekjønn ubestemt eintal), /<sup>2</sup>smeiāne/ mot /<sup>2</sup>sme:ane/ (hankjønn bestemt fleirtal)

Den tradisjonelle forma er diftong i enkelte ord, medan den nye forma er monoftong.

#### V10: /V:C/ mot /VC/ (lang mot kort vokal)

Eksempel: /<sup>1</sup>ska:l/ mot /<sup>1</sup>skal/ (inkjekjønn ubestemt eintal), /<sup>2</sup>hø:vel/ mot /<sup>2</sup>høvel/ (hankjønn ubestemt eintal)

Den tradisjonelle forma er lang vokal, meden den nye forma er kort vokal og lang konsonant.

For å få ei god oversikt over variablene kan vi stille dei opp skjematisk med variabelnummer, tittel og eksempel på ordpar med tradisjonell og nyare form:

#### Illustrasjon 2.12 Oversikt over dei språklege variablene

Nummer	Tittel	Tradisjonell form	Nyare form
V01	Palatal/alveolar i hovud- og endestaving	/ <sup>1</sup> taj/	/ <sup>1</sup> tan/
V02	+/- palataliserte velarar framom endestaving	/ <sup>1</sup> ryjjip/	/ <sup>1</sup> rygen/
V03	Retrofleksjon av /r/ + alveolar	/fərdi/	/fedj/
V04	+/- bortfall av /g/ etter /ŋ/	/ <sup>1</sup> sɔŋg/	/ <sup>1</sup> sɔŋ/
V05	/ø/ mot /ɔ/	/ <sup>1</sup> ørn/	/ <sup>1</sup> ɔrn/
V06	/ɛ/ mot /e/	/ <sup>1</sup> se:l/	/ <sup>1</sup> se:l/
V07	/ɔ/ mot /a/ - føre /ŋg/ og /ŋk/	/ <sup>1</sup> tɔŋg/	/ <sup>1</sup> taŋg/
V08	/ɛ/ mot /i/ føre /ŋg/ og /ŋk/	/ <sup>1</sup> fɛ̃ŋger/	/ <sup>1</sup> fiŋger/
V09	/ɛi/ mot /e/	/ <sup>1</sup> kneɪ/	/ <sup>1</sup> kne/
V10	/V:C/ mot /VC/	/ <sup>1</sup> ska:l/	/ <sup>1</sup> skal/

Ifølgje Hudson bør vi velje variablar som for det første er *frekvente* og for det andre relativt *lette* å *identifisere*, på grunn av at det er veldig tidkrevjande å samle inn og bearbeide data (Hudson 1996: 147ff). Eg meiner Skaar valde ut variablar som er lett å identifisere, og han valde også ut variablar som er relativt frekvente. Når det gjeld frekvens, meiner eg likevel at nokre av variablene Skaar valde ut, ikkje er så frekvente som ein kunne ha ønskt seg. Han har

fleire leksikalske variablar, som berre gjeld for enkeltord, og slike leksikalske variablar er ikkje alltid så frekvente som for eksempel fonologiske variablar.

### **2.3.1 Andre variablar?**

Skaar plukka ut ti språklege variablar eg meiner illustrerer forskjellar mellom den tradisjonelle og den yngre varianten av dialekten i dei to bygdene på ein god måte. Det er sjølv sagt også andre trekk ved dialekten vi kunne ha sett på, men i alle undersøkingar er det nødvendig å gjere ei avgrensing av undersøkingsobjektet. I staden for å prøve å rekke over *alle* dei relevante aspekta ved objektet, kan det vere hensiktsmessig å bruke meir ressursar på kvart enkelt aspekt for å heve kvaliteten av datainnsamlinga. Ved slike utveljingar oppstår problemet med at dei utvalde variablane kan gi eit skeivt bilde av røyndomen (Hellevik 1995: 67). Vi kunne for eksempel studert morfologien i dialekten i Brattvågen og på Hildre (for eksempel verb- og substantivbøyning), slik som mellom andre Ragnhild Haugen gjorde det i Sogndal (Haugen 1997), for den er tydeleg endra ein del dei siste åra. Den kompliserte substantivbøyninga i det tradisjonelle målet Hoff (1978) og Stene (1980) skildrar, er ikkje levande i målet til dei yngre. For eksempel er dativendingane borte mellom dei yngre så langt eg kan registrere. Denne typen omfattande endringar i språket er kanskje meir interessante enn nokre av dei leksikalske variablane (som berre gjeld for nokre få leksem i dialekten) Skaar valde å ta med.

Når eg no likevel har valt å studere dei same variablane som Skaar gjorde, er det fordi eg ser på det longitudinelle perspektivet som så interessant at eg ikkje vil la vere å nytte meg av denne måten å studere språkutvikling på. I alle talemålsundersøkingar, må forskaren gjere nokre val, og på denne måten blir enkelte aspekt ved språket utelukka til fordel for andre, men eg innser altså at variablane eg arbeider med, kanskje ikkje er ideelle for å undersøkje dei viktigaste trekka ved ein dialekt.

## **3 Språkleg variasjon og språkendring**

### **3.1 Innleiing**

Målet mitt er altså å beskrive samanhengen mellom språkleg og sosial variasjon i dialekten i Brattvågen og på Hildre i dag, og eg vil teste tre hypotesar som er knytte til språkutviklinga dei siste 23 åra. Hypotesane vil bli presenterte i slutten av dette kapitlet. Eg vil også prøve å forklare korfor språket har den eventuelle variasjonen det har, og korfor språket har endra seg eller ikkje sidan 1982 (jamfør 1.2). For å finne svar på desse spørsmåla nyttar eg teori som kastar lys over omgrep og fenomen som er viktige for den delen av språkvitskapen og sosiolingvistikken eg er opptatt av: språkleg variasjon og språkleg endring.

Fenomena ovafor er tema i *Linguistic variation and change* (J. Milroy 1992), og Milroy viser korleis synkron variasjon i eit språk eller i ein dialekt er første steget på vegen til diakron språkendring: Variasjonar er gryande endringar, og vi kan seie at språkleg variasjon og endring er to sider av same sak. Når det går føre seg ei språkendring i eit samfunn, er språket prega av at det er variasjon i språkbruken: Minst to variantar av språkdraget er i bruk samtidig.

I dette teorikapitlet skal vi først sjå på ulike former for synkron språkleg variasjon (3.2.1) og teoriar knytte til korfor slik variasjon eksisterer (3.2.2). Deretter skal vi sjå på såkalla indre og ytre faktorar (3.3) til språkendring. Vi skal gjere oss kjende med omgrepet 'språksamfunn', eit omgrep som vil bli brukt til å forklare korfor ulike stader har ulik språkutvikling (3.4). Også omgrepa 'norm' og 'haldning' vil bli presenterte, fordi språknormer og språkhaldningar som eksisterer i eit språksamfunn kan bestemme språkutviklinga i dette samfunnet (3.5). Vidare skal vi sjå på ulike modellar for endring og spreiling av språkendring (3.6), og kapitlet blir avslutta med ein presentasjon av hypotesane mine om språkutviklinga i Brattvågen og på Hildre dei siste 23 åra (3.7).

## 3.2 Synkron språkleg variasjon

### 3.2.1 Korleis variasjon eksisterer

#### 3.2.1.1 Innleiing

”Ein trønder har tre dialektvariantar, ein når han snakkar med grannane sine, ein når han talar i telefonen og ein når han vender seg til doktoren” (Stemshaug 1972: 57<sup>12</sup>). Dette gjeld nok ikkje berre trønderar, for dei fleste av oss har fleire dialektvariantar og spelar på ulike *register*, eller stilar, som det høver seg i den språklege kvardagen vår (Røyneland 2003a: 28). Som språkbrukarar endrar vi språket vårt alt etter situasjonen. Det er gjerne forskjell på måten vi uttrykker oss på når vi snakkar til besteforeldra våre, når vi snakkar med venner, og når vi er på jobbintervju.

Både *språk* og *dialektar* er oftast idealiserte størrelsar, for i praksis inneheld dei gjerne ein del variasjon. Som brukarar av ein dialekt nyttar vi ulike *variantar* av ulike språklege *variablar*. Vi finn variasjon hos enkeltindividet, såkalla *intra-individuell variasjon*, og mellom ulike individ, såkalla *inter-individuell variasjon*. Vi finn dessutan variasjon *mellom ulike grupper*, for eksempel mellom kjønna, aldersgruppene og yrkesgruppene. I det følgjande skal vi sjå korleis variasjon kan eksistere mellom ulike lokalitetar (3.2.1.2), aldersgrupper (3.2.1.3) og kjønn (3.2.1.4), fordi det er desse tre sosiale variablane denne undersøkinga tek omsyn til.

#### 3.2.1.2 Lokalitet

Lokalitet er ein av dei vanlegaste utanomspråklege variablane i sosiolinguistiske studiar: Ulike stader har ulik språkbruk. Dialekten i Brattvågen og på Hildre er ulik dialekten i for eksempel Molde. Også område som har den same dialekten, som Brattvågen og Hildre, kan vise språklege forskjellar og variasjon.

#### 3.2.1.3 Alder

I sosiolinguistiske undersøkingar er det vanleg å sjå på forskjellar mellom ulike aldersgrupper. Det er mellom yngre språkbrukarar vi finn flest nye dialektformer; ungdom fungerer ofte som språklege innovatørar, og tek relativt lett opp nye språktrekk (jamfør Skaar 1985, Haugen 1997).

---

<sup>12</sup> Etter eit munnleg utsegn frå ein ikkje namngitt norsk språkgranskare.

### 3.2.1.4 Kjønn

Kjønn er ein sosiolinguistisk variabel som er blitt studert mykje. Tradisjonelt har det vist seg at kvinner nytta fleire prestisjeformer og nyare former enn menn (jamfør TAUS-undersøkinga (Finfoft og Mjaavatn 1980, referert i Sandøy 1996: 106), Eikrem 1978 og Goksøyr 1980), spesielt i bysamfunn.

Sandøy (1996: 107) peikar på at sjølv om kvinnene oftast nytta fleire yngre former enn menn, finst det unntak frå denne regelen. Observasjonar frå det eldre *bondesamfunnet* har vist at det oftast ikkje er nokon forskjell mellom kjønna, men i den grad vi finn ein forskjell, har det vore kvinnene som nytta dei mest arkaiske formene av dialekten.

Skaar (1985) fann ut at det ikkje var nokon systematisk skilnad mellom kvinner og menn når det gjaldt språkbruk: I Brattvågen var det *kvinnene* som brukte flest yngre former, men på Hildre nytta *mennene* flest yngre former. Dette stemmer med det som er referert ovafor (Sandøy 1996: 107), at kvinnene ofte har nytta flest yngre former, men i bondesamfunn har vi sett tilfelle av at *mennene* har vore dei ivrigaste brukarane av yngre former. Gjennom undersøkinga mi vil eg, jamfør den første delen av målet mitt (1.2), finne ut korleis forholdet mellom språk og kjønn er i bygdene i 2005.

### 3.2.1.5 Avslutning

Det eksisterer altså ulike variantar av språklege variablar innanfor ulike grupper. Dei ulike variantane av dei språklege variablane er gjerne delar av eit større *system* i dialekten. I mange talemål kan vi skilje mellom to eller fleire system, for eksempel ein gamaldags og ein ny variant av dialekten, ein brei og ein fin variant av dialekten eller ein høgprestisje- og ein lågprestisjevariant<sup>13</sup> av dialekten. I sine studiar av dialekten i Eskilstuna skil Nordberg (1972) og Sundgren (2002) mellom *standardformer* og *tradisjonelle* former av dei språklege variablane. Steinsholt (1964 og 1972) skil mellom *bygdemål* og *bymål* i si gransking av talemålet i Hedrum. I studien sin av dialekten i Nore og Uvdal skil Papazian (1997: 163) mellom heile fire variantar: *to bygdemålsformer* (hallingformer og numedalsformer), *midtaustlandske former* og *bokmålsformer*. I studien av språket i Sogndal skil Haugen (1997) mellom *tradisjonelle* og *nyare* variantar av variablane, og den same klassifiseringa valde også Skaar då han studerte dialekten i Brattvågen og på Hildre.

Jamfør den første delen av målet mitt (1.2), vil eg i denne avhandlinga peike på den språklege variasjonen som eksisterer mellom bygdene Brattvågen og Hildre, og mellom

<sup>13</sup> Desse nemningane, høgprestisje- og lågprestisjeformer, og måten å karakterisere språkformer på, er meir vanleg i internasjonal enn i norsk sosiolinguistik.

aldersgruppene og kjønna i dei to bygdene i dag. Eg vil også teste tre hypotesar knytte til språkutvikling og dei tre sosiale variablane lokalitet, alder og kjønn.

### **3.2.2 Korfor variasjon eksisterer**

#### **3.2.2.1 Innleiing**

Labov hevdar at "[o]ne of the fundamental principles of sociolinguistic investigation might simply be stated as *There are no single-style speakers*" (2003: 13). Med dette meiner Labov at vi som språkbrukarar alle vil ha variasjon i for eksempel fonologi, morfologi og syntaks, alt etter *konteksten* vi er i når vi snakkar. Labov peikar på tre faktorar som verkar inn på dette stilskiftet hos den enkelte språkbrukaren:

1. relasjonen mellom den som snakkar, adressaten og publikum, og makt- og solidaritetsrelasjonen mellom desse aktørane
2. den sosiale konteksten
3. samtaleemnet

Det er altså ikkje tilfeldig korleis vi snakkar i ulike situasjonar. Kva for stil eller register som blir brukt, heng saman med både samtalepartnaren, situasjonen og temaet for samtalens. Det at vi har moglegheit til å variere språkbruken, er ein fordel, for "[I]nguistic diversity serves as a communicative resource in everyday life [...]" (Gumperz 2003: 138). Dei ulike variantane språket har, gjer at vi kan tilpasse eller *akkomodere* språkbruken alt etter behov, og dette skal vi gå nærmare inn på i det følgjande (3.2.2.2). Vi skal dessutan sjå at språk kan fungere som uttrykk for *identitet* (3.2.2.3).

#### **3.2.2.2 Tilpassing**

Teorien om tilpassing, *akkomodasjonsteorien*, er henta frå samfunnsvitskapen, og utgangspunktet for teorien er ønsket om å forstå og forklare dei individuelle språklege vekslingane. Giles og Smith (1979) diskuterer og prøver å finne svar på korfor vi i samtalsituasjonar modifiserer språket vårt, kva det kostar oss, kva vi får ut av det, og korleis omgjevnadane våre vurderer akkomodasjonen. Ved hjelp av sosialpsykologiske teoriar diskuterer dei grunnar til talemålsvariasjon, og korleis variasjonen og akkomodasjonen blir oppfatta. Ved å akkomodere kan vi oppnå både nærleik og distanse til samtalepartnaren, alt etter kva vi "ønskjer". At vi vil oppnå sosiale eller materielle gode gjennom kommunikasjonen, er ofte grunnen til at vi akkomoderer, men akkomodasjonen treng ikkje vere *bevisst*, han kan også vere *ubevisst*. Vi skil gjerne mellom to typar akkomodasjon: *konvergens* og *divergens*. Om vi som språkbrukarar tilpassar språket vårt slik at det blir meir

*likt* måten samtalepartnaren vår snakkar på, konvergerer vi, og om språkbruken blir meir *ulik*, divergerer vi. Akkomodasjon over kort tid, korttidsakkomodasjon, fører til språkleg variasjon, men akkomodasjon over lang tid, langtidsakkomodasjon, kan føre til språkendring (Trudgill 1986).

### 3.2.2.3 Identitet

Språkvala våre kan forståast som ei sjølvscenesetting<sup>14</sup> som gir oss moglegheit til å vise ein del av identiteten vår, og alle språklege ytringar kan sjåast på som *identitetshandlingar* eller *acts of identity* (Le Page og Tabouret-Keller 1985). Vi nyttar språket til å vise omverda kven vi er, og dette er ein viktig grunn til at vi har språkleg *variasjon*. Identitet finst både på mikro-(individ-), meso- (gruppe-) og makronivå (samfunnsnivå), som personleg identitet, gruppeidentitet og sosial identitet, og desse tre nivåa verkar saman og påverkar kvarandre. For å uttrykke identitet har vi mange val, og i nokre miljø og situasjoner vil det vere viktigast å uttrykke *individualisme*, medan det andre stader og gonger vil vere viktigast med *konformitet* (Hudson 1996: 12).<sup>15</sup> Når vi som språkbrukarar vil uttrykke individualisme, kan vi nytte språkformer som avvik frå dei formene som er ”vanlege” i gruppa eller i samfunnet, og når vi vil uttrykke konformitet, kan vi nytte språkformer som ikkje skil seg frå dei som er ”vanlege”. I det følgjande skal vi sjå at ulike gruppeidentitetar, nærmare bestemt identitet knytt til gruppene *lokalitet*, *alder* og *kjønn*, blir uttrykt gjennom språkbruk, og at folk sitt ønskje om å uttrykke identitet, kan vere grunnen til at vi har språkleg variasjon.

Eit element som er med på å avgjere kva for ein variant av ein variabel vi vel, er i kva grad vi er villige til å *identifisere oss med* det vi forbind med den typen person som brukar varianten (Hudson 1996: 184). Språket er altså ein identitetsmarkør, og når personar i den same *lokaliteten* har den same dialekten, kan dette vere eit uttrykk for samhørsle, og eit ønskje om konformitet mellom språkbrukarane i denne lokaliteten. At språkbrukarar på ein stad har ulik språkbruk, kan på si side bety at språkbrukarane ønskjer å uttrykke individualisme. Også forskjellar mellom ulike lokalitetar kan forklara med skaping av identitet. Ulike lokalitetar har ulik identitet.

Når ulike *aldersgrupper* har ulik språkbruk, kan det henge saman med at dei som har lik alder, tilpassar seg kvarandre ved at dei konvergerer språkleg innafor gruppa, og at dei samtidig divergerer språkleg i forhold til andre aldersgrupper, for å skape ein gruppeidentitet som skil seg frå andre aldersgrupper sin identitet.

<sup>14</sup> Stian Hårstad om motemennesket, foredrag på MONS i Bergen november 2005.

<sup>15</sup> Le Page og Tabouret-Keller nyttar termene ”diffusion” og ”focussing” for det same (Hudson 1996: 13).

Om dei to *kjønna* har ulik språkbruk, kan det også henge saman med identitetsdanning: Menn og kvinner blir sosialiserte inn i to ulike grupper, to kjønnsgrupper, som i mange samanhengar har ulike roller og funksjonar, og denne gruppedanninga *kan* føre til språkleg variasjon. Ei forklaring på at kvinner i urbane strøk tradisjonelt har brukt fleire prestisjeformer enn menn, er ifølgje Sandøy at kvinnene har hatt ein mindre trygg sosial posisjon (1996: 107). Kvinner har ikkje alltid fått markert sosial status og identitet gjennom eit yrke, slik menn vanlegvis har gjort, og dette har ført til at dei har lagt meir vekt på å markere status og identitet gjennom språket. Ei forklaring på at kvinner har nytta fleire arkaiske språkformer enn menn i tradisjonelle bondesamfunn (jamfør 3.2.1.4), kan vere at menn ofte hadde arbeid utafor bygda, for eksempel som fiskarar, og på den måten kom i kontakt med andre dialektar og vart påverka. Vi ser at ulike samfunnsformer kan gi ulike rollemønster og ulik språkutvikling. Den generelle likestillingsprosessen samfunnet har gått gjennom dei siste tiåra, trur eg likevel har ført til at også språklege forskjellar mellom kjønna har blitt mindre. Fleire kvinner er komne ut i arbeidslivet og på den måten er kjønnsrollemønstra blitt likare kvarandre. Dette kan ha påverknad på språkbruken.

I Eskilstuna i Sverige fann Eva Sundgren (2002) ein del variasjon mellom ulike sosiale grupper, og noko som fascinerte henne, var kor *ordna* heterogeniteten var: ”Variationen låter seg ordnas i mønster etter fasta sociala grupperingar. Genom vårt språk både visar vi vem vi är och skapar vi vår sosiala identitet.” (2002: 309). Dette viser oss at den språklege variasjonen som finst gjerne ikkje er tilfeldig, men at ulike typar språkbruk blir ulike identitetshandlingar.

### 3.3 Diakron språkendring

#### 3.3.1 Innleiing

Det er blitt sagt at det einaste som er stabilt med språket, er at det endrar seg konstant. Nye varietetar oppstår. Nokre av desse nye varietetane forsvinn raskt igjen, medan andre sameksisterer med gamle varietetar, og nokre av desse gamle varietetane dør ut. Uttalen endrar seg, og nye ord og konstruksjonar dukkar opp. Nokre gonger blir endringane gjennomførte raskt, og andre gonger går det tregt (Milroy 1992: 1). Det er vanskeleg å seie noko *sikkert* om kva som styrer språkutviklinga, men det vi *kan* gjere, er å prøve å ”tenke oss årsakssamanhangar som verkar rimelege ut ifrå den innsikta vi alt har om språk og samfunn” (Sandøy 1996: 129). Vi skal no først sjå på ulike *indre faktorar* til at språket endrar seg (3.3.2), og deretter skal vi sjå på nokre *ytre faktorar* til språkendring (3.3.3). Dei indre

faktorane i utviklinga av språket er dei drivkraftene som ligg *i språket sjølv*, og dei ytre faktorane er *samfunnsforhold rundt språket*.

### 3.3.2 Indre faktorar til språkendring

Kvar ny generasjon må lære språksystemet på nytt, og ingen har kontroll med at det språket den nye generasjonen lærer, er fullt ut det same som det den førre generasjonen lærte. Dei nye språkbrukarane må lære grammatikken og reglane for språket, og når dei lærer nye ord, brukar dei grammatikken og dei generelle reglane på desse nye orda. Men ikkje alle typar ord følgjer slike reglar; nokre enkeltord (leksem) har sine spesielle reglar som berre gjeld for det eine ordet eller nokre få ord. Vi kan altså skilje mellom *generelle* eller *grammatikalske* drag i språket og *spesielle* eller *leksikalske* drag i språket, og vi kan tenkje oss at det er lettare å lære seg dei generelle språktrekka enn dei spesielle unntaka. Vi kan tenkje oss at den nye generasjonen kan lage seg eit system som er annleis, kanskje med færre spesielle språktrekk og unntak, enn det systemet den eldre generasjonen hadde. På grunn av denne stadige nyinnlæringa av språket, kan vi seie at det i sjølve språksystemet er eit ”stadig tildriv til nyregulering” (Sandøy 1996: 130) og forenkling.

Språksystemet blir regulert på nytt på ulike vis, og Sandøy (1996: 129ff.) presenterer fem indre faktorar til at språket endrar seg: regelinnsnevring, regelutviding, analogi, funksjonell tyngd og naturlegheit:

Ved *regelinnsnevring* blir ein fonologisk regel mindre generell, og grammatiske kategoriar fell ut av verkeområdet for regelen. Vi kan ta med eit eksempel på regelinnsnevring som har fått betydning for dialekten i Brattvågen og på Hildre: Palataliseringa av velarar tek til å gjelde for færre bøyningar mellom yngre språkbrukarar enn hos dei eldre språkbrukarane i språksamfunnet (jamfør 2.3 (V02)). Denne regelinnsnevringa for palatalisering har kome langt i mange norske dialektar.

Ved *regelutviding* blir ein fonologisk regel meir generell, og eksempel på dette har vi også hatt i sunnmørsk: Skiftet mellom /g, k/ og palatal har fått større omfang, for etter utgangspunktet i norrønt fekk ikkje dativformene i eintal bestemt form av svake maskuline substantiv palatalisering, fordi endingsvokalen var –a, jamfør norrønt *bakkanum*. Men mellom anna i den tradisjonelle dialekten i Brattvågen og på Hildre har også desse formene fått affrikat: /bacçɑ/, og regelen gjeld etter ei slik endring *heile* maskulinum eintal.

Ved *analogi* får vi overgang frå uproduktive til produktive klassar i bøyingsmorfologien. Eit eksempel på ei uproduktiv klasse er den maskuline er-klassa (for

eksempel *benker, gjester*), som i mange dialektar, også i dialekten til dei yngre i Brattvågen og på Hildre (utan r: *benke, gjeste*), er på veg over i den produktive a-klassen: *benka* og *gjest*a.

Språkendringsfaktoren *funksjonell tyngd* favoriserer endringar som skaper tydelegare markeringar eller fjernar ubetydelege opposisjonar. R-bortfallet som sunnmørsk og mange norske dialektar har fått i presens av verb, har ført til formsamanfall mellom presens og preteritum i nokre tilfelle: Det heiter *baka* både i presens og i preteritum. Nokre vestlandske dialektar har deretter skifta bøyning til *bakte* i preteritum for at verbtidene skal vere skilde frå kvarandre, slik at bøyingsformene skal bli meir funksjonelle. Assimilasjon av konsonantsambanda *ld* og *nd* til *ll* og *nn*, i ord som *sild* > *sill* og *stend* > *stenn*, er vanleg i mange norske dialektar, også mellom yngre språkbrukarar i Brattvågen og på Hildre. Opposisjonen mellom *ld* og *ll* hadde lita funksjonell tyngd fordi han var lite brukt: Dei nye formene *sill* og *stenn* fanst ikkje før, og eit slikt fonemsamanfall skaper altså ikkje vanskar for språksystemet.

Visse språkdrag er meir frekvente i språka i verda enn andre, og desse draga kan seiast å vere meir *naturlege* ettersom dei truleg har med universelle preferansar som har med menneskelege artikulasjons- eller kognisjonsvilkår å gjere (Sandøy, munnleg opplysning, august 2006). Ein overgang frå språktrekk som sjeldan er i bruk, til språkdrag som er meir vanlege, ser vi ofte. Det er for eksempel vanleg at det er fleire vokalopposisjonar i lang posisjon enn i kort, og når vokalfonem går ut av bruk, ser det ut til at det først skjer med vokalar i kort posisjon. På Søre Sunnmøre er vokalane /I/ og /Y/ (i tillegg til /i/ og /y/) både lange og korte, men i dialektar der desse vokalane er på retur, er det den korte vokalen som vik først.

Den tradisjonelle historiske språkvitskapen har forklart språkendring som eit språkinternt fenomen, og i denne tradisjonen har dei indre faktorane til språkendring som vi har vore inne på ovafor, vore viktige for å studere språkendring (J. Milroy 1992: 167). Med den sosiolinguistiske vinklinga eg har valt på studien av dialekten i Brattvågen, er det dei ytre, sosiale faktorane til språkendring eg vil konsentrere meg om. Men eg meiner dei indre faktorane vi har vore inne på ovafor, seier noko om *føresetnadane* for at dei ytre faktorane i det heile tatt kan verke, og dei er derfor viktige å ha med seg når vi skal forklare språkendring.

### **3.3.3 Ytre faktorar til språkendring**

Eg meiner altså at dei indre faktorane til språkendring er viktige for å forklare korfor språket utviklar seg slik eller slik, men ifølgje James Milroy kastar vi bort tida når vi ser på reint indre

faktorar til at språket endrar seg. Milroy meiner vi heller må sjå på ”fenomenet” som ”supremely sosiolinguistic”, og han argumenterer for ein sosialbasert modell for språkendring. Viktig for denne sosialbaserte modellen for språkendringsgrunnar er at det er umogleg å observere språk *utafør* ein sosial samanheng. Språkbruk finst berre i ein sosial og situasjonell kontekst, og det er menneska som endrar språket, det endrar seg ikkje sjølv (Milroy 1992: 4). Eg deler Milroy sitt syn på dette siste: Språk blir ikkje endra om det ikkje er *i bruk*, og sosiale faktorar er derfor svært viktige for språkendring.

Det er velkjent at språk og samfunn heng saman: Samfunnsutviklinga har innverknad på språkutviklinga. Overgangen frå eit bufast til eit mobilt samfunn og store endringar i mønsteret for busetjing er to kjenneteikn ved den samfunnsutviklinga vi har sett dei siste generasjonane (Skjekkeland 2005: 23). Folk flyttar, og dette fører til at folk med ulike dialektar kjem i nær kontakt og kan påverke kvarandre språkleg. Nye og utbetra kommunikasjonsmiddel har gjort det enklare å flytte på seg i samband med både fritid og arbeid, og det gjer at folk flest ofte hører andre talemål enn sitt eige og gjerne snakkar med språkbrukarar med andre talemål enn det dei sjølve har. Utviklinga innafor massemedia har dessutan gjort sitt til at ulike talemål blir introduserte for folk. Også at folk i det norske språksamfunnet kjem i kontakt med andre språk, for eksempel svensk og engelsk, er ein viktig grunn til at språk blir endra, for dette fører mellom anna til lån. Gjennom den aukande industrien, for eksempel innafor oljeboring, har vi fått nye (engelske) ord, for eksempel *supplybåt* (*forsyningsbåt/-skip*) og *off-shore* (Sandøy 1996: 135). At stadig fleire barn og unge oppheld seg stadig meir tid i barnehage og skule, gjer at den sterke språklege kontrollinstansen som foreldra tidlegare utgjorde, ikkje lenger er like verknadsfull. Dagens utdanningssystem held dessutan dei unge vekke frå arbeidslivet og vaksensamfunnet i lang tid (Sandøy 2003b: 217). Ein ungdom på 15 år går ikkje inn i så nær samhandling med vaksne som han gjorde for nokre tiår sidan, før obligatorisk niårig grunnskule vart innført på 70-talet, og det vart vanlegare å gå på gymnas eller vidaregåande skule. Høgskule- og universitetsutdanning er også etter kvart blitt veldig vanleg. Denne svekte vaksenkontakten gjennom dei åra utdanninga varer, og ikkje minst den auka kjennskapen allmenta har fått til skriftspråket gjennom utdanning, kan verke inn på utviklinga av talemålet i Noreg.

## 3.4 Språksamfunn

### 3.4.1 Innleiing

I det følgjande skal vi komme inn på eit omgrep som er viktig når vi snakkar om *ytre* faktorar til språkendring: Omgrepet 'språksamfunn' er blitt nemnt nokre stader, og dette er eit operasjonelt omgrep, som 'språk' og 'dialekt', fordi det kan avgrensast på mange måtar. Termen blir brukt om veldig ulike typar samfunn, men det som er felles for dei ulike definisjonane, er at dei prøver å avgjere om område som kan utgjere ein geografisk, sosial eller etnisk einskap, også kan utgjere ein lingvistisk einskap. Nokre forskrarar legg mest vekt på at samfunnet må ha eit felles lingvistisk system for å utgjere eit språksamfunn. Andre legg vekt på at samfunnet må ha felles normer og haldningars; eit språksamfunn har ein språkleg varietet som følgjer eit felles lingvistisk system, og representerer samtidig eit kollektivt normsystem som dei ulike sosiale gruppene og den enkelte språkbrukaren innafor samfunnet bevisst eller ubevisst steller seg i høve til (Røyneland 2003a: 29).

Språksamfunn kan (som når vi snakkar om andre typar samfunn) delast inn i *diffuse* og *fokuserte* språksamfunn (jamfør Mæhlum m.fl. 2003, kapittel 1, 5 og 11). Eit diffust språksamfunn er språkleg og kulturelt heterogent, har stor lingvistisk variasjon og fleire konkurrerande språknormer. Eit fokusert språksamfunn er eit språkleg og kulturelt homogent samfunn med lite lingvistisk variasjon, og det har gjerne *ei* samlande språknorm. Over tid og gjennom ei styrking av språknormene kan eit diffust språksamfunn bli meir fokusert (Røyneland 2003c: 56). Den sosiale røyndomen har i løpet av dei siste tiåra blitt meir kompleks i dei fleste lokalmiljø, på grunn av auka mobilitet i samfunnet, og vi kan forvente oss at også språkbruken er meir samansett no enn tidlegare; Mæhlum (2003: 92) peikar på at det ser ut som vi har fått ei endring frå fokuserte til meir diffuse språksamfunn rundt om i landet. Men språksamfunn som er diffuse, kan også bli meir fokuserte, og dette skal vi sjå etter kvart (i 3.4.2).

Ulike typar samfunn gir ulike føresetnader for språkutvikling. Sandøy (2000: 377 og 2004: 55) framhevar at både samfunnet sin *størrelse* og *økonomiske basis*, i tillegg til *migrasjonsmønsteret*, graden av *urbanisering* i samfunnet og *kontakt* med (andre) sentrum, er faktorar det kan vere føremålstenleg å fokusere på når vi vil forklare korfor språket i eit samfunn endrar seg slik eller slik. Desse faktorane skal vi sjå nærmare på i det følgjande. Vi skal sjå korleis språklege smeltegryter (3.4.2) og andre typar samfunn (3.4.3) fungerer som språksamfunn, og til slutt i denne delen skal vi sjå på Brattvågen og Hildre som språksamfunn.

### **3.4.2 Diffuse språksamfunn som blir meir fokuserte: språklege smeltegryter**

Odda og Tyssedal i Hordaland er bygder som vi kan seie utgjer to språksamfunn. Bygdene er industristader som voks fram på 1900-talet, og begge hadde ein veldig rask auke i folketalet. Tilflyttinga var frå mange kantar av landet, og i løpet av kort tid vart det bygd opp heilt nye samfunn på desse stadane. Plassane vart språklege og sosiale smeltegryter. Det konserverande sosiale presset frå lokale språklege førebilete mangla fordi dei som budde i området frå før, var for få i forhold til innflyttarane til å kunne ”nøytralisere” (Steinsholt 1964: 27) innflyttarane språkleg. Språket som då oppstod, var først diffust, fordi språknormene som vart etablerte, bar preg av den språklege heterogeniteten som eksisterte. Det tok heile tre generasjonar før ein ny, fokusert dialekt var etablert. Slike nye dialektar kallar vi *koiné*. Ein *koiné* er altså ein historisk blanda, men i dag stabil dialekt som har trekk i seg frå dei dialektane som ein gong var utgangspunktet for den språklege smeltegryta (Røyneland 2003c: 58).

Ulike faktorar påverkar prosessen med etableringa av ein ny *koiné*, og overgangen frå eit diffust til eit meir fokusert språksamfunn. Røyneland (2003c: 59) trekkjer fram følgjande faktorar: Graden av sosial integrasjon i det nye lokalsamfunnet påverkar dialekt- eller *koiné*-etableringsprosessen, og om samfunnet er sosialt homogent vil ein *koiné* bli raskare utvikla enn i eit samfunn som har større sosiale skilje. Graden av samvær mellom jamaldrande ungar vil også bety ein del. Dessutan vil graden av forskjell mellom dei varietetane som kjem i kontakt, ha noko å seie. Om forskjellane er store, må tilpassinga bli meir omfattande, og ho vil dermed ta lengre tid enn om forskjellane mellom varietetane er små.

For å forklare korfor den nye fellesdialekten blir som han blir, er det også nyttig å sjå kvar innflyttarane kom frå. Ein god illustrasjon på dette får vi om vi ser på eksempla Odda og Tyssedal, der tilflyttingsmønsteret var nokså ulikt. I Odda kom to tredjedelar av innflyttarane frå Vestlandet og berre ein liten del frå Austlandet. Til Tyssedal kom ein tredjedel frå Vestlandet, ein tredjedel var austlendingar og den siste tredjedelen kom frå andre stader i landet. Odda fekk ein fokusert dialekt som er nokså lik dei andre vestlandske bygdemåla, medan dialekten i Tyssedal vart mest prega av sentralaustlandsk (Sandve 1976 og Sandøy 2000: 358f.).

Til samanlikning kan vi sjå på forholda på Sunndalsøra: 76 % av innflyttarane kom frå Møre og Romsdal, det same fylket som Sunndalsøra ligg i, og den einaste andre gruppa av ein viss størrelse var innflyttarar frå dei to Trøndelagsfylka, som utgjorde 16 % (Jenstad 1983 og Sandøy 2004). Produktet frå denne språklege smeltegryta er likt språket til majoriteten av

tilflyttarane, og sidan den dominerande gruppa er frå den same regionen, finn vi igjen alle dei nye trekka i dei omliggande dialektane. Det ser ut som om dialektane i dei to byane i området, Molde og Kristiansund, ofte har fungert som modellar for den nye dialekten, og dei fleste endringane representerer grammatiske forenklingar samanlikna med den ”originale” rurale dialekten i området. Denne tendensen er gjennomgåande i sosiolingvistiske undersøkingar av tilfelle av språkblending. I dialektableringsprosessen blir ikkje nødvendigvis prestisjeformene tatt opp i den nye dialekten. I dialekten i Sunndalsøra ser vi at trekk frå bokmål ikkje er tatt inn i språket med mindre ein dialekt i nærleiken av Sunndalsøra korresponderer med desse bokmålstrekkene. Lokale (urbane) dialektar, derimot, har hatt innverknad utan støtte frå skriftspråket bokmål (Sandøy 2004: 56ff.). Etter ein gjennomgang av situasjonen i fleire språklege smeltegryter, avsluttar Sandøy (2004: 61) med dette tankeeksperimentet: Om ei gruppe dialektbrukarar tydeleg skal influere språket på ein stad, må dei utgjere minst 35 % av populasjonen, og om gruppa skal dominere det språklege produktet, må dei utgjere minst 70 %.

### 3.4.3 Andre typar språksamfunn

Å forklare situasjonar utan språkendring, situasjonar der talemålet held seg godt, er viktig for å forklare *endringane* andre stader (Sandøy 2004: 65). Det er fleire faktorar som kan ha betydning for konserveringa av ein dialekt, og Sandøy eksemplifiserer dette med teoriane rundt konserveringa av det islandske språket. Språket på Island er nærmast uendra sidan vikingtida, og dette er blitt forklart med mellom anna den geografiske isolasjonen og tette sosiale band. Sandøy (2004: 61) vel også ved dette høvet å fokusere på demografisk historie i si forklaring: Det generelle busetjingsmønsteret på Island med isolerte små gardar med 7 – 10 personar gjorde at den språklege kontrollen ved språkinnlæring var sterkt, og dei yngre generasjonane hadde litau moglegheit for å danne språksamfunn med eigne avvikande normer.

Ein interessant kontrast til dei språkhistoriske tilhøva på Island er utviklinga av språket på Færøyane (etter Sandøy 2004: 62f.). Busetjinga på Færøyane har hatt ein annan karakter: Folk har vore busette i *bygder* med i gjennomsnitt 125 innbyggjarar,<sup>16</sup> og det har gitt betre tilhøve for lingvistiske innovasjonar mellom dei yngre, ettersom dei vaksne i familien på denne måten ikkje hadde kontrollen aleine over språkinnlæringa blant ungane og ungdomen. Vi kan sjå føre oss at det har blitt danna undergrupper i desse bygdene, der innovasjonane først kan ha blitt spreidde. I tillegg verkar det som om bygdestrukturen gir ei sterkare tilhørsle-

---

<sup>16</sup> Frå middelalderen til rundt år 1800.

til lokalsamfunnet enn familiestrukturen på gardane på Island gir. Størrelsen på bygdene har gitt rom for fleire sosiale nettverk samtidig som bygdene ikkje har vore større enn at alle kjenner alle likevel, og at alle sambygdingane har stått i interaksjonsforhold til kvarandre. Slike tilhøve kan gjere at folk føler lojalitet til eiga bygd, og det kan oppstå spenningar mellom ulike bygder, spenningar som kan føre til dialektal divergens bygdene imellom og dialektal fokusering *i* bygda. Når ei bygd først har fått nokre språklege særtrekk, kan vi vidare sjå for oss at bygdefolket gjerne held på desse karakteristiske trekka for å behalde litt av særpreget sitt, iallfall om folk identifiserer seg med desse særprega. Bygdesamfunn kan altså ha ein tendens til å leggje til rette for språkendring fordi innbyggjarane kanskje ønskjer å skape noko som er deira eige: ein eigen, fokusert dialekt.

Også urbane miljø har sine spesielle føresetnader for språkutvikling: Slike samfunn er ofte relativt diffuse og komplekse. Dei er konstituerte av fleire overlappande lokalsamfunn som gir gode føresetnader for å utvikle forskjellar mellom sosiale klasser, og forskjellar mellom aldersgruppene. Innovasjonar får gjerne funksjon som sosiale gruppemarkørar og kan bli spreidde effektivt. Vi kan vente oss store endringar i språket i slike samfunn. Problemet er at det finst få longitudinelle studiar (meir under 4.2) som kan stadfeste at det er snakk om verkelege endringar i språket og ikkje berre tilsynelatande endringar grunna livsfasespråk (forklart i 4.2.1). Eva Sundgren (2002) sin studie frå Eskilstuna i Sverige er ein av dei få oppfølgingsstudiane som er gjorde. Ved hjelp av resultata frå Bengt Nordberg (1972) si undersøking av språket i den same byen i 1967 gjennomfører ho ein longitudinell studie av språket i Eskilstuna (meir om dette i 4.2.1). Resultata viser at svært lite har skjedd i løpet av dei 30 åra som har gått mellom dei to undersøkingane, og dette er stikk i strid med den allmenne oppfatninga i Sverige om at språket endrar seg raskt. Sundgren (2002: 309) skriv:

Förändringen går emellertid långsamt, för flera variabler så långsamt att jag först blev besviken när det hos språkdrag efter språkdrag visade sig att cellgenomsnittet av standardformen var ungefär detsamma som 30 år tidlegare.

Dette viser at språk i urbane miljø kan vere stabile gjennom mange år. Sundgren forklarer den uventa langsame endringstakta, og dermed stabiliseringa av dialekten, med mellom anna ei stabilisering av populasjonen i byen; det er nemleg ikkje lenger ein straum av tilflytting til byen slik det var i åra før Nordberg gjorde si undersøking. Sundgren (2002: 314 – 317) legg dessutan vekt på kulturelle faktorar til at språket har endra seg lite, nemleg det at folk er godt integrerte i lokalsamfunnet, og det at folk generelt sett er fornøgde i Eskilstuna.

### 3.5 Normer og haldningar i språksamfunnet

Same kva for ein type språksamfunn vi er ein del av, følgjer vi som medlemmar i språksamfunnet visse mønster for språkbruk, såkalla uskrivne *normer* som eksisterer i språksamfunnet. Betydninga av omgrepet 'norm' er samanfallande med nemningane *godteken regel*, *rettesnor*, *mønster*, *målestokk* og førestellingar om *det vanlege* og *gjennomsnittet* (Nynorskordboka 2001: 476). Normene eksisterer altså ikkje som konkrete størrelsar, men som *rettesnorer* for språkbruken vår, og oftast har vi ikkje noko bevisst forhold til normene som eksisterer i samfunnet. Normene blir internaliserte, eller innarbeidde, gjennom *sosialiseringss prosessen* vi som menneske går gjennom idet vi lærer mønstra for sosial åtferd. Vi erfarer at ulik åtferd har ulike konsekvensar, og av reaksjonane på åtferda vår skjønnar vi at det eksisterer normer for kva vi bør gjere og ikkje, kva som er "rett" og kva som er "gale" (Sandøy 1996: 101).

I eit språksamfunn kan det eksistere fleire konkurrerande normer, som gjerne er knytte til bestemte kontekstar og situasjonar, og nokre normer, *overnormene*, kan ha høgare status enn andre, *subnormene* (Røyneland 1994: 30). Det er dessutan slik at *ei* norm gir status i *ei* gruppe, og *ei anna* norm gir status i *ei anna* gruppe. Språknormer som har høg prestisje innafor eitt normdomene, kan altså vere "ukorrekte" og dermed ha låg prestisje innafor eitt anna (Brunstad 2000: 119). Når vi karakteriserer ein dialekt som "fin" eller "stygg", er det ikkje ei estetisk vurdering, som når vi seier at ein varietet er "vakker" eller "klangfull". Det er i større grad tale om kva som er sosialt akseptabelt eller korrekt i forhold til kva som er sosialt uakseptabelt eller ukorrekt, og dette gjeld aksen *sosial prestisje* (Sandøy 1996: 118). Det at vi vel å følgje normene som eksisterer i gruppa vi er ein del av, kan fungere som ein måte å vise *solidaritet* overfor gruppa på, og det blir dessutan gjerne *forventa* av dei andre medlemmane av gruppa at vi følgjer normene. Vi vel helst å følgje normer som vi meiner gir status og aksept, og vi kan også velje å bryte med normene, om vi for eksempel ønskjer å ta avstand frå den vi snakkar med (Sandøy 1996: 103).

Normene i språksamfunnet eller gruppa vi er ein del av, påverkar *språkhaldningane* våre. Haldningsomgrepet blir brukt om "relasjonar menneske kan stå i til andre menneske, til fenomen eller omstende i samfunn eller omverd" (Venås 1991: 242), og som ei nemning på ei evne til å reagere positivt eller negativt på gitte sosiale objekt, som for eksempel personar, grupper, verdiar eller idear (Mæhlum 2003a: 93). Vi kan også ganske enkelt seie at ei haldning er det same som "ei innstilling". Innstillingane eller haldningane våre femner om både tanke, kjensle og handling (Venås 1991: 243), og dei er derfor komplekse og vanskelege

å måle. Haldningane våre kan vere baserte på faktisk kunnskap eller på eigne erfaringar, men dei kan også bli tatt over frå familie, venner eller andre grupper vi vil identifisere oss med, dei såkalla *sosialiseringagentane* (Mæhlum 2003a: 93). Språkhaldningar eksisterer både innanfor ulike grupper, som *gruppemarkørar*, og på individnivå, som *individmarkørar*. Dei er som normer, ikkje konkrete størrelsar, men dei eksisterer like fullt i språksamfunnet, og dei påverkar språkbruken vår. Randi Farstad (1996) si undersøking av språkhaldningar mellom nordmøringar, romsdalingar og sunnmøringar viser at om vi har sympati for ei folkegruppe, har vi som regel ei positiv vurdering av talemålet til medlemmane i gruppa. Sjølv om språkhaldningar er personlege og varierer sterkt frå miljø til miljø, er det eit gjennomgåande drag i heile landet at det talemålet som ligg nærest opp til moderat bokmål, har mest prestisje (Sandøy 1996: 120).

Normene som eksisterer i eit språksamfunn, påverkar altså haldningane til ulike språkbrukarar, og haldningane igjen påverkar språkbruken til folk. I vår samanheng er det derfor interessant å prøve å finne svar på desse spørsmåla: Kva for normer for språkbruk er det som eksisterer i Brattvågen og på Hildre, og kva for språkhaldningar er rådande mellom ulike grupper og individ i bygdene? Det kan også vere fruktbart å prøve å få eit inntrykk av om ålesundsmålet, dialekten i regionsenteret, har *prestisje* blant informantane.

## 3.6 Modellar for endring og spreiling

### 3.6.1 Innleiing

I dette underkapitlet, 3.6, skal vi sjå på ulike modellar for endring og spreiling. Først skal vi sjå korleis ein innovasjon oppstår, korleis han kan bli spreidd og korleis dette kan føre til språkendring. Vi skal bli kjende med betydninga av nokre sentrale omgrep innanfor språkendringsteori: S-kurva, bølgjemodellen og sprangmodellen (3.6.2). Vi skal også sjå på eit sentralt trekk ved utviklinga av norske dialektar, nemleg regionalisering (3.6.3).

### 3.6.2 Innovasjon og spreatings- og endringsprosessen

Alle talemålsendringar byrjar med ein *innovasjon* hos eit enkeltindivid. Denne innovasjonen *kan* påverke språksystemet slik at det blir endra, men han kan like gjerne døy ut etter ei viss tid, om han ikkje blir tatt i bruk i språksamfunnet (J. Milroy 1992: 169ff.). Språkendringa i eit språksamfunn er altså ein prosess frå det individuelle til det kollektive.

To modellar som kan vere nyttige for å prøve å forklare spreatings- og endringsprosessar, er *bølgjemodellen* og *sprangmodellen*. Bølgjemodellen skildrar spreilinga

av innovasjonar som ei rørsle som går frå opphavsstaden som ringar i vatn og utover i områda rundt, og han vart utvikla av junggrammatikaren Schmidt på slutten av 1800-talet (Robins 1997: 203). Chambers og Trudgill (1980: 192) skildrar derimot spreiinga av nye språkdrag som ”the jumping of the innovation from one large town to another, and from these to smaller towns, and so on”. Det er dette vi kallar sprangmodellen, som er ei vidareutvikling av bølgjemodellen. Sprangmodellen vektlegg at språklege innovasjonar blir spreidde frå sentrum til sentrum, før dei siv ut i bygdene rundt sentrum. Spreiinga går helst først frå eit stort sentrum til eit mindre sentrum, og sprangmodellen kan dermed byggjast ut til eit tenkt hierarki: I Noreg blir då Oslo, med sitt prestisjefylte bokmål, øvst i hierarkiet (jamfør Sandøy 2000: 355). Vidare kan vi tenkje oss at spreiinga av innovasjonane kan gå via dei større byane Kristiansand, Bergen, Trondheim, Bodø og Trømsø til dei mindre byane rundt om i Noreg, og frå desse små byane til tettstadene, og deretter til bygdene. Skaar sette fram ein lokal hierarkisk modell for spreiinga av nye språkdrag, og meiner at innovasjonane går frå Ålesund via Brattvågen til Hildre (1985: 92). Det er ikkje lett å gi noko svar på om denne modellen for påverknad er ”riktig”, men eg skal likevel prøve å seie noko om *retninga* på språkutviklinga i drøftinga (6.5).

Mange nordmenn er opptatt av at dialektane våre endrar seg *raskt*, at talemåla rundt om i landet er utvatna og at ingen snakkar skikkeleg dialekt lenger. Folk har ei oppfatning av at språkutviklinga går i retning av ei sentralisering, at talemåla tek etter skriftspråket, og at språktrekk frå Oslo siv utover landet. Også mellom fagfolk er denne tolkinga av språkutviklinga vanleg (Sandøy 2000: 245). Men om vi derimot ser nærmare på utviklinga av einskilde språktrekk, ser vi at det kan ta *lang tid* før endringane er gjennomførte mellom alle språkbrukarar. Ei språkendring som mange er opptatt av, er samanfallet mellom dei såkalla *sj-* og *kj*-lydane: Mange stader i Noreg, mellom anna i Bergen (der fenomenet først vart oppdaga), får dei to orda ”skjede” og ”kjede” ofte den same uttalen. Sandøy viser at det sannsynlegvis vil gå 150 år frå endringa av det svært så aktuelle språktrekket *starta*, til *sluttstrekken* blir sett for språkendringa, før alle nyttar den nye forma (2000: 346f.). Ofte vil dei gamle og nye variantane av variablane sameksistere i lang tid, så sjølv om folk har ei kjensle av at språket blir endra raskt, tek det altså ein del år før endringar blir *fullstendig* gjennomførte. Korleis er så mønsteret for endring? Ifølgje Chambers og Trudgill er det normale at endringa spreier seg ”quite rapid in the middle stages and slower at its beginning and end” (1980: 177). Ei endring går først sakte frå individ til individ, så går endringa raskare, og fleirtalet tek over det nye draget. Men så minkar farten mot slutten att, for dei siste språkbrukarane held lenge fast på den gamle språkvanen. I eit diagram får språkendringskurva

dermed noko som liknar ei S-form, og vi refererer til modellen som *S-kurva* (Chambers og Trudgill 1980: 179). Sundgren (2003) viser at dei språklege variablane frå undersøkinga i Eskilstuna følgjer det forventa S-kurvemønsteret for ei sosial eller kulturell endring: På 60-talet var endringsprosessen komen langt opp i S-kurva for språkendring, og på dei åra som gjekk fram til 90-talet, jamna kurva seg ut, og ein fekk få nye tilfelle av det nye draget.

Når det gjeld *omfanget* av språkutviklinga i Noreg, skiftar dette frå stad til stad, og frå undersøking til undersøking. To nyare sosiolinguistiske granskinger, som viser to svært ulike talemålssituasjonar, er Papazian (1997) si undersøking frå Nore og Uvdal og Haugen (1998) si gransking frå Sogndal. Papazian viser at det skjer store endringar i dialekten i Nore og Uvdal, og konkluderer med at ”bygdemålet sine dager i kommunen er talte” (Papazian 1997: 180). Ragnhild Haugen si hovudfagsavhandling står som ein sterk kontrast til Papazian sin konklusjon, for ifølgje Haugen er det snakk om små endringar i sogndalsmålet. Det skulle ligge godt til rette for språkendringar i Sogndal fordi staden er eit skulesenter, og bygdebyen har hatt stor tilflytting frå andre kantar av landet, men Haugen konstaterer at det eldre målet og dei eldre formene likevel held seg veldig godt.

Papazian og Haugen konkluderer altså temmeleg ulikt når det gjeld omfanget av språkendringane på to ulike stader i Noreg. I vår samanheng blir det også interessant å sjå kva *omfang* (dei eventuelle) språkendringane i Brattvågen og på Hildre har, og på grunn av det longitudinelle perspektivet har vi også moglegheit til å prøve å finne ut noko om *tempoet* i språkutviklinga (7.1).

### 3.6.3 Regionalisering

Dei norske dialektane har heilt klart endra seg ein del i tida frå andre verdskrig til no. Spesielle talemålstrekk har blitt borte, og det har skjedd ei utjamning av dialektiskilnader (Skjekkeland 2005: 23). Den språklege utviklinga heng saman med samfunnsutviklinga. Rundt om i landet har det dei siste 30 åra vakse fram sterke regionsenter som tiltrekker seg mange innflyttarar frå bygdene rundt, og også frå andre landsdelar (Skjekkeland 2005: 24). Dialektforskjellane mellom dei minste lokalitetane forsvinn til fordel for språkdrag som dekker større område; talemålsgranskinger frå dei siste åra viser at det er i ferd med å utvikle seg *regionale dialektar* i Noreg. Røyneland (1999: 110) skildrar den språklege *regionaliseringa* som

[...] eit dialektkontaktfenomen som må studerast og forståast som ein dynamisk prosess. Språkleg består denne prosessen i at den strukturelle skilnaden mellom nærskyldne dialektar vert redusert. Dette skjer truleg oftast på ein slik måte at lokale dialekttrekk med ei avgrensa utbreiing forsvinn, medan trekk med ei vidare regional utbreiing vert ståande eller spreier seg.

Dette dialektkontaktfenomenet ser ut til å vere kome lengst på Austlandet, for på Vestlandet og i resten av Noreg seg vi førebels berre *tendensar* til talemålsregionalisering (Sandøy 2003c: 230, 2004: 71 og Akselberg 2003a: 197). Når Sandøy og Akselberg skildrar *tendensar* til språkleg regionalisering på Vestlandet, nemner dei ikkje Sunnmøre spesielt, men ifølgje Skjekkeland (2005: 26) ser vi ”språkregionar veksa fram på Sunnmøre, med Ålesund som drivkraft”. Kanskje baserer Skjekkeland seg her på slutningar frå ein del hovudfagsavhandlingar (Eikrem 1978: 142, Goksøy 1980: 118 – 119 og Tunheim 1990: 183 – 184) som har sunnmørsk språk som undersøkingsobjekt. Både Eikrem, Goksøy og Tunheim trur at Ålesund fungerer som normsenter, og at bymålstrekk spreiar seg utover i bygdene. Den språklege regionaliseringa på Sunnmøre er ifølgje desse avhandlingane *urban*, fordi det er trekk frå Ålesund *bymål* som spreier seg. Torp (1997: 32) nemner også Sunnmøre i sin artikkel om regionalisering av konsonantsystemet i Noreg, og peikar på prosessar som er relevante for mi undersøking: palatalar som blir erstatta av ikkje-palatalar hos dei yngre, og retrofleksar (ved /r/) som er på veg inn.

### 3.7 Tre hypotesar om dialekten i Brattvågen og på Hildre

Teori vi har sett på i dette kapitlet, kastar lys over *mønster* i språkleg variasjon og språkendring, og moglege *forklaringar* på desse fenomena. På bakgrunn av dette vil eg i det følgjande sette fram nokre hypotesar om talemålet i Brattvågen og på Hildre i dag, sett i forhold til talemålet i 1982. Men først skal vi sjå på hypotesane Skaar tok utgangspunkt i, og resultata han kom fram til. I avhandlinga si etterprøvde Skaar (1985) tre hypotesar:

1. **Om språk og lokalitet:** Dei nyare formene er mest utbreidde i tettstaden Brattvågen.
2. **Om språk og alder:** Nyare språkdrag er mest brukte i den yngste aldersgruppa.
3. **Om språk og kjønn:** Kvinnene brukar fleire yngre former enn menn.

Den første hypotesen vart styrkt, og Skaar trekkjer mellom anna fram demografiske tilhøve som moglege grunnar. Både tilflyttingsmønster, bustruktur og folkesetnad er ulik i dei to bygdene. Også den andre hypotesen vart styrkt, og dette forklarer Skaar mellom anna med auka mobilitet. Dei yngste reiser meir enn det dei eldre aldersgruppene gjorde då dei var yngre, og dei yngre kjem dermed lettare i kontakt med folk med andre dialektar. Dette gjer at dialekten endrar seg.

Den siste hypotesen vart styrkt av dataa frå Brattvågen, medan dataa frå Hildre svekte hypotesen. I dataa frå Brattvågen fann Skaar at det var i dei to eldste aldersgruppene at

kvinnene tydeleg nytta fleire yngre former, men at skilnadene mellom kjønna var små i den yngste aldersgruppa. Grunnen til at Skaar venta å finne at kvinnene brukte fleire yngre former enn menn, var at dette var tendensen i mange liknande studiar på den tida då Skaar arbeidde med avhandlinga si (jamfør 3.2.1.4). Skaar forklarer funna i den yngste aldersgruppa med ”at kjønnsrolledebatten dei siste åra truleg har ført til at dei som veks opp i dag, får ei meir einsarta oppseding enn før”. Skaar viser at ein ikkje kan seie at det er ein eintydig samanheng mellom språk og kjønn, for bygdene viste ulike tendensar (jamfør 3.2.1.4).

Når eg no skal formulere mine eigne hypotesar om dialekten i Brattvågen og på Hildre, tek eg utgangspunkt i det eg veit om bygdene (presentert i kapittel 2), den sosiolingvistiske teorien ovafor og resultata til Skaar. På grunn av at Brattvågen framleis har sentrumsfunksjon i forhold til Hildre, trur eg at Brattvågen framleis har fleire yngre former enn Hildre (jamfør 2.1). På grunn av auka interaksjon bygdene imellom dei siste tiåra (jamfør 2.1), trur eg språket i det to bygdene er blitt meir likt med åra. Fordi det er ungdom som oftast tek i bruk yngre dialektformer, trur eg det er den yngste aldersgruppa som har flest yngre former (jamfør 3.2.1.3 og 3.2.2.3). Sidan begge bygdene har meir kontakt med regionsenteret Ålesund enn dei hadde for 23 år sidan, trur eg alle aldersgruppene har fleire yngre former enn tidlegare. På grunn av at andre studiar viser at det ikkje er nokon klar skilnad mellom kjønna no lenger (jamfør 3.2.1.4), og fordi det ikkje var det då Skaar undersøkte dialekten, trur eg det heller ikkje er ein slik samanheng i Brattvågen og på Hildre.

Mine hypotesar blir då desse:

1. **Om språk og lokalitet:** Dei nyare formene er framleis mest utbreidde i tettstaden Brattvågen, men det er mindre skilnad mellom bygdene i 2005 enn det var i 1982.
2. **Om språk og alder:** Nyare språkdrag er framleis mest brukte i den yngste aldersgruppa, men alle dei tre aldersgruppene i 2005 nyttar fleire yngre former enn dei same aldersgruppene gjorde på 80-talet.
3. **Om språk og kjønn:** Som i 1982 er det liten eller ingen systematisk skilnad mellom kjønna i 2005 når det gjeld bruk av yngre variantar av dialekten.

## **4 Metode**

### **4.1 Innleiing**

Hudson peikar på ”fem steg i ein sosiolinguistisk studie” (1996: 150 – 155).<sup>17</sup> I tillegg til å gjennomføre ein pilotstudie aller først må granskaren:

1. velje informantar, ytre forhold og variablar,
2. samle inn tekstar eller data,
3. identifisere variablane og variantane,
4. bearbeide data (resultata) og
5. tolke resultata.

Dei vala forskaren tek i steg éin av prosessen, styrer resultata, og dei forventa resultata styrer vala i steg éin, peikar Hudson på. Det viktigaste valet ein forskar tek, meiner eg likevel er det eg vil føye til som eit ekstrasteg til dei fem stega Hudson presenterer, nemleg å *velje problemstilling*. Val av problemstilling(ar) kjem *før* både pilotstudien og dei fem stega Hudson legg vekt på, og problemstillinga(ne) granskaren vel, styrer val av *metode*. Metode er *framgangsmåten for innsamling og behandling av data* som blir nytta (Akselberg og Mæhlum 2003).

I dette kapitlet skal vi først sjå på ulike framgangsmåtar for innsamling og behandling av data: Vi skal sjå på longitudinelle studiar som metode generelt, og vi skal sjå korleis undersøkinga mi, saman med Skaar si, utgjer ein longitudinell studie (4.2). Vi skal sjå på forskjellar mellom kvantitativ og kvalitativ metode, og vi skal sjå korleis kvantitativ og kvalitativ metode blir nytta i mi eiga og Skaar si undersøking (4.3). Vidare skal vi sjå på kva for ulike datatypar som er vanlege generelt, og på dei som er brukte i denne undersøkinga spesielt (4.4). Vi skal dessutan sjå korleis informantar til sosiolinguistiske undersøkingar kan bli valde ut, og korleis dei er blitt valde ut i denne undersøkinga (4.5). Vi skal sjå korleis feltarbeidet mitt gjekk føre seg (4.6), og korleis datamaterialet vart behandla (4.7).

### **4.2 Longitudinelle studiar**

#### **4.2.1 Generelt**

”Den säkraste metoden att observera språkförändringar är just att gå tillbaka till samma samhälle med ett par, tre decenniers mellanrum och göra återkommande undersökningar med identiska eller mycket likartade metoder” (Sundgren 2002: 19). Sidan sosiolinguistikken er

---

<sup>17</sup> Sjølv om han først og fremst tek for seg kvantitativ metode, meiner eg dei fem stega han presenterer, skildrar fem punkt som er viktige både for kvantitativ og kvalitativ metode (jamfør 4.3).

ein relativt ny disiplin, har det ikkje før ganske nyleg vore mogleg å gjennomføre longitudinelle sosiolingvistiske studiar, studiar der vi tek *reell* eller *faktisk tid* (uttrykksmåten er henta frå engelsk *real time* (Chambers og Trudgill 1980: 88 – 89)), til hjelp for å studere språk i endring. Først i dei seinare åra har vi kunna ta til å gjere oss nytte av resultata av tidlegare sosiolingvistiske undersøkingar for å sjå språkutviklinga i eit lengre tidsperspektiv enn vi har høve til ved berre å studere språket synkront. No har sosiolingvisten høve til å drive diakrone sosiolingvistiske studiar som kan avdekke endringar mellom generasjonane over tid. Denne måten å studere språkendring på blir ofte sett i motsetning til å studere språkendring i *apparent time*, dvs. tilsynelatande tid (Chambers og Trudgill sst.).

Ved å sjå på ulike aldersgrupper kan vi studere det vi kan kalle synkron ”språkendring”. I mange språksamfunn finn vi variasjon mellom generasjonane, og vi *kan* tolke dette som at språket er i endring, men det kan også hende at forskjellane mellom aldersgruppene skuldast såkalla *livsfasespråk*, og ikkje ei verkeleg endring i språket (jamfør Labov 1994: 83ff.). Ved livsfasespråk tenkjer vi oss at dei unge går inn i rolla og mønsteret til dei eldre når dei blir eldre. Milroy og Gordon (2003: 36) forklarer dette på denne måten:

Synchronic indications of generational differences are not necessarily evidence of change in progress. Similar patterns emerge from cases of *age-grading* in which the use of a form is associated with a particular stage of life. These are stable patterns that are repeated in each generation; speakers begin to use the form around a certain age and eventually abandon it as they grow older.

Sjølv om det ikkje er gjennomført mange longitudinelle studiar, er det likevel gjort nokre få i Norden, og desse skal eg kommentere i det følgjande.

I 1938 – 40 undersøkte Anders Steinsholt (1964) (jamfør 1.3, 3.2.1.5 og 3.4.2) korleis bymålet i Larvik spreidde seg utover på bondelandet og bondebygda i Hedrum, sjølv om det tradisjonelle lokale talemålet stod sterkt. Steinsholt er, på grunn av denne granskinga, rekna for å vere den første som studerte språkleg regionalisering i Noreg (Akselberg 2003c: 163). 30 år seinare undersøkte han målet i Hedrum på nytt (Steinsholt 1972), og fann at bygdemålet hadde blitt trengt bort av bymålet. Ein annan longitudinell studie er det tidlegare nemnde (3.2.1.5, 3.2.2.3, 3.4.3 og 3.6.2) ”[å]terbesök[et] i Eskilstuna”, som Eva Sundgren gjorde, nesten 30 år etter at Bengt Nordberg (1972) hadde gjennomført ei undersøking av språket i den same byen. Sundgren fann at språkendringane var små.

Både Steinsholt og Sundgren studerte språket si utvikling over ein trettiårsperiode, altså frå ein generasjon til ein annan, men vi kan også gjennomføre longitudinelle studiar i eit kortare tidsperspektiv. Reidunn Hernes (1997 og 2002) har studert språket til ungdommar på Os over ein femårsperiode, og Ragnhild Haugen har studert talemålet i Sogndal over ein

sjuårsperiode (feltarbeida vart gjort i 1997, 2001 og 2003 (Helge Sandøy, munnleg opplysning, september 2006)). I Næstved, Danmark, har Tore Kristiansen (1999) studert språkhaldningar mellom unge i Næstved, med ni års mellomrom, men dette ligg på sida av det eg gjer i mitt arbeid sidan han berre undersøkjer språkhaldningar og ikkje faktisk språkbruk. Eg vil i tillegg nemne at det i København er planlagt å gjennomføre oppfølgingsstudiar til nokre av språkundersøkingane som vart gjennomførte der for nokre tiår sidan (Frans Gregersen, munnleg opplysning),<sup>18</sup> men det er usikkert kva tid vi får resultata frå desse undersøkingane.

Ved ein longitudinell studie kan vi gjennomføre *panelstudiar* eller *trendstudiar*, eller vi kan velje ei blanding av dei to metodane (Labov 1994: 76 og Sundgren 2002: 82 – 85). Ein panelstudie inneber å ta for seg dei same informantane ved begge undersøkingane, og samanlikne språket til desse bestemte personane på dei to ulike tidspunkt i historia. På denne måten kan vi sjå om det er skjedd endringar med språket til bestemte informantar. I ein trendstudie, derimot, er ikkje poenget å ha akkurat dei same personane i dei to undersøkingane, men den inneber å studere språket til personar som *oppfyller dei same kriteria*, som for eksempel alder, kjønn og bustad, på to ulike tidspunkt i historia. Også på denne måten kan vi sjå om språkbruken er blitt endra, men her ser vi altså på heile generasjonar, og ikkje på enkeltindivid. Steinsholt si granskning var ein trendstudie, medan Sundgren si oppfølgingsundersøking i Eskilstuna var både ein panel- og trendstudie. Nokre av Sundgren sine informantar er dei same som Bengt Nordberg nytta i 1967, medan mange er nye informantar. Framstillinga hennar tek først føre seg utviklinga på generasjonsnivå, og så blir desse resultata samanlikna med resultata frå enkeltindividet som var med i begge undersøkingane.

#### **4.2.2 Denne undersøkinga**

Mitt eige mastergradsarbeid er, som undertittelen på avhandlinga viser, ei oppfølgingsgranskning. Det metodiske poenget med denne *longitudinelle* studien, som Skaar si granskning og mi eiga granskning til saman utgjer, er altså at eg gjer bruk av Skaar sine metodar for å kunne samanlikne resultata våre på ein best mogleg måte. Studien er ein trendstudie, for som vi skal komme nærmare inn på seinare (i 4.5), valde eg å nytte same tal informantar fordelt på dei same kategoriane som Skaar gjorde, men eg har ikkje nytta dei same informantane. Eg nytta dei same metodane som Skaar gjorde i innsamlinga av data (sjå 4.4)

<sup>18</sup> Frå Frans Gregersen sitt foredrag ““It’s a jungle out there.” Om storbyen som sociolinguistisk feltarbeidsmark i historisk og metodologisk belysning”, Upus-konferansen i Kristiansand 26. – 28. mars 2006.

(jamfør Akselberg og Mæhlum 2003: 73). Dei språklege variablane eg såg på, var også dei same som Skaar såg på (jamfør 2.3).

Ved å sjå på tre ulike aldersgrupper undersøkte Skaar synkron ”språkendring” i Brattvågen og på Hildre. Skaar fann store forskjellar mellom generasjonane, *synkron variasjon*, og det kunne tyde på at dialekten var i endring. Men det var også mogleg at forskjellane mellom aldersgruppene var uttrykk for at det eksisterte livsfasespråk i dialekten, variantar av dialekten med språkformer knytte til eit bestemt alderssteg. Gjennom å samanlikne Skaar sitt arbeid med mitt eige materiale har eg eit godt høve til å studere *diakron språkendring*, og vi kan dermed finne ut om forskjellane mellom aldersgruppene frå 1982 representerte ei byrjande språkendring, eller om dei berre var eksempel på fenomenet livsfasespråk (jamfør 4.2.1).

Sjølv om eg har valt dei same metodane som Skaar brukte, kan arbeidet med ein longitudinell studie likevel by på metodiske problem når det ikkje er same personen som granskars språket i det aktuelle området andre gong som første gong. Det er vanskeleg å skape like opptaksvilkår når intervjuaaren ikkje er den same i begge undersøkingane. Men eg har undersøkt språket på ein måte som ligg tett opp til det viset Skaar gjorde det på ved å setje meg godt inn i Skaar sitt arbeid, og dessutan har eg hatt den same rettleiaren som Skaar hadde. I tillegg hadde eg kontakt med Skaar i arbeidsprosessen.

## 4.3 Kvantitativ og kvalitativ metode

### 4.3.1 Generelt

I språkvitskapen, som i generell metodelære, skil vi gjerne mellom to ulike måtar å samle inn og behandle data på, nemleg *kvantitativ* og *kvalitativ* metode. Det som kjenneteiknar ein kvantitativ sosiolinguistisk studie, er at han beskriv språkforholda med målbare størrelsar slik at vi kan rekne med forholdstal og berekne signifikans. Datagrunnlaget for kvantitative studiar skal helst vere representativt for det språksamfunnet undersøkinga gjeld. Vi nyttar relativt mange informantar, som skal vere tilfeldig utvalde. Det som derimot kjenneteiknar ein kvalitativ studie, er at han i stor grad fokuserer på språkbruken til *enkeltindivid*, han har få informantar, legg vekt på individuell motivasjon og på å tolke situasjonsopplevinga til informantane. Vi kan ikkje utan vidare generalisere utifrå resultata vi får (Akselberg og Mæhlum 2003).

Kvantitativ og kvalitativ metode kan verke som motsetningar, men dei blir ofte blanda i ei og same undersøking. Det er få sosiolinguistiske granskinger som er ei reindyrking av

anten den eine eller den andre metoden, og det er mykje som er felles for dei to metodane (jamfør 4.1).

På grunnlag av dei ulike fokusa som ulike typar sosiolingvistiske undersøkingar har, skil vi gjerne mellom sosiolingvistiske *makro*-, *meso*- og *mikrostudiar* når vi snakkar om undersøkingar (jamfør 1.3). Dei mest typiske kvantitative sosiolingvistiske undersøkingane blir gjerne kalla makrostudiar, fordi dei tek omsyn til makrofaktorar som for eksempel informantane sitt yrke, inntekt og utdanning (sosioøkonomiske forhold). William Labov si New York-undersøking (1966) er eit godt eksempel på ei makroundersøking. Kvalitative sosiolingvistiske undersøkingar blir gjerne kalla meso- og/eller mikrostudiar, og desse undersøkingane har individet og det individuelle hos informantane i sentrum. Brit Mæhlum si Svalbard-undersøking (1992) er eit godt eksempel på ein mikrostudie. I utprega mesostudiar, som mellom anna Lesley Milroy si Belfast-undersøking representerer, er informantane sitt nettverk viktig for tolkinga av resultata (jamfør 1.3).

Kvantitativ og kvalitativ metode kan altså på ulike vis gi innsikt i sosiolingvistiske problemstillingar, men kva for *veikskapar* har så dei to metodane? Kritikken mot kvantitative sosiolingvistiske studiar har gått på at slike studiar ikkje fokuserer på å forstå psyken til språkbrukaren og kva for psykologiske mekanismar som ligg bak dei språklege strategiane. Innafor den labovske forskingstradisjonen, utprega *kvantitativ* sosiolingvistikk, har ofte beskriving og forklaring blitt blanda saman. Ein annan veikskap med kvantitativ metode er at den låser analysen svært mykje til hypotesane forskaren har sett opp på førehand.

Kvalitative sosiolingvistiske studiar kan kritisera fordi ein utifrå ein studie med få informantar ikkje kan generalisere resultata og la dei vere representative for det språksamfunnet informanten lever i. Denne kritikken blir imøtegått med at kunnskapen ein får av ein slik studie, likevel kan vere relevant for andre språkgranskingar fordi ”den synliggjør hvilke mekanismar som kan være bestemmende for enkeltindividens språklige atferd” (Akselberg og Mæhlum 2003: 75). I kvantitative studiar er idealet at viss to forskrarar undersøkjer språket i eit språksamfunn med ein dags mellomrom, så skal begge få det same resultatet. I kvalitative språkstudiar er ikkje dette noko ideal, for ein tenkjer at det ikkje er mogleg å gjenskape den same situasjonen to gonger. Det er altså *vanskeleg å etterprøve* kvalitative undersøkingar. I kvalitative undersøkingar er dessutan tolkingsmoglegitene veldig store for granskaren på grunn av *subjektiviteten* hennar/hans. Ho eller han kan plukke ut enkelte sitat, og la andre sitat ligge, og om ein annan person skal tolke det same materialet, kan ho eller han plukke ut andre sitat, og få fram andre moment enn den første forskaren. I

verste fall kan to forskarar ende opp med å seie det motsette av kvarandre, på grunn av at dei legg vekt på ulike moment i datamaterialet.

Innafor alle vitskapar er omgrepene ‘paradigme’ viktig. Omgrepene kan forklara som ein skule, ei retning eller ein tradisjon som dominerer innafor forsking (Akselberg 1993: 55). Det kan argumenterast for at det har funne stad eit paradigmeskifte innafor norsk sosiolingvistikk, at forskinga har gått frå kvantitativ til kvalitativ metode. I løpet av dei åra disiplinen har eksistert, har forskinga blitt endra frå å vere dominert av empirisk og kvantitativ forsking knytt til sosioøkonomiske faktorar på makronivå, til å opne opp for ein kvalitativ metode på individ- og mikronivå, med vekt på forståing og menneskeleg samhandling. Det er likevel ikkje slik at ein har gått bort frå å nytte kvantitativ metode, og at ein har gått over til berre å nytte kvalitativ metode. Ein brukar i større grad kvantitativ og kvalitativ metode i kombinasjon. Det er derfor riktigare å snakke om at det har gått føre seg ein paradigmtransformasjon innafor sosiolingvistisk metode (Akselberg 1993: 81).

### **4.3.2 Denne undersøkinga**

I dette arbeidet ønskjer eg å både *beskrive* språkforholda og å *forklare* korfor forholda er som dei er i Brattvågen og på Hildre (jamfør målet mitt, presentert i 1.2), og Skaar hadde i stor grad det same målet. For å nå dette målet, har det vore nødvendig for meg å ta i bruk både kvantitativ og kvalitativ metode (jamfør 4.3.1), slik som Skaar gjorde i 1982.

## **4.4 Datatypar og testsituasjonar**

### **4.4.1 Generelt**

Det er mange ulike typar talemålsdata, og det er mange måtar å samle inn data på. Mange vel å samle inn data gjennom eit *intervju*, og det finst fleire ulike former for intervju: intervju med éin informant (forskar/intervjuar og informant), gruppeintervju (to eller fleire informantar, pluss forskar/intervjuar), eigenopptak (berre informantar), to eller fleire opptak av same informant (ein kombinasjon av dei ovafor) og ”skjulte mikrofonar” (opptak utan at informanten er klar over det). Ein *bildetest*, der intervjuaren viser informanten ein serie med bilde ho eller han skal kommentere, er også blitt brukt av enkelte (Skaar 1985 og Tunheim 1990). Eit skriftleg *spørjeskjema* eller ei *spørjeliste* er ein annan måte å samle inn språklege data på. Informantane kan her bli spurde om å krysse av for korleis dei trur dei snakkar. Eit slikt spørjeskjema får fram det vi kallar ”rapportert” språkbruk, altså den språkbruken informanten sjølv meiner han brukar, medan opptak av intervju dokumenterer ”registrert”

språkbruk. Vi kan også ta i bruk eit spørjeskjema, om vi for eksempel vil ha fram haldningar folk har til språk, eller om vi ønskjer å få vite kva kunnskap folk har om språk.

Situasjonen vi undersøkjer språket i, er avgjерande for det resultatet vi får i undersøkinga. I talemålsundersøkingar er det ofta *ureflektert språkproduksjon*, *the speaker's spontaneous, everyday speech* (Milroy 1987: 57) eller *the vernacular* (daglegspråket) vi vil ha tak i, fordi det er dette språket som er rekna som det mest ”naturlege” i talemålsbrukaren sitt register (jamfør 3.2.1.1). Men som mange har peika på, er det umogleg å skape heilt nøytrale situasjoner der vi kan få fram noko som kan vere det heilt ”naturlege” talemålet, fordi språkbruk *alltid* vil gå føre seg i ein sosial kontekst, og ”all utterances are affected by the audience, the topic and the setting” (Le Page og Tabouret-Keller 1985: 181). Ein informant i ei talemålsundersøking kan dessutan kanskje aldri heilt føle seg ”heime” og avslappa så lenge det er ein intervjuar til stades. Det er dette Labov kallar ”the observer's paradox”. Talemålsforskaren ønskjer å finne ut korleis folk snakkar når dei ikkje er under observasjon av ein forskar, og den måten ein innhentar slik informasjon på (utan å bruke skjult mikrofon), er systematisk observasjon (Akselberg og Mæhlum 2003: 79). Milroy meiner det er mogleg å unngå dette problemet ved at informanten tek med ein venn eller ein familiemedlem (1980: 24 – 25). Om ein frå nettverket er tilstades, og om forskaren er tilstades som *deltakande observatør*, kan ein kanskje få tak i ureflektert eller ”naturleg” språkproduksjon.

Det er altså metodisk vanskeleg å få tak i ureflektert eller ”naturleg” språkbruk, og, som vi veit, har språkbrukarar gjerne fleire register som ho eller han nyttar til dagleg. Det betyr at vi kanskje ikkje treng å streve mot å få tak i ”naturleg” språkbruk, fordi denne typen språkbruk berre utgjer *eitt* av regista ein språkbrukar råder over. Det blir kanskje viktigare å alltid *definere testsituasjonen*, og prøve å vere klar over kva veikskapar ulike testsituasjoner har, og kva påverknad testsituasjonen kan ha på informanten.

For at resultata frå samtalar med ulike informantar skal kunne samanliknast, er det viktig at tilhøva samtalane blir tatt opp under, er nokolunde like. Det kan vere lurt å nytte ei form for standardisert opplegg for å få like tilhøve for opptaka med informantane. Bruken av ein samtalegaid gjer at samtaleemna blir relativt like i alle samtalane. Informantane si oppfatting av situasjonen og av si rolle i situasjonen varierer likevel. Dei opplever situasjonen ulikt, nokre føler det veldig unaturleg og pressa, andre er meir avslappa under møtet. Dette kan påverke informantane sin språkbruk. Ein informant som har ei positiv oppleving av samtalesituasjonen, opplever kanskje situasjonen som relativt uformell og avslappa, og nyttar dermed ein kvardagsleg variant av dialekten sin, medan ein person som blir stressa av samtalesituasjonen, kanskje vil nytte ein meir formell variant av dialekten enn han gjer i dei

fleste andre situasjonar. Denne varierande opplevinga av situasjonen som informantane kan ha, er det viktig å ta høgd for når ein skal tolke resultata frå ei talemålsundersøking.

Intervjuaren sin kjennskap til språket ho eller han studerer, er viktig, og det er også viktig å ha kjennskap til samfunnsstrukturen i det aktuelle dialektområdet. Om intervjuaren kjenner begge desse forholda innafrå, kan det styrke undersøkinga. Dersom intervjuaren har den same dialekten som informanten, kan det bli sett på som positivt av informanten, som kan føle seg oppfordra til å bruke dialekten sin (Trudgill 1974, referert i Hudson 1996: 159).

## **4.4.2 Denne undersøkinga**

### **4.4.2.1 Innleiing**

Målet med denne undersøkinga har både ein deskriptiv og ein forklarande del (jamfør 1.2), og eg meiner at verdien av å nytte ulike datatypar og testsituasjonar for å undersøkje språket, derfor er stor. I feltarbeidet mitt, under møta med informantane mine, nytta eg som Skaar to ulike framgangsmåtar for å samle inn dei språklege dataa, nemleg ein *samtale* og ein *bildetest*, og ein tredje metode for å kartleggje haldninga til språk, nemleg ei *spørjeskjemagranskning*. Gjennom samtalen samla eg i tillegg inn opplysningar om haldninga til heimbygda. I det følgjande skal vi sjå korleis dei ulike datatypane vart samla inn.

### **4.4.2.2 Samtalen**

Informanten og eg hadde ein samtale på 20 minutt – 1, 5 time styrt av ein samtalegaid (vist i Vedlegg 2). Ved å bruke ein samtalegaid vart det enkelt for meg å styre samtalen, slik at han ikkje stoppa opp om informanten og eg skulle gå tom for samtaleemne. Samtalegaiden hadde eg utarbeidd på førehand, og eg testa han på to personar for å lære noko om intervjuTeknikk og situasjonen rundt eit intervju. Denne pilotgranskingsa viste seg å vere nyttig, for eg fann ut at nokre justeringar måtte til: Eg endra litt på ordlyden på nokre av spørsmåla og emna i samtalegaiden. Allereie under pilotgranskingsa merka eg at eg fekk mange belegg på enkelte av variablane, medan eg fekk ingen eller få belegg på andre variablar. Det var mellom anna vanskeleg å finne belegg for ein variabel som V06, men eg tenkte det var naturleg at det var lettare å få mange belegg for nokre av dei språklege variablane enn for andre, og såg ikkje på dette som noko problem.

Formålet med samtalane var for det første å få informantane til å prate mest mogleg, slik at eg skulle få mange belegg på dei ti språklege variablane. For det andre ville eg få tak i opplysningar om haldninga til heimbygda og språket der. Samtalegaiden var laga slik at

spørsmåla som hadde med språk og språkhaldninga å gjere, kom heilt til slutt, for at fokus ikkje vart *språk*, undersøkingsobjektet, før på slutten av samtaLEN.

Samtalane vart prega av at det for det meste var eg som spurde og informantane som svarte. Møta med den yngste aldersgruppa vart meir reine intervju, medan eg opplevde at møta med informantane i dei to eldste aldersgruppene verkeleg vart *samtalar*. Skaar hadde den same opplevinga som meg på dette punktet (Kjell Arne Skaar, munnleg opplysning, september 2006). Om informantane opplevde situasjonen som ein samtale eller som eit intervju, kan ha hatt noko å seie for språkbruken deira (jamfør 4.4.1).

#### 4.4.2.3 Bildetesten

Mot slutten av samtaLEN gjennomførte eg som Skaar ein bildetest, som bestod i at eg viste informanten ein serie med 34 teikningar som informanten skulle kommentere (sjå Vedlegg 3).<sup>19</sup> Bildetesten hadde eg utarbeidd på førehand, og eg testa den samtidig med samtaLEN i pilotgranskingsa. Nokre justeringar måtte til på bildetesten også: Nokre av bilda måtte vekk, og andre kom til.

Formålet med bildetesten var å få eit sett med data som kunne samanliknast med dataa frå samtaLEN, og dessutan sikre meg eit visst tal belegg på alle dei språklege variablane, for ved at eg sjølv valde ut teikningane, hadde eg god kontroll på kva for ord informantane brukte i svara sine. Om vi ser på resultata frå Skaar sin bruk av bildetest, ser vi at resultata stemmer godt med resultata frå samtaLEN. Denne typen datainnsamling kan minne litt om innsamling som blir gjort ved hjelp av spørjelister, som gjerne fører til at informanten blir bevisst språkbruken sin. Vi kan kanskje tenkte oss at bildetesten vil kunne få fram svar som går i den leia informantane har sin ”ønskete identitet” i: Om informanten er stolt over heimemålet sitt, kan vi sjå for oss at ho eller han vil sjølvrapportere i retning fleire eldre former, og om informanten skjemmest over heimemålet sitt, kan vi sjå for oss at ho eller han vil sjølvrapportere i retning fleire yngre former.

#### 4.4.2.4 Spørjeskjemagranskingsa

Med det målet å skulle forklare *korfor* språket var som det var i Brattvågen og på Hildre, utarbeidde Skaar eit spørjeskjema som skulle undersøke språkhaldningar, språkleg bevisstheit, språklege sinksjonar og situasjonelle språkendringar. Det same spørjeskjemaet (sjå Vedlegg 4) nytta eg også, for å nå den andre delen (den forklarande delen) av målet mitt

<sup>19</sup> Bildetesten som Skaar laga i 1982 er dessverre gått tapt (verken Skaar eller Nordisk institutt i Bergen har den i dag), og eg hadde derfor ikkje moglegheit til å vise informantane dei same bilda som Skaar viste sine informantar, noko som metodisk sett ville vore ideelt i ein longitudinell studie.

(jamfør 1.2). Eg trur at informantane sine språkhaldningar kan gi moglege forklaringar på korfor språket i bygdene har den (eventuelle) variasjonen det har, og korfor språket i bygdene har endra seg (eller ikkje) på dei 23 åra mellom Skaar si undersøking og mi eiga. Ved hjelp av spørsmåla kom det også fram i kor stor grad informantane har kontakt med ålesundarar, og ved hjelp av svara vil eg i drøftinga, kapittel 6, prøve å nærme meg eit svar på spørsmålet om retninga på talemålsutviklinga i bygdene.

Spørjeskjema som metode for innsamling av informasjon om språkhaldningar er omdiskutert (i mellom anna Seim 2005). Eit spørjeskjema inneber ei *direkte* måling. Når vi får eit spørjeskjema mellom hendene, kan vi gjerne bli overvelta av alle dei direkte spørsmåla og alle svaralternativa, og det er kanskje lett å krysse raskt av, berre for å bli fortast mogleg ferdig med det. Vi kan altså få ein situasjon der informantar produserer meininger dei kanskje ikkje har, om emne dei kanskje aldri har reflektert rundt før, for å bli ferdige med spørsmåla. Då får vi ikkje tak i dei ”eigentlege” språkhaldningane folk har (jamfør Sandøy, foredrag under MONS, Bergen, 26. november 2005). Dette kan vere ein veikskap med den direkte forma spørsmåla på spørjeskjemaet mitt har. I ein samtale kan vi kanskje lettare lokke fram underbevisste språkhaldningar ved at informantane ”røper” seg, og desse underbevisste språkhaldningane er kanskje meir ”ekte” enn dei bevisste språkhaldningane vi får fram gjennom eit spørjeskjema (jamfør Kristiansen 1999).

Spørjeskjemagranskingsa vart altså brukt til å få svar på spørsmål som har med mellom anna språkhaldningar å gjere, men ho vart aller først nytta, både av Skaar og meg sjølv, til å finne moglege informantar til den yngste aldersgruppa. Norsklærarane ved Brattvåg ungdomsskule delte ut spørjeskjemaet til alle 8.- og 9.-klassingane frå Brattvågen og Hildre som hadde minst éin forelder frå ei av bygdene, før eg sette i gang med intervjuia. På denne måten fann eg ut kven av elevane som kunne bli dei yngre informantane mine. (Meir om dette under 4.5.)<sup>20</sup>

Eg såg ikkje noko stort problem med å skulle la ungdomsskuleelevene svare *skriftleg* på spørjeskjemaet, for i og med at dei går på skule, er dei vane med å svare skriftleg på spørsmål. Eg fekk likevel erfare at ungdommane svarte veldig kort på dei fleste spørsmåla, og eg fekk ikkje så mykje informasjon ut av spørjeskjemaet som eg hadde håpa. Men eg oppnådde altså å

<sup>20</sup> Spørjeskjemaet blir nytta ulikt av Skaar og meg sjølv. Skaar nytta spørjeskjemaet berre på dei yngre informantane, men eg brukar skjemaet på dei yngre og dei midaldra informantane. Skaar delte dessutan ut spørjeskjemaet til alle 8.- og 9.-klassingane frå Brattvågen, Hildre og Søvik ved ungdomsskulen i Brattvågen, medan eg nøyde meg med elevane frå Brattvågen og Hildre. Skaar tok med elevane frå Søvik for å ha større samanlikningsgrunnlag, men eg vurderte det som meir interessant å få eit fyldigare bilde av dei informantane eg allereie har, og valde derfor å heller gjennomføre spørjeskjemagranskingsa blant dei yngre og dei midaldra informantane frå Brattvågen og Hildre enn mellom yngre frå Søvik (i tillegg til dei yngre frå Brattvågen og Hildre).

finne informantar til den yngste aldersgruppa, og då eg trefte desse yngre informantane, gjekk eg gjennom spørsmåla på nytt munnleg og bad dei om å utdjupe svara sine. På denne måten fekk eg litt meir informasjon. I møtet med dei midaldra og dei eldre informantane hadde eg spørjeskjemaet framfor meg, og så stilte eg spørsmåla *munnleg*, for å prøve å unngå at informantane skulle bli overvelta av alle spørsmåla. Eg skreiv sjølv ned svara og kryssa ut på skjemaet. Eg trur dette var ein god måte å få svar på det eg lurte på, fordi eg trur at det for mange av desse informantane kanskje er uvant å skulle lese og svare på eit spørjeskjema som går over fleire sider. Informantane tok seg god tid og svarte villig på spørsmåla, men likevel fekk eg heller ikkje her den mengda informasjon eg hadde sett for meg.

Kunne eg ha stilt spørsmåla på ein måte som ville gjort informantane sine svar meir informative? Eg ser i ettertid at det kunne eg ha gjort. Enkelte av spørsmåla (for eksempel nummer 15) er vanskelege å svare på for folk som kanskje ikkje har tenkt noko særleg på ulike sider ved dialekten sin, men ein god grunn til å stille dei same spørsmåla som Skaar gjorde, var at det då vart enkelt å samanlikne resultata våre.

#### 4.4.2.5 Avslutning

Datamaterialet for denne undersøkinga består altså av språklege data frå ein samtale og ein bildetest, og opplysningar om språk og språkhaldninga frå ei spørjeskjemagranskning. I tillegg kom haldninga om språk og heimbygd fram gjennom samtalen nemnd ovafor.

Eg er som Trudgill ”innfødd” i dialektområdet eg studerer. På same måte som det vart sett på som positivt at Trudgill sjølv var frå Norwich (jamfør 4.4.1), området han granska dialekten i, kan ein rekne med at informantane ser det som positivt at eg sjølv er frå Brattvågen. Eit spørsmål blir likevel om hildrestrandningane oppfattar meg på same måte som brattvågarane gjer, ”som ein av dei”, og om dialektbruken min verkar på same måte på begge informantgruppene. I tillegg er det usikkert om Skaar og eg vart oppfatta nokolunde likt av informantane, og om vi hadde den same effekten på dei. Både under opptaka i 1982 og i 2005 kan det dessutan tenkast at informantane valde språkformer etter det ho eller han fann passande, eller det ho eller han trudde Skaar og eg ønskte å høyre. Kva retning påverknaden tok, var nok avhengig av relasjonen mellom dei som vart intervjuia og vi som var intervjuarar, og denne relasjonen er det ikkje lett å definere og måle. Dette kjem eg tilbake til under drøftinga av resultata (6.6.2).

Som Skaar har eg altså samla inn *språklege* data på to ulike måtar, men eg vil ikkje vekte dataa frå dei to undersøkingsmetodane like tungt. Presentasjonen av resultata, kapittel 5, ville blitt svært omfattande dersom eg skulle integrere *alle* tala (både dei frå samtalen og dei

frå bildetesten) frå Skaar si og mi eiga undersøking i sjølve avhandlinga. Bildetesten blir ståande berre som ei utfylling og eit supplement til samtalen, og størstedelen av resultata frå bildetesten vil bli plassert i vedlegg (Vedlegg 6).

Grunnen til at det er samtalen, og ikkje bildetesten, som får utgjere det viktigaste språklege datamaterialet, er at eg meiner at samtalen, som eg trur vart oppfatta som relativt uformell, og situasjonen rundt den, var mindre manipulert og styrt enn bildetesten. Samanlikna med samtalen fokuserte bildetesten etter mi meining i mykje større grad på det språklege uttrykket, for ved at informantane fekk ei teikning framføre seg, lurte dei på kva for ord eg var ute etter, og fokuset på sjølve studieobjektet, språket, vart større enn ved samtalen. Mange av teikningane var så enkle at det ikkje var tvil om kva ord eg var interessert i. Om teikningane hadde vore meir detaljerte, eller om eg hadde nytta detaljrike utklipp frå blad eller aviser, trur eg fokuset på det språklege hadde blitt mindre, og då kunne nok bildetesten fungert betre enn han gjorde.

Når dette er sagt, meiner eg likevel at dataa frå bildetesten er interessante og fullt brukbare som data i ei sosiolinguistisk undersøking, i allfall om vi passar på å definere testsituasjonen før vi tolkar dataa (jamfør 4.4.1). Vi må vere klare over veikskapane bildetesten har, og kva for påverknad testsituasjonen kan ha på informanten (jamfør 4.4.1 og 4.4.2.3).

## 4.5 Informantutval

### 4.5.1 *Tilfeldig eller ikkje tilfeldig utval?*

Når vi skal studere talemålet i ei bygd eller i ein by, er det sjeldan vi har moglegheit til å studere talemålet til heile populasjonen, og vi må derfor bestemme oss for ein måte å velje ut informantar på. For val av informantar har vi to utvalsstrategiar, nemleg tilfeldig utval og ikkje tilfeldig utval. Om vi vil trekke korrekte slutningar om *heile* språket i eit samfunn, er det viktig at ”stikkprøva” granskaren tek, er *representativ*, og at vi kan lage hypotesar om at sambygdingar som oppfyller dei same kriterium, vil ha dei same språktendensane som ”stikkprøva” viser. Vi bør då ideelt sorgje for å ha eit utval informantar som er representative også for resten av populasjonen i språksamfunnet. Eit *tilfeldig utval* informantar tryggjar at ”stikkprøva” blir ein *liten kopi* av befolkninga.

Sjølv om vi har tilfeldig informantutveljing, må vi *definere studieobjektet*, altså bestemme kva alder, kjønn, bustad og annan bakgrunn informantane skal ha. Etter at vi har bestemt oss for kva kriterium som skal gjelde, kan vi ved hjelp av for eksempel folk som har

oversikt over populasjonen i det aktuelle området, lage lister med namn på potensielle informantar som tilfredsstiller informantkriteria, og dele inn befolkninga i undergrupper etter dei relevante sosiale variablane. Deretter kan vi trekke lodd mellom dei som er på desse listene over potensielle informantar. Ei slik utveljing kallar vi *stratifert* utveljing (jamfør Nordberg 1982: 95). Om vi har mange sosiale variablar, og populasjonen er liten, kan dette føre til små undergrupper eller seller, og det kan bli vanskeleg å få nok informantar til alle sellene. I bearbeidinga og framstillinga av dataa er det uproblematisk når vi held oss på prosentnivå, men det kan gjere materialet mindre representativt og påliteleg.

Om vi ikkje brukar tilfeldig utveljing, kan vi på ulike vis handplukke dei informantane vi ønskjer. På denne måten kan vi få informantar som har ein interessant (språkleg) bakgrunn for akkurat den sida ved språket vi vil studere, eller folk som er positive og som vi veit likar å snakke. Ein måte å drive slik styrt informantutveljing på, er den som Lesley Milroy (1980) nytta i Belfast, nemleg at ho gjekk vegen gjennom ”venners venner”. Ho rekrutterte informantar ved å bli introdusert for venner av dei informantane ho allereie hadde. I utprega kvalitative studiar er informantane ofte plukka ut etter ei slik styrt og ikkje tilfeldig utveljing, og i kvantitative undersøkingar nyttar vi oftast tilfeldig utval.<sup>21</sup>

## 4.5.2 *Informantane mine*

### 4.5.2.1 Utvalskriteria

Vala er, som vist ovafor, mange når vi skal bestemme kva for informantar vi vil ha med i ei undersøking. I arbeidet mitt sette eg i utgangspunktet to krav til informantane mine, slik Skaar (1985: 23) gjorde, og slik mange andre granskarar har gjort (Akselberg og Mæhlum 2003: 82).

1. Informanten skal ha budd i bygda sidan femårsalderen.
2. Minst ein av foreldra til informanten skal vere fødd og oppvaksen i bygda.

Etter at eg var i gang med feltarbeidet, bestemte eg meg for at det siste av desse to kriteria ikkje skulle vere absolutt. Det var fleire grunnar til det. For det første er det vanskeleg å finne eldre Brattvåg-informantar som oppfyller kriteriet, på grunn av at det har budd folk i Brattvågen i berre 95 år, og dei over seksti er barn av dei første som kom til bygda. Dette peikar Skaar (1985: 23) på også, og han løyste dette ved å sette som premiss at ein av foreldra måtte komme frå ei av nabobygdene. Tre av dei fire eldre Brattvåg-informantane mine oppfylte dette kriteriet, dei hadde minst ein forelder frå Hildre. Den fjerde informantan min

<sup>21</sup> Underkapitlet 4.5.1 er basert på Akselberg og Mæhlum 2003: 74 – 83, Haugen 1997: 40 – 43, Nordberg 1982: 95 – 98 og Venås 1991: 154ff.

hadde ein forelder frå Skodje, ei sunnmørsbygd som ligg sirkka 20 minutt frå Brattvågen. Eg lét dette passere, for Skodje kan karakteriserast som ei nabobygd. Ein annan grunn til at kriterium nummer to ikkje var absolutt i granskingsa mi, var at det er eitt tilfelle av avvik mellom dei yngste Brattvåg-informantane også. Informanten uttrykte først at mora var fødd og oppvachsen i bygda, men så viste det seg, etter at samtaLEN hadde starta, at mora hadde budd vekke frå bygda til ho var sirkka fire. Eg lét også det passere, fordi familien til informanten min har ei lang historie i bygda på morssida. Besteforeldra er frå bygda, og oldeforeldra til informanten var mellom dei første innflyttarane.

Det er allment akseptert å arbeide utifrå dei krava som vart presenterte ovafor, men vi må vere klare over at mange av innbyggjarane i bygdene blir ekskluderte på denne måten, for det er mange *innflyttarar* i begge bygdene. Vi må rekne med at desse innflyttarane og ungane deira er med på å farge det totale dialektbildet i bygdene. Når eg likevel ikkje tok dei med i undersøkinga mi, var det fordi intensjonen min er å finne ut noko om den dialekten eg meiner blir oppfatta som ”brattvåg- og hildremål” i den kollektive bevisstheita i bygdene, nemleg den lokale dialekten (jamfør 2.2.1) til dei ”innfødde”. Eg aksepterer altså ein lokal brattvåg- og hildredialekt som ein kognitiv størrelse når eg vel denne måten å undersøkje språket på (jamfør 2.2.1). Innflyttarane og dei dialektane dei snakkar, blir dermed ståande på sida av denne undersøkinga. Eg vurderer utvalet mitt som *representativt* for ”innfødde” i Brattvågen og på Hildre, som oppfyller dei same kriteria som eg stilte til mine informantar.

I tråd med det Skaar gjorde, har eg som nemnt 24 informantar i alt, 12 frå Brattvågen og 12 frå Hildre, fordelt på 12 seller etter lokalitet, alder og kjønn:

Frå Brattvågen: 2 yngre kvinner, 2 yngre menn, 2 midaldra kvinner, 2 midaldra menn, 2 eldre kvinner og 2 eldre menn.

Frå Hildre: 2 yngre kvinner, 2 yngre menn, 2 midaldra kvinner, 2 midaldra menn, 2 eldre kvinner og 2 eldre menn.

Dei yngre informantane på sirkka 15 år er elevar i 9. og 10. (tidlegare 8. og 9.) klasse ved ungdomsskulen i Brattvågen. Dei midaldra informantane er personar mellom 30 og 45 år, og dei eldre informantane er personar over 60 år.

#### **4.5.2.2 Utveljinga av informantane**

Den yngste aldersgruppa rekrutterte eg gjennom Brattvåg ungdomsskule, fordi det var praktisk at alle dei potensielle yngre informantane var samla på ein stad. Eit par veker før eg tok til med feltarbeidet, avtalte eg per telefon med rektoren ved skulen at eg skulle få lov til å dele ut spørjeskjemaet til elevane i 9. og 10. klasse frå Brattvågen og frå Hildre for å finne

informantar. I byrjinga av feltarbeidet heldt eg ein liten presentasjon av prosjektet for lærarane på skulen, og etterpå snakka eg med norsklærarane i 8. og 9. klasse, og det var dei som delte ut og samla inn spørjeskjemaet i klassene. Eg gjekk gjennom dei utfylte spørjeskjema og fann ut kven som hadde ein forelder frå ei av bygdene, og om dei hadde budd på heimplassen sidan dei var minst fem år gamle. Eg sat att med ei liste med sirkatnamn frå Hildre, og meir enn det dobbelte frå Brattvågen, og utifrå denne lista trekte eg ut dei åtte yngre informantane. Norsklærarane til desse åtte elevane sa ifrå til elevane det gjaldt, og vi avtalte tid for møta.

For å finne informantar til dei to eldste aldersgruppene, tok eg utgangspunkt i papirutgåva av telefonkatalogen. Eg skreiv opp alle namna på brattvågarar og hildrestrandinger frå katalogen og gjekk gjennom lista og strauk ut namn på personar som ikkje passa som informantar på grunn av dei to ovafor nemnde kriteria. Eg fekk diverse personar eg kjenner til å gå gjennom lista og stryke namn som ikkje passa. Alle desse eg først fekk til å hjelpe meg med utveljinga, var brattvågarar, men dei hadde likevel ein del kjennskap til hildrestrandingerne. Det var likevel slik at dei ikkje hadde full oversikt over befolkninga i nabobygda, og eg fekk ein kjenning frå Hildre til å hjelpe meg med den vidare utveljinga av hildrestrandingerne. Etter denne første delen av utveljinga sat eg att med mellom 30 og 50 namn på brattvågarar og mellom fem og ti namn på hildrestrandinger på kvar av listene med potensielle informantar, og eg trekte ut (jamfør Hellevik 1995: 67 – 84) fire namn frå kvar selle, altså fire midaldra kvinner, fire eldre kvinner, fire midaldra menn osv. Dei to første uttrekte ville eg først kontakte, men i tilfelle desse to skulle seie nei, hadde eg to namn som vara frå kvar selle.

Eg var usikker på kva som var den beste måten å kontakte informantane på, og eg nytta fleire ulike strategiar. Dei eg kjente godt, gjekk eg heim til og spurde direkte, eller eg ringte dei (slik Ragnhild Haugen (1997) gjorde det i Sogndal). Dei eg ikkje kjente så godt, sendte eg først brev til (sjå Vedlegg 1), og etter eit par dagar ringte eg og spurde dei (slik som Anne Marit Bødal (2003) gjorde). Den siste strategien eg nytta, brukte eg på hildrestrandingerne: Eg fekk den ovafor nemnde kjenningen min til å ringe dei potensielle hildreinformantane for meg, fordi ho kjende dei, og dermed ville ho kanskje ha betre føresetnader til å påverke dei til å seie ”ja” til å bli med på undersøkinga. Folk i begge bygdene viste seg å vere velvillige, og berre nokre få sa ”nei”, men då ringte eg berre til vara på lista, som sa ”ja”.

Ein av grunnane til at folk var positive, var kanskje at dei allereie hadde hørt om prosjektet mitt, for med ein gong eg kom til Sunnmøre for å gjere feltarbeid, tok eg kontakt med lokalavisa, *Haramsnytt*, som spanderte ei halv side på prosjektet mitt (*Haramsnytt* 4.

oktober 2005). Artikkelen i avisa fortalte, i grove trekk, om prosjektet mitt, og oppmoda folk om å stille opp som informantar om dei vart spurde. Det hjelpte meg, for ”alle” i både Brattvågen og på Hildre les *Haramsnytt*, og då eg byrja å ta kontakt med dei potensielle informantane, visste nokre av dei allereie kva eg heldt på med, og at eg hadde behov for informantar. Fordi avisartikkelen ikkje avslørte meir enn det eg sjølv presenterte i møtet med dei, trur eg ikkje denne førehandsannonseringa som nokre av informantane vart presenterte for, har fått innverknad på resultatet frå undersøkinga.

Å nytte telefonkatalogen som utgangspunkt for utveljinga har den ulempa at ein del av innbyggjarane, dei som ikkje står i katalogen, ikkje får sjansen til å vere med på lista over potensielle informantar. Eg trur likevel ikkje at dette har stor innverknad på resultatet, for eg trur ikkje det skal vere nokon stor skilnad mellom språkbruken til folk som står oppført i papirutgåva av katalogen og dei som ikkje gjer det. Den einaste ulempa eg kan tenkje meg, er at eg kunne fått problem med å rekruttere midaldra informantar, for desse (kanskje helst dei yngste i denne aldersgruppa, dei i byrjinga av tretti-åra) kan ein tenkje seg ikkje har fasttelefon, men berre mobiltelefon, som ikkje alltid står oppført i telefonkatalogen. Eg erfarte likevel at det ikkje var noko problem å få nok namn på midaldra personar på listene mine. Eit alternativ til å bruke telefonkatalogen kunne vore å bruke ei fullstendig manntalsliste frå kommunen, og dette hadde gjerne vore ei betre løysing enn den eg valde. Problemet med denne løysinga er at det kostar ein del pengar og kan innebere lange søkerundar gjennom datatilsynet (Helge Sandøy, munnleg opplysning).

Eg kontrollerte altså ved hjelp av kjenningar som hadde god kjennskap til folk i bygda, om informantane mine hadde riktig alder, bakgrunn og foreldrebakgrunn før eg gjennomførte uttrekkinga av informantane innafor kvar selle. Det tilfeldige utvalet er sikra ved at eg deretter brukte loddtrekning frå listene. Eg trur eg kan nå målet mitt gjennom det valet eg har gjort med omsyn til informantutvalet. Eg meiner, som nemnt tidlegare, at utvalet er representativt for ”innfødde” i Brattvågen og på Hildre, men med visse etterhald, for om det skal gjelde for andre innbyggjarar i dei to bygdene, må desse oppfylle dei same kriteria som eg stilte til mine informantar.

## 4.6 Møtet med informantane

Når det gjeld situasjonen rundt sjølve møta, valde eg dei same rammene for møta som Skaar gjorde: Skaar tenkte at det beste ville vere å snakke med informantane heime hos dei sjølve, for at situasjonen skulle bli mest mogleg avslappa for dei. Dette gjennomførte eg med

informantane i dei to eldste aldersgruppene. Eg kjente ingen av Hildre-informantane frå før, og halvparten av Brattvåg-informantane var folk eg berre kjente til, men ikkje kjente godt. Eg opplevde det som ein fin ting å få komme heim til informantane. Eg vart som Skaar godt mottatt, og overalt kor eg kom, fekk eg kaffi eller te, og eg opplevde at kaffikoppen var med på å gjere situasjonen rundt opptaka mindre formell.

Dei fleste intervjuet vil eg karakterisere som vellukka, men eitt intervju vil eg trekke fram som mindre vellukka. Då eg intervjuet informant 11, ein eldre mann frå Brattvågen, opplevde eg at han snakka ganske annleis med ein gong opptaksutstyret vart sett i gang, spesielt under bildetesten. Han legg merke til det sjølv også, for han seier: ”nei, no bjønd ej å snakke ålesunder”. Målet mitt var å finne ut korleis informantane snakkar ”til vanleg”, og sidan han endrar språket sitt så tydeleg, trur eg vi kan karakterisere intervjuet som mindre vellukka.

Når det gjeld ungdomsskuleelevane, vurderte eg det som like godt å intervju dei på ungdomsskulen, for dei ville kanskje finne dét meir naturleg og avslappande enn om dei skulle møte meg heime hos foreldra sine. Rektor og lærarane la forholda godt til rette for meg på skulen. Eg fekk halde til på eit grupperom, og elevane fekk fri frå undervisninga for å snakke med meg. Berre det at dei fekk fri frå undervisninga, var ofte nok til at dei kom inn til meg med ei positiv innstilling til det som skulle skje. Ein informant hadde eg likevel litt problem med å få i tale, men det viste seg seinare at det han hadde sagt var nok til at eg kunne bruke opptaket likevel.

I den første delen av møtet med informantane snakka vi om laust og fast, og eg fortalte om prosjektet mitt og litt om meg sjølv. Etter denne innleiande delen vart opptaket sett i gang, og eg gjekk over til emna på samtalegaiden. Dei fleste av informantane prata villig og mykje om dei fleste emna vi var innom, og mange av dei midaldra og dei eldre informantane gav uttrykk for at dei syntest det var artig å få vere med å bidra til å dokumentere ”eit lite stykke lokalhistorie”. Møta med desse informantane varte i to-tre timer, i motsetning til møta med dei yngre, som ikkje varte stort lengre enn den tida opptaksutstyret var på. Sjølv om det var dei midaldra og dei eldre informantane som var mest positive, fekk eg likevel inntrykk av at også dei yngre informantane syntest det var kjekt å få vere med i undersøkinga.

## 4.7 Behandlinga av datamaterialet

### 4.7.1 Utveljing

Etter at datainnsamlinga var gjennomført, sat eg igjen med 24 opptak på alt frå 30 til 60 minutt, inkludert både samtalen og bildetesten. Sjølv om eg stort sett hadde snakka om dei same tinga med alle informantane, var nokre av informantane meir ivrige etter å prate enn andre, og vi brukte dermed meir tid på å komme gjennom punkta på samtalegaiden. For at dei pratsame informantane ikkje skulle få for stor innverknad på resultatet, bestemte eg meg for å ikkje å ta omsyn til heile datamaterialet mitt, men eit bestemt tal ord frå kvar informant. Eg fann ut at 1000 ord frå kvar informant var passande datamateriale frå samtalen. Dette tilsvarer eit opptak på 10-15 minutt. I tillegg kjem bildetesten, som tek om lag 15 minutt. Når det gjeld bildetesten, var det naturleg å ta med heile opptaket, for her har alle informantane nesten like mange ord. Til saman utgjer altså datamaterialet mitt sirkka ein halv time med opptak per informant.

### 4.7.2 Gjennomlytting, transkribering, koding og utrekning

Då eg var vel tilbake i Bergen, starta eg på eit arbeid som kravde tolmod, nemleg det å skulle lytte gjennom alle opptaka, transkribere kvart ord som vart sagt, prøve å finne eit system for å kunne telje opp alle dei ti variablane og rekne ut resultata.

Eg starta med å utarbeide to avkryssingsskjema (sjå Vedlegg 2 og 3) til bruk for bildetesten og samtalen. Deretter lytta eg gjennom bildetesten og talde opp resultata. Oppteljinga av datamaterialet gjekk føre seg utan at eg hadde større problem, men ved nokre av variablane var det litt vanskeleg å identifisere kva for ein av dei to variantane av variabelen informantane brukte. Dette gjeld særleg V05 (/ø/ eller /ɔ/), men også ved V08 (/ɛ/ eller /i/ føre /ŋ/ og /ŋk/). Eg brukte frå 50 minutt til ein og ein halv time, effektiv tid, per informant på denne oppteljinga. Deretter gjekk eg i gang med å transkribere samtalane (etter normalortografi), og det tok meg mellom ein time og to og ein halv time per informant, effektiv tid. Etter at eg hadde skrive ned det informanten sa, gjekk eg gjennom opptaka på nytt, med transkripsjonen framfor meg, og *koda* dei orda som var relevante for dei ti språklege variablane. Kvar gong ein av dei elleve variablane dukka opp, markerte eg det i teksten med parentes, og så talde eg opp resultata.

Så over til måten resultata har blitt rekna ut på: Vi har mange val i arbeidet med å presentere resultata frå ei talemålsundersøking. Tala kan framstilla *abstrakt*, med %-tal (for eksempel 20 % yngre former), eller *konkret*, med tala på belegg (for eksempel 46 yngre

former av 52 former totalt). Som Skaar brukar eg ein kombinasjon av desse to måtane: I sjølve resultatpresentasjonen er eg opptatt av dei jamførebare forholdstala, altså %-tal (prosent yngre former)<sup>22</sup>, og i vedlegg blir talet på belegg presentert (Vedlegg 6).

Etter oppteljinga av resultata frå undersøkinga sat eg att med mange skjema som viste talet på belegg kvar enkelt informant hadde, variabel for variabel. For kvar enkeltinformant rekna eg ut % yngre former for kvar enkelt variabel, og deretter rekna eg ut resultata på gruppenivå. Med slike %-tal tel kvar einskild informant like mykje når vi deretter på ulike gruppenivå reknar ut gjennomsnittet for alle informantane. Eg har altså ikkje lagt saman alle belegg frå alle informantane, og deretter rekna ut % yngre former. Då ville eg fått eit anna tal. På den måten eg reknar, verkar ein variabel som er lite frekvent (for eksempel variabel 06), og som vi derfor har få belegg på, like mykje inn på summen av den totale prosentfordelinga som ein variabel som vi har mange belegg for (for eksempel variabel 01). Om vi derimot reknar med talet på belegga totalt, tel kvart enkelt belegg på dei hyppige variablane like mykje som kvart enkelt belegg for dei uvanlege variablane. Min måte å rekne på kan sjåast på som *problematisch*, dersom vi reknar dei frekvente variablane som viktigare trekk i dialekten. Eg har likevel valt å tenkje på den første måten, for å gjere tala jamførbare med Skaar sine. Men poenget med ein alternativ reknemåte vil bli drøfta seinare (under 6.6.2.2).

Eg fekk ikkje like mange belegg på alle variablane, men gjennom heile resultatpresentasjonen kjem eg til å markere med stjerner (\*\*\*) tilfella der talgrunnlaget er svakt på gruppenivå, for å ta vare på forsiktigheitskravet: Vi skal vere forsiktige med å trekke slutningar om språket utifrå få belegg.

---

<sup>22</sup> Alle prosenttala blir presenterte utan desimalar, for å gjere det enklare for lesaren, men dette fører til at om vi ser nøye på tala, vil summane ofte ikkje vere 100 %.

## **5 Presentasjon av resultata**

### **5.1 Innleiing**

I denne presentasjonen av resultata skal vi sjå dei innsamla dataa i samband med målet mitt (jamfør 1.2). Vi byrjar med å sjå på dei dataa som dekker den *deskriptive* delen av målet mitt: Vi skal sjå kva for variasjon som eksisterer i språket i Brattvågen og på Hildre i dag, og vi skal sjå på dei (eventuelle) endringane som har funne stad dei siste 23 åra (5.2). Dette vil bli gjort med utgangspunkt i dei tre hypotesane mine (jamfør 3.7): Først skal vi sjå på variasjon og endring etter lokalitet (5.2.2), så skal vi sjå på variasjon og endring etter alder (og lokalitet) (5.2.3) og deretter variasjon og endring etter kjønn (og lokalitet) (5.2.4). Så følgjer ein tabell som viser i kva grad informantane har kategorisk eller variabel språkbruk, dvs. om informantane er konsekvente i val av variant innafor ein og same variabel (5.3), og denne delen kan også sjåast i samband med den første, *deskriptive*, delen av målet mitt.

Vidare skal vi sjå på dei dataa som kan gi svar på den *forklarande* delen av målet mitt (jamfør 1.2), data som skal bidra til å finne moglege grunnar til at språket i bygdene er som det er i dag (5.4): Språkhaldningane til informantane, slik dei kom fram gjennom spørjeskjemagranskingsa, blir presenterte (i 5.4.1), og ei samanfatting av haldningar til heimbygd og eigen dialekt, slik dei kom fram i samtalen, vil bli presentert (i 5.4.2). Deretter følgjer ei *skildring* av nokre språklege trekk, utanom dei 10 utvalde språklege variablane, som kom fram i samtalen (5.5). Til slutt får vi ei oppsummering av resultata (5.6).

I dette kapitlet skal vi først og fremst sjå på variasjonen og utviklinga på *gruppenivå* (utanom 5.3, som tek for seg variasjon på individnivå), for eg meiner det er det mest interessante for avhandlinga, sidan dette i stor grad er ei kvantitativ undersøking som i liten grad skal fokusere på enkeltindividet. I vedlegg 6 er alle tala for kvar enkelt informant, råmaterialet mitt, tilgjengelege.

Både når det gjeld resultata frå samtalen og spørjeundersøkinga, meiner eg det er viktig å samanlikne dei yngre frå 1982 med dei midaldra frå 2005. Dei yngre frå 1982 er 38 år i 2005, og tilsvarer dei midaldra i 2005 aldersmessig. Det er interessant å sjå om dei har færre, fleire eller like mange yngre former i 2005 som i 1982, for å finne ut om forskjellen som Skaar fann mellom aldersgruppene skuldast ei verkeleg endring i språket eller om forskjellane kan forklarast som livsfasespråk. Dei midaldra i 1982 kan det på same måten vere interessant å samanlikne med dei eldre i 2005. Dei midaldra i 1982 var 30 – 45 år gamle den gongen, og

er 53 – 68 år gamle i 2005. Nokre av dei midaldra informantane frå 1982 er altså litt for unge til å passe inn i den eldste aldersgruppa i 2005, men ei samanlikning kan likevel vere interessant.

## 5.2 Variasjon og endring etter dei tre hypotesane


### 5.2.1 Innleiing

Det språklege materialet som er grunnlaget for undersøkinga mi, er som skildra i metoden (4.4) i hovudsak basert på samtalane eg har hatt med informantane, og i tillegg fungerer bildetesten som ei utfylling til samtalen. Når eg *summerer opp* heile undersøkinga, altså når vi ser på variasjon og endring etter lokalitet, blir tala frå bildetesten tatt med (5.2.2.1). Her skal vi sjå om *tendensen* som tala frå *bildetesten* viser, støttar resultata frå *samtalen*, eller om tala peikar i ei anna retning enn tala frå samtalen. Dei eksakte *beleggtala* frå bildetesten er det som nemnt mogleg å sjå nærmare på i Vedlegg 6. Når vi etter kvart skal sjå på kva variasjon som finst mellom kjønna og aldersgruppene, og ved dei ulike språkvariablane, vel eg altså å sjå bort frå bildetesten. Dette skil seg frå Skaar sin resultatpresentasjon, sidan han samanliknar resultata frå samtalen og bildetesten i heile presentasjonen sin, men det skiplar ikkje jamføringa mellom hans og mine resultat.

### 5.2.2 Variasjon og endring etter lokalitet

Først skal vi sjå på %-talet for yngre former ved *alle variablane* samla, fordelt på dei to bygdene, og gjennomsnittet for bygdene samla. Dette gir ei oppsummering av heile undersøkinga, og ein peikepinn på korleis språket har utvikla seg på dei 23 åra som har gått sidan Skaar si kartlegging av dialekten. Det gir svar på om den første hypotesen min, “[d]ei nyare formene er framleis mest utbreidde i tettstaden Brattvågen, men det er mindre skilnad mellom bygdene i 2005 enn det var i 1982”, blir styrkt eller svekt gjennom resultata frå undersøkinga mi.

**Illustrasjon 5.1 Variasjon og endring etter lokalitet.** Alle variablane. % yngre former



**Tabell 5.1 Variasjon og endring etter lokalitet.** Alle variablane. % yngre former

	Bygdene samla	Brattvågen	Hildre
1982	35	48	23
2005	53	54	51


Illustrasjonane ovafor viser at bygdene totalt sett har hatt ei utvikling frå 35 % yngre former til 53 % yngre former ved dei utvalde variablane. Språket har altså endra seg ein god del totalt sett. Når vi ser bygdene kvar for seg, var tendensen klar i 1982: Vi kan sjå at dei yngre formene er mest utbreidde i tettstaden Brattvågen. På Hildre snakka folk med under halvparten så mange yngre former som i Brattvågen. I 2005 er dei nyare formene framleis mest utbreidde i Brattvågen, men skilnaden mellom bygdene er ubetydeleg: Brattvågarane nyttar 54 % yngre former, medan hildrestrandane nyttar 51 % yngre former. Den første delen av den første hypotesen min blir altså ikkje styrkt, fordi skilnaden mellom bygdene i 2005 er så liten. Den andre delen av hypotesen blir derimot styrkt av resultata, fordi det *er* mindre skilnad mellom bygdene i 2005 enn det var i 1982.

Vidare ser vi at det i Brattvågen har vore relativt *små* endringar i språkbruken på dei 23 åra som har gått, for brattvågarane nyttar 48 % yngre former i 1982, og 54 % yngre former i 2005. Det at språket har endra seg så lite i tettstaden, er interessant. Språkutviklinga på Hildre er også interessant, men på ein annan måte. Her har det skjedd relativt *store* endringar på 23 år. Utviklinga har gått frå 23 % yngre former til 51 % yngre former, og bruken av yngre former totalt sett er altså dobla.

### 5.2.2.1 Samanlikning av samtalen og bildetesten

Formålet med bildestesten var å sikre meg eit visst tal belegg på alle dei språklege variablane, for ved at eg sjølv valde ut bilda, har eg hatt god kontroll på kva for ord informantane brukar i svara sine (jamfør 4.4.2.3). Dette viste seg å fungere godt, eg fekk stort sett minst tre belegg frå kvar informant på kvar variabel.<sup>23</sup> Det andre formålet med bildestesten var å få eit sett med data som kan samanliknast med dataa frå samtalen. For å få eit overblikk skal vi først sjå på resultata for begge bygdene samla.

**Illustrasjon 5.2 Samtalen og bildestesten.** Bygdene samla. Alle variablane. % yngre former




I 1982 var det totalt sett ganske godt samsvar mellom dataa frå dei to ulike innsamlingsmetodane, men i 2005 er spriket relativt stort. I 2005 viser samtalen som kjent 53 % yngre former (jamfør illustrasjonane 5.1 og 5.2), og vi ser at bildestesten viser i overkant av 70 % yngre former. Ved bildestesten nyttar altså informantane mange fleire yngre former enn ved samtalen. Kanskje kan resultata frå bildestesten gi oss ein peikepinn på at talet på yngre former i bruk i bygdene totalt *kan* vere høgare enn det som resultata frå samtalen (illustrasjon 5.1) viser, og dette er interessant. Om vi ser på bygdene kvar for seg, får vi desse resultata:

<sup>23</sup> Sjå Vedlegg 6 for fullstendig oversikt.

### Illustrasjon 5.3 Samtalen og bildetesten.

Variasjon og endring etter lokalitet. Alle variablane. % yngre former




Av illustrasjonane ovafor ser vi at resultata frå bildetesten og samtalen samsvarer veldig godt i Brattvågen i 1982, men på Hildre var det eit lite sprik i resultata frå dei to ulike innsamlingsmetodane. Tala frå 2005 viser at informantane i begge bygdene nyttar sirka 50 % yngre former ved samtalen, medan *bildetesten* viser at brattvågarane nyttar nesten 80 % og hildrestrandane over 60 % yngre former. Avstanden mellom dei to opptakssituasjonane i 2005 er altså relativ stor. Resultata viser at det *kan* vere større skilnad mellom bygdene enn det ser ut til på bakgrunn av samtalen: Brattvågarane kan ha endå fleire yngre former samanlikna med hildrestrandane enn det samtalen viser. Dessutan *kan* talet på yngre former vere endå høgare både i Brattvågen og på Hildre enn samtalen viser, som nemnt i kommentaren til illustrasjon 5.2.

#### 5.2.2.2 Variasjon og endring etter lokalitet og språkvariabel

Etter å ha sett gjennomsnittet for alle variablane samla skal vi no sjå på gjennomsnittet for alle informantane *variabel for variabel*, for på den måten ser vi heilt konkret kva for språktrekk som har endra seg, og kva for språktrekk som ikkje har endra seg.

**Illustrasjon 5.4 Variasjon og endring etter lokalitet og språkvariabel**  
 Gjennomsnitt for informantane. % yngre former



\* : 10-14 belegg   \*\*\* : 1-4 belegg

**Tabell 5.2 Variasjon og endring etter lokalitet og språkvariabel.**

Brattvågen og Hildre. % yngre former

	År	Brattvågen	Hildre	Bygdene samla
<b>V01</b> (+/- pal.)	1982	43	32	37
	2005	76	75	76
<b>V02</b> (+/- pal.)	1982	31	28	30
	2005	71	70	71
<b>V03</b> (+/- retr.)	1982	53	13	33
	2005	53	50	52
<b>V04</b> (/ŋg:/; /ŋ/)	1982	44	20	32
	2005	64	64	64
<b>V05</b> (/ø:/; /ɔ/)	1982	77	16	47
	2005	60	50	55
<b>V06</b> (/ɛ:/; /e/)	1982	32	14*	23
	2005	8***	13*	10
<b>V07</b> (/ɔ:/; /a/)	1982	17	3	10
	2005	34	29	32
<b>V08</b> (/ɛ:/; /i/)	1982	34	23	29
	2005	47	52	49
<b>V09</b> (/ɛi:/; /e/)	1982	60	21	41
	2005	71	70	70
<b>V10</b> (/V:C:/; /VC/)	1982	59	30	44
	2005	59	38	48

\* : 10-14 belegg   \*\*\* : 1-4 belegg

Dei minste skilnadane mellom bygdene i 1982, fann Skaar ved variabel 1 og 2, palatalisering.

Vi ser at i 2005 har dei små skilnadane som fanst, blitt *heilt* utjamna ved desse variablene.

I 1982 var skilnaden mellom bygdene størst ved dei tre variablene 03 (+/- retrofleksjon av /r/ pluss dental), 05 (/ø/ mot /ɔ/) og 09 (/ɛi/ mot /e/). Retrofleksjon av /r/ pluss dental, variabel 03, var hovudsakleg eit tettstadfenomen (50 % yngre former), men Skaar registrerte det også mellom hildrestrandningane (13 % yngre former). I tala frå 2005 ser vi at skilnaden mellom bygdene er borte, både i Brattvågen og på Hildre blir den yngre forma nytta i 53 % av tilfella med /r/ pluss dental. /ø/-uttalen i for eksempel /køp/ (m), variabel 05, er den andre variabelen som var mykje meir frekvent på Hildre enn i tettstaden i 1982. Det var få tilfelle (16 %) av den yngre varianten av variabelen, /køp/, på Hildre, men i Brattvågen var det heile 77 % yngre former. No har denne skilnaden jamna seg meir ut, og vi kan sjå at brattvågarane seier /køp/ i 60 % av tilfella, mot 50 % hos hildrestrandningane. Merk at brattvågarane nyttar ein del færre yngre former av denne variabelen i 2005 enn i 1982. Bruken av det tradisjonelle /ɛi/ i leksem som /<sup>2</sup>ɛite/ (inf.), er den tredje variabelen som var mykje meir frekvent på Hildre (21 % yngre former) enn i Brattvågen (60 % yngre former) i 1982. I 2005 har fleire av hildrestrandningane gått over til den yngre forma /e/, slik at dei seier /<sup>2</sup>ete/.

Vi ser at bruken av yngre former er like frekvent i begge bygdene, 70 % yngre former på Hildre, og 71 % i Brattvågen.

I 1982 var det verken veldig stor skilnad eller veldig liten skilnad mellom bygdene når det gjaldt variabel 04 (/ŋg/ eller /ŋ/), 06 (/ɛ/ eller /e/), 07 (/ɔ/ eller /ɑ/), 08 (/ɛ/ eller /i/) og 10 (/V:C/ eller /VC/). I løpet av åra som har gått, er skilnaden mellom bygdene jamna heilt ut i variabel 04, i ord som /søŋg/ : /søŋ/ (subst.), og det er 64 % yngre former i bruk i begge bygdene, mot 44 % i tettstaden og 20 % på Hildre i 1982.

Ved variabel 06 har også skilnaden mellom bygdene blitt mindre med åra, for i 1982 var tala 32 % yngre former i Brattvågen, og 14% yngre former på Hildre, mot respektive 8 % og 13 % i 2005. Tala frå undersøkinga viser ein *nedgang* i begge bygdene i % yngre former frå 1982 til 2005, men vi ser at beleggrunnlaget ved denne variabelen er lite og dermed usikkert.

Ved variabel 07, i eit ord som /<sup>2</sup>mønge/ eller /<sup>2</sup>mange/, ser vi at brattvågarane nytta 17 % yngre former i 1982, medan hildrestrandningane knapt nytta den nye varianten. Berre i 3 % av tilfella var /<sup>2</sup>mange/-varianten i bruk. I 2005 blir det nytta nesten like mange yngre former i begge bygdene, 34 % yngre former i Brattvågen, og 30 % på Hildre.

Variabel 08, som vi ser i for eksempel ordet /flenk/ mot /flink/, viser også fleire yngre former i bruk i 2005 enn i 1982, og det har dessutan skjedd ei utjamning mellom bygdene: Brattvågarane nytta 34 % yngre former i 1982 og 47 % yngre former i 2005, hildrestrandningane 23 % i Skaar si undersøking og 52 % yngre former i mi undersøking.

Bruksmønsteret ved variabel 10, /V:C/ eller /VC/, i ord som /<sup>2</sup>fo:tbal/: /<sup>2</sup>fotbal/, har endra seg lite. I Brattvågen er bruken av yngre former den same i begge undersøkingane, 59 % yngre former. På Hildre er det også lita endring, det vart brukt 30 % yngre former i 1982, og 38 % yngre former i 2005. Ved variabel 10 er det verdt å merke seg forskjellen i bruksmønsteret mellom bygdene i 2005, for i 2005 er det ingen variabel som viser så stor forskjell mellom bygdene som denne variabelen: I Brattvågen nyttar ein 59 % yngre former mot 38 % yngre former på Hildre.


Vi ser altså at ved variabel for variabel har språkbruksforskjellane mellom *bygdene* minka med åra, og det er V01, V02, V04 og V09 som viser størst prosentdel yngre former.

### 5.2.3 Variasjon og endring etter alder (og lokalitet)

Den andre hypotesen min omhandlar forholdet mellom språkbruk og alder: ”Nyare språkdrag er framleis mest brukte i den yngste aldersgruppa, men alle dei tre aldersgruppene i 2005 nyttar fleire yngre former enn dei same aldersgruppene gjorde på 80-talet”. Om vi ser på resultata frå alle variablane og bygdene samla, får vi eit oversiktleg bilde av forskjellane mellom dei tre aldersgruppene:

**Illustrasjon 5.5 Variasjon og endring etter alder.**

Begge bygdene. Alle variablane. % yngre former




Den andre hypotesen min blir styrkt av desse resultata: Nyare språkdrag er framleis mest brukte mellom dei yngre informantane, men alle dei tre aldersgruppene i 2005 nyttar fleire yngre former enn dei same aldersgruppene gjorde på 80-talet. Den største auken i bruk av yngre former ser vi mellom dei midaldra: I 2005 nyttar dei bortimot like mange yngre former som dei yngre gjorde i 1982. Her skal vi hugse på at dei yngre i 1982 tilsvarer dei midaldra i 2005 i alder, og vi ser altså at dei midaldra i 2005 har det same språkbruksmønsteret som dei yngre hadde i 1982. Dei midaldra i 1982 tilsvarer (nesten) dei eldre i 2005, men av illustrasjonen ser vi at dei eldre i 2005 ikkje har det same språkbruksmønsteret som dei midaldra i 1982. Kva dette kan bety, kjem vi tilbake til i drøftinga (under 6.3.1).

Av illustrasjon 5.1 såg vi at hildrestrandningane totalt sett viser større forskjell i språkbruken mellom 1982 og 2005 enn brattvågarane gjer. I det følgjande skal vi igjen sjå på bygdene kvar for seg, og finne ut i kva for *aldersgrupper* språkbruken er blitt mest endra i dei to ulike bygdene.

### Illustrasjon 5.6 Variasjon og endring etter lokalitet og alder.

Alle variablane. Brattvågen og Hildre. % yngre former



**Tabell 5.3 Variasjon og endring etter lokalitet og alder.**

Gjennomsnitt av alle variablane. Brattvågen, Hildre og bygdene samla. % yngre former

	År	Yngre informantar	Midaldra Informantar	Eldre informantar
Brattvågen	1982	91	50	17
	2005	98	72	21
Hildre	1982	61	31	2
	2005	89	69	12
Bygdene samla	1982	76	41	10
	2005	94	71	17

Som det går fram av tabellen ovafor, nytta dei yngre brattvågarane 91 % yngre former, og dei yngre hildrestrandningane 61 % yngre former i 1982. Dei midaldra brattvågarane nytta 50 %, og dei midaldra hildrestrandningane 31 % yngre former, og dei eldre brattvågarane 17 %, og hildrestrandningane 2 % yngre former. Skaar sin andre hypotese (jamfør 3.7), ”[n]yare språkdrag er mest produktive mellom yngre, særleg mellom tettstadungdomen”, viste seg altså å bli verifisert gjennom dataa frå 1982. Tala frå 2005-undersøkinga viser den same tendensen som vi ser i Skaar sitt materiale, nemleg at dei yngre variantane er mest utbreidde mellom den yngre tettstadungdomen, men forskjellen mellom bygdene er relativt liten i 2005: Yngre brattvågarar nyttar 98 % yngre former, og dei yngre hildrestrandningane 89 % yngre former.

Dei midaldra brattvågarane brukar 72 %, og dei midaldra hildrestrandane 69 % yngre former, dei eldre brattvågarane 21 %, dei eldre hildrestrandane 12 % yngre former.


I 1982 dominerte dei nyare formene språkbruken til dei yngre frå begge bygdene, men dei nyare formene stod sterkest mellom tettstadungdommen. I 2005 står dei yngre formene endå sterke, i begge bygdene, men tettstadungdommen har framleis flest nyare former. I 1982 var språkbruken til dei midaldra brattvågarane fullstendig delt mellom yngre og eldre former, medan dei eldre språkformene framleis stod sterkt mellom dei midaldra hildrestrandane. I 2005 har forskjellen mellom dei to bygdene jamna seg ut, og dei nyare formene står no sterke enn dei tradisjonelle formene i begge bygdene mellom dei midaldra. I 1982 stod dei tradisjonelle formene jamt over sterkt mellom dei eldre informantane, og spesielt mellom dei eldre hildrestrandane. I 2005 står dei tradisjonelle variantane framleis sterkt mellom dei eldre, og hildrestrandane har framleis fleire tradisjonelle former i språket sitt enn dei eldre brattvågarane, men forskjellen mellom bygdene er litt mindre i den nyaste undersøkinga.

For å summere opp kva for variasjon etter alder (og lokalitet) som finst, kan vi seie det på denne måten: *Alle* dei tre aldersgruppene, i begge bygdene, har ein auke i talet på yngre former frå 1982 til 2005, sjølv om enkelte av gruppene har ein større auke enn andre. I Brattvågen har dei yngre og dei eldre berre ein liten auke, dei midaldra har ein relativt stor auke. På Hildre har alle tre aldersgruppene ein stor auke, men som i tettstaden har dei midaldra størst auke. Ser vi berre på dei mørkaste stolpane (som viser resultata frå 2005) ser vi at forskjellen mellom bygdene er liten i alle tre aldersgruppene, spesielt hos dei midaldra informantane, samanlikna med det den var i 1982.

### **5.2.3.1 Variasjon og endring etter alder, lokalitet og språkvariabel**

Ovafor har vi sett på språkbruken i dei tre ulike aldersgruppene ved å sjå på *alle* dei språklege variablene under eitt. Vidare kan det vere interessant å ta for seg ein og ein variabel, for å finne ut om nokre av variablene viser større forskjell mellom aldersgruppene enn andre.

**Illustrasjon 5.7 Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel.**  
Brattvågen. % yngre former



\* : 10-14 belegg    \*\* : 5-9 belegg    \*\*\* : 1-4 belegg


0 belegg og 0 % yngre former ser likt ut (ingen stolpe) i denne framstillinga. Merk (jamfør tabell 5.4):

Ved V06 har vi **0 belegg** for eldre 1982 og midaldra 1982 og 2005.

Ved V07 nyttar dei eldre i 1982 og 2005 **0 % yngre former**.

Ved V08 nyttar dei eldre **0 % yngre former**.

**Illustrasjon 5.8 Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel.**  
Hildre. % yngre former



\* : 10-14 belegg   \*\* : 5-9 belegg   \*\*\* : 1-4 belegg

Merk: Ved V03, V04, V07 og V10 manglar dei eldre stolpe i diagrammet fordi dei ved desse variablane nytta **0 % yngre former** (jamfør tabell 5.5).

**Tabell 5.4 Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel.**

Brattvågen. % yngre former

Variabel	År	Yngre inf.	Midaldra inf.	Eldre inf.
<b>V01</b> (+/- pal.)	1982	100	58	7
	2005	100	99	28
<b>V02</b> (+/- pal.)	1982	100	30	4
	2005	100	98	15
<b>V03</b> (+/- retr.)	1982	83	35	45
	2005	100	56	3
<b>V04</b> (/ŋg:/;ŋ/)	1982	97	45	8
	2005	100	87	5
<b>V05</b> (/ø:/;ɔ/)	1982	98	76	60
	2005	92	63	24
<b>V06</b> (/ɛ:/;e/)	1982	40*	14**	-
	2005	100***	-	-
<b>V07</b> (/ɔ:/;a/)	1982	48	10	0
	2005	92	15	0
<b>V08</b> (/ɛ:/;i/)	1982	100***	60	0
	2005	100	100	29
<b>V09</b> (/ɛi:/;e/)	1982	100	58	24
	2005	100	100	38
<b>V10</b> (/V:C:/;VC/)	1982	91	70	6
	2005	100	28	49

**Tabell 5.5 Variasjon og endring etter lokalitet, alder og språkvariabel.**

Hildre. % yngre former

Variabel	År	Yngre inf.	Midaldra inf.	Eldre inf.
<b>V01</b> (+/- pal.)	1982	95	41	2
	2005	100	100	25
<b>V02</b> (+/- pal.)	1982	73	24	2
	2005	100	86	25
<b>V03</b> (+/- retr.)	1982	40	7	0
	2005	100	51	0
<b>V04</b> (/ŋg:/;ŋ/)	1982	83	26	0
	2005	100	77	17
<b>V05</b> (/ø:/;ɔ/)	1982	20	44	4
	2005	90	56	6
<b>V06</b> (/ɛ:/;e/)	1982	100***	40*	0*
	2005	50***	100**	0**
<b>V07</b> (/ɔ:/;a/)	1982	0*	17*	0
	2005	50	29	8
<b>V08</b> (/ɛ:/;i/)	1982	25***	33***	0**
	2005	100	81	0
<b>V09</b> (/ɛi:/;e/)	1982	53	18	2
	2005	100	94	15
<b>V10</b> (/V:C:/;VC/)	1982	25**	44	0
	2005	100	20	19

\*: 10-14 belegg   \*\*: 5-9 belegg   \*\*\*: 1-4 belegg   - : ikke belegg

Av illustrasjonene ovenfor ser vi at i 1982 var avstanden mellom eldre og yngre folk i Brattvågen spesielt stor når det gjeld palatalisering (variabel 01 og 02), bortfall av /g/ etter /ŋ/ (variabel 04) og variabel 09. I 2005 er generasjonsforskjellen i tettstaden svært tydeleg ved

alle dei ti variablane, for dei yngre nyttar 100 % yngre former ved åtte av dei ti variablane, og ved dei to andre variablane nyttar dei over 90 % yngre former, og dei eldre kjem ikkje over 50 % yngre former ved nokon av variablane. Størst forskjell mellom generasjonane i %-tal er det ved retrofleksjon (variabel 03), bortfall av /g/ etter /ŋ/ (variabel 04) og /ɔ/ eller /a/ føre /ŋg/ og /ŋk/ (variabel 07). På Hildre var avstanden mellom eldre og yngre størst ved palatalisering (variabel 01 og 02) og bortfall av /g/ etter /ŋ/ (variabel 04) i 1982. I 2005 viser retrofleksjon (variabel 03) absolutt størst forskjell mellom generasjonane på Hildre, som i tettstaden.<sup>24</sup> Vidare skal vi sjå korleis yngre og eldre former av dei ti språklege variablane er distribuerte ved dei ulike aldersgruppene i Skaar sitt og mitt eige materiale.

### 5.2.3.1.1 *Dei yngre*

I 1982 var det tettstaden som hadde flest yngre former, og det var tilfelle av kategorisk bruk av yngre former ved tre av dei ti variablane: V01, V02 (palatalisering) og V09. På Hildre var utviklinga mot dei yngre variantane av variablane særleg merkbar ved V01 og V02 (palatalisering) i 1982, men det var ikkje tilfelle av kategorisk bruk utanom ved V06, der det var veldig få belegg.

Om vi ser på V01, +/- palatalisering i hovud- og endestaving, som i /tan/ mot /tan/ (f.), ser vi at den eldre varianten av variabelen altså allereie i 1982 var gått heilt ut av bruk mellom dei yngre i Brattvågen. På Hildre fanst det restar av den tradisjonelle varianten. Mellom dei yngre frå Brattvågen var dei palatale affrikatane /cç/ og /jj/ i leksem av typen /<sup>2</sup>nacçijn/ (m.b.) og /<sup>1</sup>ryjjijn/ (m.b.) blitt erstatta av dei velare plosivane /k/ og /g/ i 1982, men på Hildre eksisterte framleis begge variantane i den yngre generasjonen. I 2005 er det, som ved V01, berre den yngre varianten som er i bruk i begge bygdene.

I det yngre tettstadmålet var også diftongen /ei/ allereie fullstendig erstatta av monoftongen /e/ i ord som /knəi/ mot /kne/ (n.) i 1982. På Hildre alternerte språkbruken mellom dei to variantane. I 2005 er det berre den yngre varianten av variabelen som er i bruk i begge bygdene, som ved variablene V01 og V02.

I 2005 er det, som vi ser av illustrasjonane, mange tilfelle av kategorisk bruk av yngre former i begge bygdene, og det er berre ved V05, V06 og V07 vi i det heile tatt finn tradisjonelle variantar av variablene igjen. Den eldre ø-varianten av V05 (/ø/ mot /ɔ/), /ø/ i ord

<sup>24</sup> I heile dette avsnittet er variablar som har få belegg (merka med \*\*\*) halde utafor fordi det inneber stor usikkerheit å trekke slutningar om språkendringar utifrå veldig få belegg.

som /informant/ (mot den yngre /ɔ/-varianten, /informant/), er framleis litt i bruk i begge bygdene. Den eldre ε-varianten av V06 (/ε/ mot /e/), i ord som /bles/ (mot den yngre e-varianten, /bles/), er ifølgje (det veldig magre) beleggrunnlaget berre i bruk på Hildre. Dei yngre brattvågarane nyttar berre den nyare e-varianten. Dataa på V07 (/ɔ/ mot /a/), /sɔŋg/ mot /saŋg/, viser også at den tradisjonelle varianten framleis er litt i bruk mellom dei yngre informantane. V07 var den variabelen som heldt seg best i begge bygdene også i 1982.

### **5.2.3.1.2 *Dei midaldra***

Resultata til Skaar viste at den yngre uttalen dominerte ved fem av variablane mellom dei midaldra i Brattvågen i 1982: Både V01 (+/- pal.), V05 (/ø/ mot /ɔ/), V08 (/ε/ mot /i/), V09 (/ei/ mot /e/) og V10 (/V:C/ mot /VC/) vart realiserte med over 50 % yngre former. På Hildre dominerte ikkje den yngre forma ved nokon av variablane, men dei variablane som låg godt over gjennomsnittet på 30 %, var V1 (+/- pal.), V5 (/ø/ mot /ɔ/), V6 (/ε/ mot /e/) og V10 (/V:C/ mot /VC/). V03, (+/- retrofleks) var den av variablane som hadde færrest yngre former.

Dataa frå 2005 viser at det no er større samsvar mellom bygdene enn det som var tilfelle i 1982. I begge bygdene blir for det første åtte av ti variablar realiserte med over 50 % yngre former. Berre V07 og V10 blir ikkje realiserte med over 50 % yngre former. For det andre er det dei same variablane som blir realiserte med flest yngre former både i Brattvågen og på Hildre, nemleg V01, V02, V04, V08 og V09 (om vi ser bort frå V06 som vi har få belegg på).

### **5.2.3.1.3 *Dei eldre***

Som Skaar peikar på, var V03 den mest interessante variabelen mellom dei eldre i Brattvågen i 1982. Materialet viste uventa stor utbreiing av retroflektering av /r/ pluss dental i tettstaden: heile 45 % yngre former. På Hildre fanst ikkje denne retroflekteringen mellom dei eldre i 1982. I 2005 finst den framleis ikkje mellom dei eldre hildrestrandane, og % yngre former har gått kraftig ned i Brattvågen: Berre 3 % av belegga har den yngre, retroflekse forma. Retroflektering er altså ikkje eit språktrekk dei eldre informantane har i språket sitt i 2005, sjølv om dei hadde det i 1982.

V05 (/ø/ : /ɔ/) og V09 (/ei/ : /e/) trakk (i tillegg til V03, retroflekteringen) kraftig opp den gjennomsnittlege bruken av yngre former i Brattvågen i 1982. I 2005 er det V01 (+/- palatalisering), V05 (/ø/ : /ɔ/), V08 (/ε/ : /i/), V09 (/ei/ : /e/) og V10 (/V:C/ : /VC/) som trekk

opp gjennomsnittet for yngre former. På Hildre fanst dei nyare formene nesten ikkje ved nokon av variablane i 1982, men i 2005 er det yngre former i bruk ved sju av dei ti variablane, rett nok i lita utstrekning. +/- palatalisering (V01 og V02) er det språktrekket som har flest nyare former, og den yngre språkforma blir realisert ved 25 % av tilfella. Det er ved V03, V04 og V07 dei eldre variantane held seg best mellom dei eldre.

#### **5.2.3.1.4 Oppsummering**


Ved alle språktrekka ser vi at både dei eldre og dei yngre variantane er jamt i bruk. Dei yngre brukar nesten berre yngre former, dei midaldra har veldig variabel bruk, og dei eldre brukar generelt få yngre former i 2005. Vi har sett at dei tre variablane som viser størst forskjell mellom generasjonane, er retroflektering (variabel 03), bortfall av /g/ etter /ŋ/ (variabel 04) og /ɔ/ eller /ɑ/ føre /ŋg/ og /ŋk/ (variabel 07). Om vi ser på alle tre aldersgruppene samla, er V07 den av dei ti variablane som har flest tradisjonelle former i bruk. Desse opplysningane på variabelnivå vil i drøftinga (6.5) bli brukte til å seie noko om *retninga* på utviklinga, ved at vi skal samanlikne dei yngre formene med skriftmåla våre og med dialektar på stader i nærleiken av Brattvågen og Hildre (jamfør den andre, forklarande, delen av målet mitt (1.2)).

#### **5.2.4 Variasjon og endring etter kjønn (og lokalitet)**

Den tredje hypotesen min omhandlar forholdet mellom språk og kjønn: "Det er liten eller ingen systematisk skilnad mellom kjønna når det gjeld bruk av yngre former". Den neste illustrasjonen viser frekvensen av yngre former slik dei vart realiserte etter kjønn i dei to undersøkingane, og han viser alle variablane samla.

### Illustrasjon 5.9 Variasjon og endring etter lokalitet og kjønn.

Gjennomsnittet av variablene Brattvågen, Hildre og begge bygdene. % yngre former



### Tabell 5.6 Variasjon og endring etter lokalitet og kjønn.

Gjennomsnittet av variablene Brattvågen, Hildre og bygdene samla. % yngre former

Variabel	Kjønn	År	Brattvågen	Hildre	Begge bygdene
Gjennomsnittet alle variablene	K	1982	60	17	39
		2005	59	48	54
	M	1982	36	26	31
		2005	49	54	51

I tettstaden realiserte *kvinnene* ein del fleire yngre former i gjennomsnitt enn mennene i 1982, og på Hildre nytta *mennene* nokre få fleire yngre former enn kvinnene. Det var altså ingen systematikk i at den eine kjønnsgruppa nytta fleire yngre former enn den andre kjønnsgruppa i begge bygdene. I 2005 er fordelinga mellom bygdene og kjønn den same som i 1982: Brattvågkinnene nyttar fleire yngre former enn mennene i bygda, og hildremennene nyttar fleire yngre former enn kvinnene i bygda, men forskjellen mellom kjønna totalt sett er veldig liten. Min hypotese nummer tre, at det er liten eller ingen systematisk skilnad mellom kjønna, blir altså verifisert gjennom materialet frå 2005, iallfall om ein definerer 'liten' skilnad som "ikkje meir enn 10 % skilnad".

## 5.3 Kategorisk eller variabel språkbruk?

Til no har fokuset stort sett vore språkleg variasjon og endring mellom dei ulike sosiale grupperingane, men no vil eg sjå på den intra-individuelle variasjonen (jamfør 2.3 og 3.2.1.1) som eksisterer hos dei einskilde informantane i dei to bygdene. Dei fleste informantane, både dei yngre, midaldra og dei eldre, har ikkje *kategorisk* språkbruk, dvs.: Dei er ikkje konsekvente i val av variant innanfor ein og same variabel. Det viser seg at dei fleste informantane har *variabel* språkbruk, dvs.: Dei nyttar den eine varianten av ein variabel ein gong i samtalens, og neste gong dei nyttar den same variabelen, nyttar dei den andre varianten av variabelen.

Skaar tek omsyn til tala frå både samtalens og bildetesten når han ser om informantane har intra-individuell variasjon eller ikkje, men eg tek berre med resultata frå samtalens, for å minske arbeidsomfangen for oppteljinga. Eg meiner det likevel er forsvarleg å samanlikne resultata frå dei to undersøkingane, om vi ikkje konkluderer for bombastisk, fordi i Skaar si undersøking viser samtalens og bildetesten totalt sett like mange prosent yngre former.

Eg brukar desse kodane for å illustrere funna:

= kategorisk eldre former

= kategorisk yngre former

= variabel bruk

\* = færre enn 10 belegg

- = ikkje belegg

**Illustrasjon 5.10 Kategorisk eller variabel språkbruk. Brattvågen. 1982**

Informant		V01	V02	V03	V04	V05	V06	V07	V08	V09	V10	Sum aldersgr.	Sum alle inf.
Yngre	K	01	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> *	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> :-	<input type="checkbox"/> :23
		02	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> *	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> :18	<input checked="" type="checkbox"/> :18
	M	03	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> *	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> :22	<input type="checkbox"/> :79
		04	<input checked="" type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> *	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
Mid-Aldra	K	05	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> :5	
		06	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> :-	
	M	07	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> :35	
		08	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		
Eldre	K	09	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> :18	
		10	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/> :-	
	M	11	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> :22	
		12	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/> *	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>		

**Illustrasjon 5.11 Kategorisk eller variabel språkbruk. Hildre. 1982**

Informant			V01	V02	V03	V04	V05	V06	V07	V08	V09	V10	Sum alders-gr.	Sum alle inf.
Yngre	K	13	□	□	□	□	□	□*	□	□	□	□	□:1	□:26
		14	■	□	□	■	□	□	□	□	□	□	■:4	■:4
	M	15	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□:35	□:90
		16	□	■	□	□	□	□	□	■*	□	□		
Mid-Aldra	K	17	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□:4	
		18	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	■: -	
	M	19	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□:36	
		20	□	□	□	□	□	□	□	□*	□	□		
Eldre	K	21	□	□	□	□	□	□*	□*	□	□	□	□:21	
		22	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□	■: -	
	M	23	□	□	□	□	□	□	□*	□	□*	□	□:19	
		24	□	□	□	□	□	□	□	□	□	□		

**Illustrasjon 5.12 Kategorisk eller variabel språkbruk. Brattvågen. 2005**

Informant			V01	V02	V03	V04	V05	V06	V07	V08	V09	V10	Sum alders-gr.	Sum alle inf.
Yngre	K	01	■	■*	■	■	□	■*	■*	■*	■*	■*	□: -	□:17
		02	■	■*	■	■	■	-	□	-	■*	■*	■:31	■:50
	M	03	■	■*	■	■	■	-	■*	-	■*	■*	□:3	□:35
		04	■	■*	■	■	■	-	□*	■*	-	■*		
Mid-Aldra	K	05	■	■*	■	■	□*	-	□*	■*	■*	□*	□:3	
		06	□	■*	□	□	□	-	□*	■*	■*	□*	■:17	
	M	07	■	□	□	□	■	-	-	■*	■*	□*	□:14	
		08	■	■*	□*	■*	□*	-	□*	-	■*	□*		
Eldre	K	09	□	□*	□	□	□*	-	□*	□*	□*	□*	□:14	
		10	□	□	□	□*	□*	-	□*	-	■*	□*	■:2	
	M	11	□	□*	□	□*	□*	-	□*	-	□*	□*	□:18	
		12	□	□	□	□	□*	-	□*	□*	□*	■*		

**Illustrasjon 5.13 Kategorisk eller variabel språkbruk. Hildre. 2005**

Informant			V01	V02	V03	V04	V05	V06	V07	V08	V09	V10	Sum alders-gr.	Sum alle inf.
Yngre	K	13	■	■*	■	■*	□	-	□*	-	■*	■*	□:1	□:33
		14	■	■*	■	■	■	□*	□*	■*	■*	■*	■:31	■:45
	M	15	■	■*	■	■	■	-	□*	■*	■*	■*	□:4	□:33
		16	■	■	■	■	■	-	■	■	■	■		
Mid-Aldra	K	17	■	■*	□	□	□*	■*	□*	□*	■*	□*	□:4	
		18	■	□*	□	□	□*	-	□*	□*	■*	□*	■:13	
	M	19	■	■*	□	□*	□	-	□*	■*	□*	□*	□:20	
		20	■	■*	□	□	□*	-	□*	■*	■*	□*		
Eldre	K	21	□	□*	□	□	□	□*	□*	□*	□	□*	□:28	
		22	□	□*	□*	□*	□*	□*	-	□*	□*	□*	■:1	
	M	23	□	■*	□	□*	□	□*	□*	□*	□*	□*	□:9	
		24	□	□*	□	□*	□*	□*	□*	□*	□*	□*		

Om vi les tabellane nedover, ser vi at den individuelle språkbruken varierer både mellom ulike individ og grupper av individ, og om vi les tabellane bortover, ser vi at språkbruken også varierer ein del hos ein og same informant. Om vi ser på aldersgruppenivå, ser vi at i 1982 er det berre mellom dei yngste vi finn kategorisk yngre former ved enkeltvariablar, men i 2005 er kategorisk yngre former i bruk i alle tre aldersgruppene ved enkeltvariablar. Dei yngste i 2005 viser klart mest bruk av kategorisk yngre former, dei midaldra brukar ein del færre, og mellom dei eldre finn vi kategorisk språkbruk berre ved nokre få tilfelle. Mellom yngre i 1982 var det ein meir utbreidd bruk av kategorisk yngre former i Brattvågen enn på Hildre, og i 2005 finn vi, både mellom dei yngre, midaldra og dei eldre, litt fleire tilfelle av kategorisk yngre former hos brattvågarane enn hos hildrestrandningane. Som Skaar peikar på, var det mellom dei midaldra både frå Brattvågen og Hildre og mellom dei yngre frå Hildre, stor grad av variasjon og vakling mellom yngre og eldre variantar. I 2005 ser vi at det er størst grad av variasjon og vakling i dei to eldste aldersgruppene frå begge bygdene, og spesielt mellom midaldra og eldre brattvågarar, og mellom midaldra hildrestrandningar.

Om vi ser på individnivå, ser vi at ingen av informantane kunne karakteriserast ved at ho eller han snakka med kategorisk yngre eller kategorisk eldre former i 1982 ved *alle variablane*. Den einaste som kom i nærleiken av å snakke kategorisk, var informant 23, ein mann frå Hildre. Av dei ti variablane, realiserte han ni av dei med kategorisk tradisjonelle former. Elles ser vi at alle dei eldre hildrestrandningane realiserte tradisjonelle former ved variablane 03 (+/- retrofleks) og 04 (+/- bortfall av /g/ etter /ŋ/). I tillegg vart den tradisjonelle

varianten ved variabel 7, /ɔ/ mot /a/ framom /ŋg/ og /ŋk/, kategorisk brukt av tre eldre hildrestrandinger, informantane 21, 22 og 23. Dei eldre mannlege brattvågarane, informantane 11 og 12, brukte kategorisk eldre former ved sju variablar kvar, og dei eldre brattvågkvinnene, informantane 09 og 10, brukte kategorisk eldre former ved to variablar kvar. I 2005 er det tre mannlege informantar, ein brattvågar og to hildrestrandinger, som har kategorisk språkbruk under samtalen. Informantane 03 og 16 nyttar berre yngre former av dei språklege variablane, og informant 24 nyttar berre tradisjonelle former. Elles har dei tre andre yngre brattvågarane kategorisk bruk av yngre former ved ni av dei ti variablane, og dette gjeld også for informant 15, ein gut frå Hildre.

Mønsteret har altså endra seg ein god del på dei 23 åra som har gått mellom undersøkingane. Tabellane viser tydeleg at færre av informantane hadde kategorisk bruk ved enkeltvariablar i 1982 enn i 2005, og det er mange fleire tilfelle av bruk av kategorisk *yngre* former ved enkeltvariablar i materialet mitt enn det er i Skaar sitt materiale frå 1982. På bakgrunn av resultata frå 2005 kan vi kanskje altså byrje å snakke om at det er eit åtskilt yngre mål i bruk, eit mål vi kan skilje frå det tradisjonelle målet.

## 5.4 Haldningar

### 5.4.1 Spørjeskjemagranskingsa

#### 5.4.1.1 Innleiing

Frå spørjeskjemagranskingsa (sjå Vedlegg 4) fekk eg informasjon om språkhaldningar til eigen dialekt og ålesundsdialekten, om kontakten med ålesundarar, språkleg bevisstheit og situasjonelle språkendringar. Eg vil presentere resultata kvalitativt, basert på ei *samanfatting* av det mest interessante i svara informantane gav.<sup>25</sup> Eg vil først samanlikne resultata frå Skaar si undersøking av dei yngre informantane med dei yngre informantane mine, for å sjå om språkhaldningane i den yngste generasjonen har endra seg på dei 23 åra som har gått. Deretter samanliknar eg dei yngre frå 1982 med dei midaldra i 2005, for dei midaldra i 2005 er dei som tilsvavar dei yngre i 1982, og då kan eg sjå om språkhaldningane og den språklege bevissttheita til den yngre generasjonen frå 1982 framleis heng ved denne generasjonen.

<sup>25</sup> Skaar baserte si framstilling av spørjeskjemagranskingsa på svara han fekk frå *alle* som fekk utdelt spørjeskjemaet på ungdomsskulen, 63 personar frå Brattvågen, 19 frå Hildre og 22 frå Søvika. Eg sjølv valde å ikkje ta med øvikarane i undersøkinga mi i det heile tatt, av tid- og plassomsyn, og eg har valt å berre presentere resultata til dei åtte informantane eg trakk ut til intervjuia, av dei same grunnane. Å lage ei samanfatting av resultata frå spørjeskjemaet til *alle* brattvågarane og hildrestrandingerne på skulen, ville blitt eit stort arbeid. Ein annan ulikskap i framstillingane våre, er det at Skaar laga søylediagram, medan eg for det meste presenterer resultata i tekst. Eg meiner det ville blitt misvisande å samanlikne Skaar sine søylediagram med mine når eg har så få informantar i forhold til Skaar.

## **5.4.1.2 Samanlikning av dei yngre i 1982 og dei yngre i 2005**

### **5.4.1.2.1 Kontakten med Ålesund**

På spørsmål om kor ofte informantane er i Ålesund (spørsmål 5), kjem det fram at både brattvågarar og hildrestrandinger er oftare i Ålesund i 2005 enn dei var i 1982. I 1982 var dei yngre brattvågarane i Ålesund sirkka ein gong per månad i gjennomsnitt, og hildrestrandingerane sirkka ein og ein halv gong. I 2005 er dei yngre brattvågarane i Ålesund tre gonger i månaden i gjennomsnitt, og hildrestrandingerane to og ein halv gonger i gjennomsnitt.

På spørsmål om informantane kjenner folk i Ålesund (spørsmål 6), viste det seg at like mange av brattvågarane og hildrestrandingerane, 60 % frå kvar av dei to bygdene, kjente folk i Ålesund i 1982. Dette samsvarar rimeleg godt med mine resultat frå 2005, nemleg at det er tre informantar, 75 %, både frå Brattvågen og Hildre som kjenner folk i Ålesund.

### **5.4.1.2.2 Språkhaldningar**

Vi seier at ei språkhaldning er den *innstillinga* vi har til ulike aspekt ved språket (jamfør 3.5). Skaar prøvde å kartleggje språkhaldningane til informantane sine ved å stille dei ein del direkte spørsmål om kva dei syntest om ålesundsdialekten og sin eigen dialekt, og informantane fekk desse svaralternativa:

1. Ein av dei absolutt finaste norske dialektane
2. Ein av dei finare norske dialektane
3. Verken finare eller styggare enn dialektar flest
4. Ein av dei styggare norske dialektane
5. Ein av dei absolutt styggaste norske dialektane

Skaar grupperte svaralternativa langs aksen positiv - nøytral - negativ, og fann at svært få brattvågarar var positive til ålesundsdialekten, over halvparten var nøytrale, og ein del var negative. Ingen av hildrestrandingerane vurderte ålesundsdialekten på ein positiv måte, og ein del var nøytrale og mange var negative til bymålet. Mitt eige materiale frå 2005 viser at ingen av brattvågarane er positive, ein er nøytral og tre er negative. To av hildrestrandingerane er positive, ein er nøytral og ein negativ. Vi ser altså at dei yngre brattvågarane er blitt meir negative til ålesundsdialekten, medan hildrestrandingerane er blitt meir positive med åra.

Med spørsmål 11 er målet å kartleggje haldninga til eige talemål, og svaralternativa er dei same som på spørsmålet om ålesundsdialekten. I 1982 var ein del av brattvågarane positive, over halvparten nøytrale, og veldig få var negative. Hildrestrandingerane var enten positive eller nøytrale, fordelt på to like store grupper. I 2005 er tre av brattvågarane positive, og ein negativ, og to av hildrestrandingerane er positive, og to er nøytrale. I Brattvågen er altså dei yngre blitt meir positive til eige talemål med åra, for vi ser at ingen er negative lenger og

fleirtalet er no positivt innstilt, og på Hildre er dei yngre sine haldningane til eigen dialekt dei same i 2005 som i 1982. Hildrestrandane var dei mest positive til eigen dialekt i 1982, medan brattvågarane er dei mest positive i 2005.

For å summere opp endringane i språkhaldningane til informantane, kan vi seie at brattvågarane er blitt meir negative til ålesundsdialekten, og meir positive til eigen dialekt. Hildrestrandane er blitt meir positive til ålesundsdialekten, og meir negative til eige talemål. Brattvågarane er meir positive til eige talemål enn det hildrestrandane er, og hildrestrandane er meir positive til ålesundsdialekten enn det brattvågarane er.

#### **5.4.1.2.3 Informantane sine språkhaldningar jamført med faktisk språkbruk**

For å prøve å finne ut om det kan vere ein samanheng mellom haldning til ålesundsmålet og eigen dialekt og språkbruk, koplar eg som Skaar saman språkhaldningane og språkbruken til informantane. Til no har eg presentert tala frå *heile* spørjeskjemagranskings til Skaar, der veldig mange brattvågarar og hildrestrandar deltok. Når vi berre ser på det som ble sagt av dei åtte informantane som fekk dialekten sin nærmare undersøkt i 1982 og mine åtte informantar frå 2005, ser resultata slik ut, kopla til % yngre former i samtalen:

**Illustrasjon 5.14 Informantane sine språkhaldningar jamført med faktisk språkbruk.**  
Yngre 1982 og yngre 2005

				Haldning til ålesundsdialekten			Haldning til eigen dialekt			% yngre former i samtalet
År	Bygd	Kjønn	Inf.nr.	Pos.	Nøy.	Neg.	Pos.	Nøy.	Neg.	
1982	B	K	01		✗			✗		97,1 %
			02		✗		✗			92,7 %
		M	03	✗				✗		86 %
			04*	✗						82,8 %
	H	K	13			✗	✗			26,9 %
			14		✗		✗			75 %
		M	15	✗				✗		58,1 %
			16**							
2005	B	K	01			✗	✗			96,7 %
			02		✗		✗			98,9 %
		M	03			✗	✗			100 %
			04			✗		✗		96,9 %
	H	K	13	✗				✗		82,3 %
			14		✗			✗		90 %
		M	15	✗			✗			93,8 %
			16			✗	✗			100 %

\* = Haldning til eigen dialekt manglar for informant 04

\*\* = Informant 16 var ikkje med i spørjeskjemagranskings i 1982

Som vi ser, er haldningane til ålesundsdialekten meir negative, og haldningane til eigen dialekt meir positive i 2005 enn i 1982. Vidare kan ingen av ungdomane frå Brattvågen

kategoriserast både som negative til bymålet og positive til eigen dialekt, eller omvendt: negative til eige talemål og positive til bymålet i 1982, men på Hildre var det ein informant (informant 13) som vurderer eige talemål positivt og ålesundsmålet negativt. Det er også denne informanten som klart nyttar færrast yngre former i 1982. I 2005 er det to informantar frå Brattvågen og ein frå Hildre som er negative til bymålet og positive til eigen dialekt, men desse er ikkje dei som nyttar færrast yngre former, tvert imot, to av dei nyttar 100 % yngre former, og den siste nyttar 96,7 % yngre former. I 2005 ser vi altså ikkje den samanhengen mellom språkhaldning og språkbruk vi kanskje kunne vente å finne, og som Skaar fann mellom hildestrandningane i 1982, nemleg eksempel på at dei som er mest positive til eigen dialekt, nyttar tydeleg færre yngre former enn dei som ikkje er positive til eigen dialekt.

#### **5.4.1.2.4 Språkleg bevisstheit**

To spørsmål prøver å registrere bevisstheit om talemålsvariantar i heimbygda, 8a) og 8b). Det var tre svaralternativ på dette spørsmålet: "ja", "nei" og "veit ikkje". Det var sirka 30 % av brattvågarane, og 25 % av hildestrandningane som meinte dei snakka annleis enn dei eldre i 1982. Det var altså få som meinte at dei snakka annleis enn eldre folk i bygda. Sirka 40 % svarte "nei", og sirka 40 % svarte "veit ikkje" frå kvar av bygdene. Skilnaden mellom bygdene var liten, men likevel interessant: Informantane frå den største bygda var i større grad bevisst om at det var talemålsskilnader mellom eldre og yngre språkbrukarar. I 2005 er det framleis brattvågarane som er mest bevisst om at dei snakkar annleis enn eldre folk i bygda. Tre av dei fire brattvåginformantane seier dei snakkar annleis enn dei eldre (informant 01, 02 og 04), og éin veit ikkje om han gjer det (informant 03). To av hildestrandningane seier dei snakkar annleis ann dei eldre (informant 13 og 14), éin seier han ikkje gjer det (informant 15), og éin veit ikkje om han gjer det (informant 16).

Spørsmål 8b) oppfordrar dei som svara "ja" på 8a) om å gje eksempel på kva som er forskjellane mellom dei yngre og dei eldre sitt talemål. I 1982 gir nesten alle som svarar på spørsmålet eksempel på palatalisering, variabel 01 og 02: "nj-uttale i ord som for eksempel mannj" og "kj-lydar i mange ord som for eksempel brokja og bokja". Ein elev nemnde eldre /ø/-uttale for yngre /ɔ/ i leksem av typen folk (n): "ø-uttale der vi seier å: gøtt, folk", altså variabel 05. I 2005 er svara av ein heilt annan type: Ingen er lenger bevisst om verken palatalisering (V01 og V02) eller /ø/ mot / ɔ / (V05), eller nokon av dei andre språklege variablane eg undersøkjer. Alle dei fem som svarar "ja" på 8a) trekker fram at dei eldre snakkar gammaldags eller brukar gamle ord, og tre av informantane svarar i tillegg at dei ofte ikkje forstår desse gamle orda til dei eldre.

#### **5.4.1.2.5 Språklege sanksjonar**

Ved spørsmål 12 og 13 var Skaar ute etter å få greie på om informantane følte dei var utsette for språklege sanksjonar, og i tilfelle frå kven. I 1982 opplevde halvparten av brattvågarane og tre fjerdedelar av hildrestrandningane at nokon fleipa med dialekten deira, og fordelinga mellom kjønna var nokolunde lik. I 2005 er fordelinga mellom bygdene den same: Halvparten av brattvågarane og tre fjerdedelar av hildrestrandningane seier dei opplever språklege sanksjonar. Fordelinga mellom kjønna er jamn i Brattvågen, og på Hildre er det to av jentene og den eine guten som opplever at andre fleipar med dialekten deira.

Vidare fekk informantane desse svaralternativa når dei skulle spesifisere kven som utøver dette presset:

1. Jamaldringar frå Søvika
2. Jamaldringar frå Grytastranda
3. Foreldre
4. Jamaldringar frå Helland
5. Lærarar
6. Jamaldringar frå Hildre
7. Jamaldringar frå Brattvågen
8. Søsken
9. Jamaldringar frå Ålesund
10. Andre. Kven?

I 1982 var det folk frå Ålesund og folk frå større byar og Austlandet som var dei viktigaste pressfaktorane både på brattvågarane og hildrestrandningane. I tillegg følte hildrestrandningane språklege sanksjonar frå brattvågarane. I 2005 er det ålesundarar og austlendingar som utøver presset på dei to brattvågarane som føler at folk fleipar med dialekten deira, og dette stemmer godt overeins med resultata frå 1982. Mönsteret er derimot litt endra for hildrestrandningane, for det er ingen som føler sanksjonar frå brattvågarane lenger, og no føler halvparten (ein gut og ei jente, informant 13 og 16) at søsken og familie fleipar med dialekten deira. I tillegg føler tre av desse fire hildreinformantane, som i 1982, at ålesundarar og austlendingar fleipar med talemålet deira.

#### **5.4.1.2.6 Situasjonell talemålsendring**

På spørsmål 14, om informantane snakkar annleis når dei er borte frå heimbygda si, er alternativa ”ja, litt”, ”ja, mykje” og ”nei”. I 1982 svarte sirkca 15 % av brattvågarane og 25 % av hildrestrandningane at dei snakkar *litt* annleis når dei er borte frå bygda, og ingen kryssa av for svaralternativ to, ”ja, mykje”. Det var veldig liten skilnad mellom kjønna i Brattvågen, og liten skilnad på Hildre. Dei som gav eksempel på situasjonell talemålsendring, nemner oftast situasjonar der dei er i kontakt med folk frå Oslo, og i tillegg var ”andre landsdelar” nemnt. I 2005 er det ein informant frå kvar bygd, to jenter (informant 02 og 13), som seier dei endrar

talemålet sitt *litt* når dei er borte frå heimbygda si. Den eine informanten endrar talemålet sitt når ho er i utlandet, for eksempel i Sverige, og den andre informanten endrar dialekten når ho er på Austlandet. Då snakkar dei ”litt meir bokmål”.

#### **5.4.1.2.7 Oppsummering yngre i 1982 og yngre i 2005**

Kontakten yngre har med Ålesund har endra seg litt på åra som har gått. Både brattvågarane og hildrestrandane reiser meir til Ålesund i 2005 enn i 1982, men talet på informantar som kjenner folk i Ålesund er det same i begge bygdene både i 1982 og i 2005. Når det gjeld språkhaldningane til informantane ser vi at brattvågarane er blitt meir negative til ålesundsdialekten, medan hildrestrandane er meir positive i 2005. Hildrestrandane var meir positive enn brattvågarar til eigen dialekt i 1982, men det er brattvågarane som er mest positive til eigen dialekt i 2005. I 2005 er det altså ikkje ein samanheng mellom det å bruke færrest yngre former og det å vere positiv til eigen dialekt, som tilfellet til ein viss grad var i 1982. Vi ser også at informantane frå 2005 er mindre språkleg bevisste enn informantane var i 1982, og at når det gjeld språklege sanksjonar, føler ikkje dei yngre hildrestrandane lenger at brattvågarane er ei pressgruppe. Både brattvågarane og hildrestrandane rapporterer mindre situasjonell endring av dialekten sin enn informantane gjorde i 1982.

#### **5.4.1.3 Samanlikning av dei yngre i 1982 og dei midaldra i 2005**

##### **5.4.1.3.1 Kontakten med Ålesund**

Dei midaldra i 2005 er i Ålesund mykje oftare enn dei yngre i 1982. Resultata viser at brattvåginformantane er i Ålesund heile seks gonger i gjennomsnitt per månad (mot ein gong i 1982), og hildrestrandane er der to gonger i gjennomsnitt (mot ein og ein halv gong i 1982). 60 % av alle dei yngre informantane kjente folk i Ålesund i 1982, og i 2005 kjenner *alle* dei midaldra informantane folk i Ålesund.

##### **5.4.1.3.2 Språkhaldningar**

Veldig få av dei yngre brattvågarane var positive til ålesundsdialekten i 1982, over halvparten var nøytrale, og ein del var negative. Ingen av hildrestrandane vurderte ålesundsmålet på ein positiv måte, ein del var nøytrale og mange var negative til bymålet. I 2005 er alle dei fire brattvågarane nøytrale, og ein av hildrestrandane er positiv, to er nøytrale og ein er negativ. Haldningane til ålesundsmålet er altså meir positive mellom både midaldra brattvågarar og hildrestrandar i 2005, enn dei var mellom dei yngre i 1982.

Når det gjeld haldningar til eigen dialekt, var ein del av brattvågarane positive, over halvparten nøytrale, og veldig få negative i 1982. Hildrestrandningane var enten positive eller nøytrale, fordelt på to like store grupper. I 2005 er to av brattvågarane positive og to nøytrale, medan alle hildrestrandningane er positive. Haldningane til eigen dialekt er altså blitt *litt* meir positive mellom dei midaldra brattvågarane i 2005 enn dei var mellom dei yngre i 1982, og *ein god del* meir positive på Hildre.

Karakteristikkane av ålesundsmålet som dei yngre i 1982 gav er ganske like dei som dei midaldra gir i 2005. Det er helst det negative som blir trekt fram også i 2005, sjølv om seks av informantane seier at dei er nøytrale til ålesundsdialekten, og berre ein er negativ. Informant 19, som er negativ, seier at ”ålesundsdialekten er snobbete”, og mange andre seier det same, slik dei yngre gjorde i 1982. Informant 06, som karakteriserer seg sjølv som nøytralt innstilt til ålesundsdialekten, seier den er ”grov, grautete og brautande”.

#### **5.4.1.3.3 Informantane sine språkhaldningar jamfört med faktisk språkbruk**

Delen ovafor som gjeld resultata frå 1982, baserer seg som sagt på *heile* talemålsundersøkinga Skaar gjennomførte. I den følgjande delen ser eg berre på dei åtte yngre informantane Skaar intervjuja nærmare, og samanliknar dei med mine midaldra informantar.

**Illustrasjon 5.15 Informantane sine språkhaldningar jamfört med faktisk språkbruk.**  
Yngre 1982 og midaldra 2005

				Haldning til ålesundsdialekten			Haldning til eigen dialekt			% yngre former i samtalet
År	Bygd	Kjønn	Inf.nr.	Pos.	Nøy.	Neg.	Pos.	Nøy.	Neg.	
1982	B	K	01		✗			✗		97,1 %
			02		✗		✗			92,7 %
		M	03	✗				✗		86 %
			04*	✗						82,8 %
	H	K	13			✗	✗			26,9 %
			14		✗		✗			75 %
		M	15		✗			✗		58,1 %
			16**							
2005	B	K	05		✗			✗		83,2 %
			06		✗			✗		73 %
		M	07		✗		✗			80,9 %
			08		✗		✗			51,9 %
	H	K	17		✗		✗			76,8 %
			18		✗		✗			54,4 %
		M	19			✗	✗			71,5 %
			20	✗			✗			63,8 %

\* = Haldning til eigen dialekt manglar for informant 04

\*\* = Informant 16 var ikkje med i spørjeskjemagranskings i 1982

Ingen av brattvågarane kan karakteriserast både som negativ til ålesundsdialekten og positiv til eigen dialekt, verken i 1982 eller i 2005, men i både 1982- og 2005-undersøkinga var éin

hildreinformant negativ til ålesundsmålet, og positiv til eigen dialekt. I 1982 gjaldt det informant 13, og i 2005 informant 19. Informant 13 var den som nytta færrast yngre former, sett i forhold til dei andre informantane frå same aldersgruppe, medan informant 19 ikkje er den som nyttar færrast yngre former i si gruppe. Elles er det interessant at ein ikkje kan peike på tydelege forskjellar mellom språkbruken til dei seks informantane som er *positive* til eigen og dei to som er *nøytrale* til eigen dialekt i 2005: Dei som er positive til eigen dialekt nyttar ikkje færre yngre former enn dei som er nøytrale.

#### **5.4.1.3.4 Språkleg bevisstheit**

På spørsmålet om informantane snakkar annleis enn eldre folk i bygda, svarte sirkka 30 % av brattvågarane og sirkka 25 % av hildrestrandane ”ja” i 1982. I 2005 svarar halvparten av informantane ”ja”, to kvinner frå Brattvågen, informantane 05 og 06, og ei kvinne og ein mann frå Hildre, informantane 17 og 20. Dei fire andre informantane frå 2005 svarar ”nei” på spørsmålet, og det er altså ingen av informantane som svarar ”veit ikkje”. Mellom dei yngre i 1982 var det 40 % som svarte at dei ikkje visste. Spørjeskjemaundersøkinga viser altså at dei midaldra informantane frå 2005 er meir bevisste på om dei snakkar annleis enn dei eldre, enn dei yngre informantane var i 1982.

#### **5.4.1.3.5 Språklege sanksjonar**

I 1982 opplevde både dei yngre brattvågarane og hildrestrandane at det var folk frå Ålesund og folk frå større byar og Austlandet som var dei viktigaste pressfaktorane. I tillegg følte hildrestrandane språklege sanksjonar frå brattvågarane. Halvparten av brattvågarane og tre fjerdedel av hildrestrandane opplevde at nokon fleipa med dialekten deira, og fordelinga mellom kjønna var nokolunde lik. I 2005 er det få som opplever språklege sanksjonar. Berre ein mann frå kvar bygd, informantane 07 og 19, opplever at folk fleipar med talemålet deira, og det er helst folk frå andre kantar av landet som står for fleipinga. Det er interessant at brattvågarane ikkje lenger er nemnde som pressgruppe på hildrestrandane.

#### **5.4.1.3.6 Situasjonell talemålsendring**

I 1982 svarte sirkka 15 % av brattvågarane og 25 % av hildrestrandane at dei snakkar *litt* annleis når dei er borte frå bygda, og ingen kryssa av for svaralternativ to, ”ja, mykje”. I 2005 er det ingen av brattvågarane som meiner dei snakkar annleis når dei er borte frå bygda, men heile tre av dei fire hildrestrandane meiner dei endrar språket *litt*. Begge kvinnene frå Hildre seier at dei nokre gonger snakkar ekstra ”breitt” i møte med folk frå andre stader, fordi

dei synest det er ”artig”. Den eine, informant 18, fortel at ho får positive reaksjonar på dialekten sin når ho er saman med folk frå andre kantar av landet, og at ho ”elskar å bruke ord som dei kanskje ikkje forstår”. Ho introduserer alltid ”låkt i haudet” for folk ho treff, og driv ei form for opplæring i sunnmørsk i det ho forklarar at det tyder ”vondt i hovudet”. Også informant 19 frå Hildre brukar bevisst ein ekstra ”brei” dialekt når han treff folk som ikkje er sunnmøringar. Han fortel at han har det artig med å lære folk dialektuttrykk, sjølv om han då opplever at folk fleipar med dialekten han har.

Ifølgje informantane sjølve, endrar brattvågarane mindre på dialekten sin i enkelte situasjonar i 2005 enn dei gjorde i 1982, medan hildrestrandane endrar meir på dialekten sin no enn i 1982.

#### **5.4.1.3.7 Oppsummering yngre i 1982 og midaldra i 2005**

Kontakten med Ålesund har endra seg ein heil del. Dei midaldra i 2005 er mykje oftare i Ålesund enn dei yngre var i 1982, og alle dei midaldra frå 2005 kjenner ålesundarar. 60 % av dei yngre i 1982 kjente ålesundarar. Når det gjeld språkhaldningane til informantane er dei midaldra brattvågarane i 2005 litt meir positive til eigen dialekt enn dei yngre sambygdingane var i 1982, og dei midaldra hildrestrandane er ein god del meir positive. Haldningane til ålesundsdialekten er jamt over også meir positive, sjølv om det framleis er det negative som blir trekt fram ved dialekten. Vi kan ikkje peike på ein samanheng mellom positiv haldning til eigen dialekt og bruk av mange tradisjonelle former av dialekten. Det kan vidare sjå ut som om dei midaldra i 2005 er litt meir språkleg bevisst enn dei yngre var i 1982. Færre av informantane opplever språklege sanksjonar, og brattvågarane har i mindre grad situasjonell språkendring. Hildrestrandane, derimot, endrar litt meir på dialekten sin i enkelte situasjonar i 2005 enn i 1982.

### **5.4.2 Informantane uttalar seg**

#### **5.4.2.1 Innleiing**

Det er interessant å sjå korleis informantane mine opplever den røyndomen dei sjølv er ein del av (jamfør 2.2.1), for å sjå om det stemmer overeins med det bildet eg sjølv har danna meg ved å lese om lokalsamfunna Brattvågen og Hildre og ved å snakke med folk som har tilknyting til bygdene. Både haldningar til heimbygd og språk kan verke inn på språkbruken, for gjennom språkbruken har vi moglegheit til å vise kven vi er, kva vi vil bli identifiserte med. I samtalen (sjå Vedlegg 2, punkt 5-7, 13-15 og 17) vart informantane spurde om heimbygda, oppveksten i bygda og om fritida, og om kva som særmerkar dialekten, om

dialekten har endra seg, om det er forskjell på dialekten i dei to bygdene og om det er spesielle trekk ved dialekten informantane likar eller mislikar, og i det følgjande skal vi sjå på det som kom fram i denne delen av undersøkinga.<sup>26</sup>

### **5.4.2.2 .. om heimbygd**

Alle informantane utanom ein yngre mann frå Brattvågen, informant 03, er veldig positive til heimbygda si. Spesielt Brattvågen har mykje å tilby både innafor arbeid, skule og fritid. Nokre av dei yngre hildrestrandane seier at det av og til kan bli litt kjedeleg på Hildre. Alle informantane rapporterer likevel at dei trivst generelt veldig godt i heimbygda si, og spesielt mange legg vekt på naturen i området rundt bygdene. Ein del av informantane kjem inn på at bygdene ikkje kan tilby alt dei treng og ønskjer seg i kvarldagen, men det gjer lite, meiner dei, for vegen til Moa og Ålesund er veldig kort: berre ein liten biltur!

Mange av informantane, både dei frå Brattvågen og dei frå Hildre, snakkar varmt om det nye kulturhuset som skal kome i Brattvågen våren 2006. Dei har stor tru på at det skal gjere kommunen kjekkare å bu i både for gamal og ung. Berre éin informant, ein midaldra hildrestrand, er litt negativ til kulturhuset og seier kommunen brukar for mykje pengar på tettstaden i forhold til den summen som blir brukt på Hildre.

### **5.4.2.3 .. om dialekten**

Alle informantane likar dialekten sin, trass i at over tre fjerdedelar meiner dialekten er særmerka ved at den er ”brei”. ”Breitt” ser altså ut til å representera noko positivt for dei fleste informantane. Halvparten av informantane meiner dialekten var ”breiare” for nokre tiår sidan, og dei fleste av desse peikar på media som påverknadskjelde. Den andre halvparten meiner dialekten ikkje har endra seg dei siste åra. Alle utanom ei midaldra kvinne frå Brattvågen, informant 05, seier at brattvågarar og hildrestrandane snakkar akkurat den same dialekten. Nokre peikar på at det *var* forskjell før, at ein gjerne snakka litt breiare på Hildre enn i Brattvågen for nokre år sidan. Oppfatningane informantane sjølve har, stemmer altså godt overeins med det resultata frå undersøkinga mi viser om forholdet mellom lokalitet og språkbruk (jamfør illustrasjon 5.1), at det i 2005 er liten forskjell mellom språkbruken i bygdene, og at det var større forskjell før. Få av informantane kan peike på konkrete språktrekk dei likar eller mislikar ved dialekten, vi kan dermed seie at informantane er lite språkleg bevisst. Dette samsvarer med resultata frå spørjeundersøkinga. Ein informant

---

<sup>26</sup> Nokre av dei spørsmåla som har med dialekten å gjøre, går over i det informantane blir spurde om i spørjeskjemaet.

trekkjer fram at dialekten er særmerka ved at den er ”treg” (informant 07), ein annan nemner /øs/ for /vi:/ som eit særmerke (informant 13).

## 5.5 Observasjonar utanom dei 10 variablane

### 5.5.1 Innleiing

Til no har vi sett på 10 språklege variablar i dialekten i Brattvågen og på Hildre, men det er mange fleire språktrekk i bygdene vi kunne undersøkt, for det er mange språktrekk som viser variasjon. I dette underkapitlet skal vi sjå på nokre av dei.

### 5.5.2 Første person fleirtal personleg pronomen

På bokmål har vi ikkje noko val når vi skal uttrykke første person fleirtal personleg pronomen som subjekt. Det heiter ”vi”. På nynorsk er valet heller ikkje så stort, det står mellom ”vi” og ”me”. I sunnmørsk talemål er variantane fleire, ifølgje Hoff (1978). Både /me:/, /mi:/, /øs/, /ɔs/, og /vi:/ er i bruk, men på *Nordre Sunnmøre*, der Brattvågen og Hildre ligg, er det /øs/ eller /ɔs/ som blir nytta. I tillegg er /me/ i bruk på Lepsøya og øyane nordafor, skriv Hoff. Desse øyane ligg rett utafor Hildre og Brattvågen (sjå illustrasjon 2.2). I mitt materiale frå 2005 er variantane likevel endå fleire enn dei tre Hoff skildrar, og det ser ut til å eksistere fem ulike variantar av ”vi” i dialekten i Brattvågen og på Hildre, nemleg /mei:/, /me:/, /øs/, /ɔs/ og /vi:/-. Sidan første person personleg pronomen er ein viktig identitetsmarkør, tenkjer eg at det er interessant å studere denne variabelen nærmare, fordi det er så mange ulike variantar i bruk samtidig. Kven nyttar dei ulike variantane?

### Illustrasjon 5.16 Første person fleirtal personleg pronomen

Informant			/mɛi:/	/me:/	/øs/	/ɔs/	/vi:/	
B R A T T V Å G E N	Y	K	01			5		
			02			15		
		M	03			5		
			04			2		
	M	K	05			19		
			06			3		
		M	07			2	23	
			08			19		
	E	K	09	19	9	1	3	
			10	11	1	1		
		M	11	11		2	1	
			12			2	1	
H I L D R E	Y	K	13				6	
			14			9	3	
		M	15			7		
			16			5		
	M	K	17			11	5	
			18			28		
		M	19	1		9		
			20	1		2	2	
	E	K	21	1	1	5	3	
			22	2		2		
		M	23	1		4		
			24	14		2		
Belegg totalt: 279			<b>61</b>	<b>11</b>	<b>16</b>	<b>149</b>	<b>42</b>	
Prosent av belegg totalt:			<b>21,9 %</b>	<b>3,9 %</b>	<b>5,7 %</b>	<b>53,4 %</b>	<b>15,1 %</b>	

Vi ser straks at den mest brukte varianten er /øs/. Heile 53,4 % av belegga er /øs/-varianten, og den blir brukt av alle tre aldersgruppene. Dei yngre informantane frå Brattvågen nyttar kategorisk /øs/, og dette gjeld dei yngre mannlege hildrestrandningane også. Dei yngre kvinnene frå Hildre, derimot, nyttar /vi:/ -varianten, som vi kan sjå av tabellen. Den eine nyttar kategorisk /vi:/, medan den andre veksler mellom /vi:/ og /øs/.

Også mellom dei midaldra frå Brattvågen er det /øs/ som dominerer. Tre av informantane i denne gruppa nyttar /øs/ kategorisk, men ein av mennene, informant 07, nyttar for det meste /vi:/ -varianten. Dei midaldra hildrestrandningane nyttar ein variant meir enn det dei like gamle brattvågarane gjer. Mellom dei midaldra frå Hildre er både /mɛi:/, /øs/ og /vi:/ i bruk, men det er /øs/ som er mest brukt, som i Brattvågen.

Dei eldre skil seg ut frå dei to yngste aldersgruppene når det gjeld bruken av denne variabelen. Frå dei eldre har eg 97 belegg til saman, og 60,8 % av desse er /mɛi:/ -varianten. /øs/ og /me:/ er også ein del brukt mellom dei eldre. Den mest populære varianten i dei to

yngste aldersgruppene, /ɔs/, er relativt lite brukt mellom dei eldre, den er berre brukt i 8,2 % av tilfella. Mellom dei eldre brattvågarane er alle dei fem variantane i bruk, og ingen av informantane brukar kategorisk den eine eller den andre varianten. Ei eldre kvinne, informant 09, nyttar heile fire av dei fem variantane. Når vi ser på resultata frå Hildre, ser vi at heller ingen av hildrestrandningane har kategorisk språkbruk, og også her er det ei kvinne, informant 21, som nyttar fire av dei fem variantane. Ingen av hildrestrandningane nyttar /vi:/ -varianten, og vi kan sjå at berre ein av dei eldre nyttar /vi:/ -varianten, og dette er ei av kvinnene frå Brattvågen, informant 09.

Vi har no sett korleis dei ulike informantane mine uttrykkjer ”vi”, og vi har sett at det finst eit visst mønster i distribusjonen av dei ulike variantane. I dei to yngste aldersgruppene er /ɔs/-varianten mest frekvent, og i den eldste aldersgruppa er /mɛi:/ -varianten mest frekvent.

### **5.5.3 ”ikke”, ”spise” og ”sedeli” på Hildre**

Dei to yngre kvinnene frå Hildre, informantane 13 og 14, seier ”ikke”, ”spise” og ”sedeli”, og er veldig bevisste på at dei pratar annleis enn andre frå Hildre. Andre seier ”ikkje”, ”ete” og ”kjedeli/a”. Dei seier sjølve at dei snakkar ”feil”, og mykje ”penare” enn jamaldra gutter og jenter, enn foreldre og besteforeldre. Her har eg fått belegg for at hildrestrandningane snakkar heilt annleis enn *eg* hadde sett føre meg, og heilt annleis enn det *språknormene* på Hildre tilseier at ein bør snakke. Interessante spørsmål blir då: Kva er det som gjer at desse jentene tek dei språkvala som dei gjer, sjølv om konsekvensen blir at dei skil seg ut? Kva kan denne språkbruken i lengda gjere med språkbruken i bygda?

### **5.5.4 Forskjellar mellom generasjonane**

Alle dei åtte eldre informantane seier oftast ”kjøm”, og ikkje ”kjem”, medan berre nokre av dei midaldra informantane seier ”kjøm”. Desse midaldra brukar ikkje ”kjøm” kategorisk, med unnatak av ei kvinne frå Hildre, informant 18. Alle dei yngre informantane seier ”kjem”.

”kosla”, ”trivla” og ”plutsla” er typisk for dei eldre, og er ikkje i bruk mellom dei yngre informantane. Nokre av dei midaldra nyttar desse formene av og til. Informant 09 budde nokre år i Ålesund då ho var barn, dette viser seg kanskje gjennom at ho seier ”særli”, ikkje ”særla”, som vi kunne vente av ein eldre informant, og ho varierer mellom å bruke ”gjekk” og ”gjikk”.

”Neai” og ”utai” er ord eller uttrykk eg ikkje kunne registrere mellom dei yngre informantane mine. Eg har få belegg på denne typen uttrykk mellom dei midaldra også, men dei eldre nyttar framleis denne uttrykksmåten.

Assimilasjon (jamfør 3.3.2) er eit viktig trekk ved språket til dei yngre informantane mine. Mitt inntrykk er at dei eldre og dei midaldra oftast tek med d'en på slutten av ord som ”stend”, ”mold” og ”stund”, medan dei yngre alltid sløyfar denne lyden. Dette er ein progressiv nærassimilasjon, der lyden føre d'en påverkar d'en til å bli lik seg sjølv. Om eg hadde undersøkt dette systematisk, trur eg at eg hadde funne eit liknande mønster som det eg såg med V4. Også den midaldra informant nummer 05, som nyttar veldig mange yngre former, tek med alle d'ar i slutten av ord. Også den midaldra informant nummer 17 nyttar ”d” i slutten av ord, i for eksempel ”vindmøller”. Slik assimilasjon ser vi også i ord som ”lærarinde” og ”venninde”, som blir til ”lærarinne og ”venninne” hos dei yngre. Dette er heilt vekke hos dei yngste. På same måten ser eg at dei eldre og dei midaldra alltid tek med r'en i slutten av ord som ”trur”. Også denne lyden sløyfar dei yngre, og nokre av dei midaldra informantane. Elles kan eg nemne at r'en på slutten av ord som ”år” og ”her” er tydelegare hos dei to eldste aldersgruppene enn hos dei yngre. Dei eldre seier dessutan ”trur” og ”gjorde”, dei unge ”tru” og ”gjor”.

Elles vil eg trekke fram det at dativ nesten er borte. Mellom dei eldre kan vi framleis høre ”ej skal til bya”, men mellom dei yngre heiter det ”ej skal til byen”. Ein informant kjem med dette eksempelet: ”han kom att-i-veia mei” vart sagt før, men no heiter det ”han kom etter mei”.

Spørjeorda eksisterer også i ulike utgåver. Det heiter ”kar” i det tradisjonelle målet, men dei yngre og midaldra seier stort sett ”kor”. ”Kafør” mellom dei eldre har blitt til ”kofor” i dei to yngste aldersgruppene.

### **5.5.5 *Ord og fenomen som forsvinn***

Det er eitt fenomen som nesten alle informantane mine kjem inn på, nemleg det at veldig mange gamle ord er gått ut av bruk. Dette har med språkleg bevisstheit, engasjement og fokusering å gjere. Spesielt dei eldre informantane, men også dei midaldra informantane, ville gjerne snakke med meg om dette, og det var tydeleg at dette er noko dei er opptatt av. Mange trudde eg kom til å vere interessert i dette, for dette er det dei sjølv legg mest merke til ved språkutviklinga. Informantane vart ofte veldig overraska når eg ikkje kunne tydinga på alle desse gamle orda, og når eg gjerne heller ikkje hadde hørt orda før. ”Og du skal liksom vere

språkstudent?”, var det ein informant som sa til meg. Mellom dei orda som er i ferd med å forsvinne, eller allereie har forsvunne, kan eg nemne ”kjørel” (kjele) og ”samversle” (når det er fleire typar vér på ein gong, for eksempel både sol, vind og regn). ”Fole” er også eit ord som eg berre kunne registrere hos dei eldre og dei midaldra, dei yngre seier ”veldig” i staden for.

Halvemålet, eller alvemålet som det også blir kalla, var tidlegare utbreidd fleire stader på Vestlandet, mellom anna på Hildre. Mange av informantane er opptatt av at dette målet no er forsvunne, men dei fortel anekdotar om kommunikasjonsvanskar mellom hildrestrandar og folk med andre dialektar den tida det fanst halvemål på Hildre. Eit eksempel som mange av informantane trekkjer fram ulike variantar av, er historia om mannen som leita etter ein hildrestrandning i telefonkatalogen, men fekk denne beskjeden av kameraten: ”Du skjøna du må kje leite ette Ildre på I, men på Å!”<sup>27</sup> Ein siste rest av dette halvemålet har levd vidare heilt fram til no. Både i tredje person eintal personleg pronomen, nemleg ”an” og ”o” for ”han” og ”ho” og i upersonleg pronomen, nemleg ”an” for ”ein” eller ”man” finn vi eksempel på dette. Dette finn vi mange eksempel på i materialet mitt, spesielt mellom dei eldre og midaldra informantane, for eksempel: ”*anj* e pensjonist, *anj*, veit du” (informant 11), men også mellom dei yngre.

## 5.6 Oppsummering av resultata

Ved hjelp av det relativt store datamaterialet har eg fått fram mange sider ved dialekten i Brattvågen og på Hildre. Før vi går vidare til drøftinga skal vi summere opp dei viktigaste funna frå materialet:

### 5.6.1 *Variasjon og endring – framstilt etter dei tre hypotesane*

#### 1. Om språk og lokalitet

- ◆ Bruken av yngre former totalt sett er endra frå 35 % til 53 % på 23 år.
- ◆ Den første hypotesen blir berre delvis styrkt: I 2005 er dei nyare formene framleis mest utbreidde i Brattvågen, men skilnaden mellom bygdene er ubetydeleg: Brattvågarane nyttar 54 % yngre former, medan hildrestrandane nyttar 51 % yngre former. Den første delen av den første hypotesen min blir altså ikkje styrkt, fordi skilnaden mellom bygdene i 2005 er så liten. Den andre delen av hypotesen blir derimot styrkt av resultata, fordi det *er* mindre skilnad mellom bygdene i 2005 enn det var i 1982.
- ◆ Brattvågarane har endra språket sitt relativt lite på 23 år: frå 48 % til 54 % yngre former, hildrestrandane mykje: frå 23 % yngre former til 51 % yngre former.
- ◆ Bildetesten viser 20 % fleire yngre dialektformer enn samtalen, og viser altså større skilnad mellom bygdene enn samtalen.

<sup>27</sup> Rogne og Flem 1993: 174.

## 2. Om språk og alder

- ◆ Den andre hypotesen er styrkt: Nyare språkdrag er framleis mest brukte i den yngste aldersgruppa, men alle tre aldersgruppene i 2005 nyttar fleire yngre former enn dei same aldersgruppene gjorde på 80-talet.
- ◆ Den største auken i bruk av yngre former ser vi i den midaldra aldersgruppa, dei nyttar bortimot like mange yngre former som dei yngre gjorde i 1982.
- ◆ Eldre i 2005 nyttar ikkje like mange yngre former som midaldra gjorde i 1982.
- ◆ I Brattvågen har yngre og eldre berre ein liten auke i bruken av yngre former, midaldra ein relativt stor auke. På Hildre har alle tre aldersgruppene ein stor auke, men dei midaldra har størst auke også her.
- ◆ I alle aldersgruppene (spesielt hos dei midaldra informantane) er forskjellen mellom bygdene liten i 2005 samanlikna med det den var i 1982.
- ◆ Dei yngre informantane brukar nesten berre yngre former, dei midaldra har veldig variabel bruk og dei eldre brukar få yngre former i 2005.
- ◆ Det er størst forskjell mellom generasjonane ved retrofleksjon (variabel 03), bortfall av /g/ etter /ŋ/ (variabel 04) og /ɔ/ eller /a/ føre /ŋg/ og /ŋk/ (variabel 07).

## 3. Om språk og kjønn

- ◆ Den tredje hypotesen er styrkt: Det er liten eller ingen systematisk skilnad mellom kjønna. Den forskjellen som finst, er liten.
- ◆ I Brattvågen realiserer kvinnene flest yngre former, på Hildre har mennene flest yngre former.

### Kategorisk eller variabel språkbruk

- ◆ Fleire informantar har kategorisk språkbruk ved *enkeltvariablar* i 2005 enn i 1982.
- ◆ To informantar (to yngre menn: ein brattvågar og ein hildrestrandning) har kategorisk bruk av *yngre* former ved *alle variablane*. Ein informant (ein eldre mann frå Hildre) har kategorisk bruk av *eldre* former ved alle variablane.

### 5.6.2 Haldningar

#### Spørjeskjemaet

- ◆ Yngre i 1982 og yngre i 2005:

Både yngre brattvågarar og yngre hildrestrandning reiser meir til Ålesund i 2005 enn i 1982, og dei yngre i 2005 kjenner like mange personar i byen som dei yngre gjorde i 1982. Brattvågarane er meir negative til ålesundsdialekten i 2005 enn dei var i 1982, hildrestrandningane meir positive i 2005. Brattvågarane er meir positive enn hildrestrandningane til eigen dialekt i 2005.

- ◆ Yngre i 1982 og midaldra i 2005:

Kontakten med Ålesund har endra seg: Dei midaldra i 2005 er mykje oftare i Ålesund og kjenner fleire i byen enn dei yngre i 1982.

Dei midaldra frå begge bygdene er meir positive til eigen dialekt i 2005 enn dei yngre var i 1982, og haldningane til ålesundsdialekten er også meir positive.

#### Samtalen – informantane uttalar seg

- ◆ Dei aller fleste informantane er fornøgde med både heimbygda og dialekten.

### **5.6.3 Observasjonar utanom dei ti variablane**

- ◆ Det finst eit visst mønster i distribusjonen av ulike variantar av første person fleirtal personleg pronomen, "vi". I dei to yngste aldersgruppene er /øs/ mest frekvent, i den eldste er /mei:/ mest frekvent.
- ◆ To yngre kvinner frå Hildre skil seg ut frå resten av informantane ved å nytte "ikke", "spise" og "sedeli".
- ◆ Det er mange forskjellar mellom aldersgruppene:  
Dativ finst ikkje mellom dei yngre, ulike typar assimilasjon er vanleg mellom dei yngre, og dei tradisjonelle spørjeorda "kar" og "kafør" har blitt til "kor" og "kofor" i dei to yngste aldersgruppene.
- ◆ Tradisjonelle ord forsvinn.

# **6 Drøfting av resultata**

## **6.1 Innleiing**

Resultata frå undersøkinga er blitt presenterte (kapittel 5), og gjennom resultatpresentasjonen har eg nådd den første delen av målet mitt: Eg har funne ut kva for samanhengar som finst mellom språkleg variasjon og dei sosiale bakgrunnsvariablane lokalitet, alder og kjønn i dei to bygdene, og eg har funne ut at språket i Brattvågen og på Hildre totalt sett har fått ein del fleire yngre former i løpet av dei siste 23 åra. I dette kapitlet er det interessant å prøve å sjå bygdene og språket der (kapittel 2), teori (kapittel 3), metode (kapittel 4) og resultat frå feltarbeidet (kapittel 5) i samanheng, slik at eg også kan prøve å *forklare korfor* språket i bygdene har den variasjonen det har, og korfor språket har endra seg sidan 1982 (jamfør 1.2, den andre, forklarande delen av målet for arbeidet mitt). Vidare skal eg seie noko om i kva retning språket er endra: Er dialekten i bygdene blitt meir lik for eksempel ålesundsmålet eller eit av skriftspråka nynorsk eller bokmål?

Drøftinga er delt i ulike delar, dei første er ordna etter temaa for dei tre hypotesane mine (3.7): Først vil eg prøve å forklare ulik språkleg variasjon og endring i dei to ulike *lokalitetane* (6.2). Deretter skal vi nærme oss ei forklaring av ulik språkleg variasjon og endring mellom dei tre *aldersgruppene* (6.3), og mellom dei to *kjønna* (6.4). Retninga på språkutviklinga vil bli diskutert etter dette (6.5), og til slutt i kapitlet står nokre etterpåkloke refleksjonar (6.6).

## **6.2 Språk og lokalitet**

### **6.2.1 Éin dialekt og eitt språksamfunn i 2005**

I resultatpresentasjonen (5.2.2) såg vi at den første hypotesen berre delvis blir styrkt: I 2005 er dei nyare formene framleis mest utbreidde i Brattvågen, men skilnaden mellom bygdene er ubetydeleg: Brattvågarane nyttar 54 % yngre former, medan hildrestrandane nyttar 51 % yngre former. Den første delen av den første hypotesen min blir altså ikkje styrkt, fordi skilnaden mellom bygdene i 2005 er så liten. Den andre delen av hypotesen blir derimot styrkt av resultata, fordi det *er* mindre skilnad mellom bygdene i 2005 enn det var i 1982. Resultata viser vidare at det eksisterer ein del variasjon i språkbruken i Brattvågen og på Hildre, og at dialekten er endra på dei 23 åra som er gått sidan Skaar undersøkte han. Som alle språkbrukarar nyttar brattvågarane og hildrestrandane i ulik mengd variantane av ulike

språklege variablar, og vi finn sosiolektisk variasjon mellom individua (inter-individuell variasjon), og idiolektisk variasjon hos enkeltindividet (intra-individuell variasjon) (jamfør 5.3). Likevel meiner både brattvågarane og hildrestrandningane at det ikkje er nokon forskjell på språket i dei to bygdene (jamfør 4.4.2.3): Brattvågarar og hildrestrandningar snakkar den same dialekten, hevdar informantane, dei oppfattar seg som ein del av det same språksamfunnet. Nokre av informantane peikar på at det var forskjell mellom bygdene før, at hildrestrandningane gjerne snakka litt breiare enn brattvågarane for nokre år sidan. Oppfatningane informantane sjølve har, stemmer godt overeins med det som resultata frå undersøkinga mi viser, og den språklege skilnaden som Skaar fann mellom bygdene, er altså ikkje til stades lenger, verken i bevisstheita til informantane eller i den faktiske språkbruken deira. Hildrestrandingen Stene sin påstand frå 1980 om at "[i]nnflyttarmåla har ført til at det er uråd å snakke om ein einsarta dialekt i Brattvågen – jamvel hjå dei som er fødde og oppvaksne der" (jamfør 2.2.1), passa nok for den språklege røyndomen for nokre tiår sidan, men han passar ikkje for situasjonen i 2005.

Slik eg tolkar Skaar, kan vi i stor grad sjå Brattvågen og Hildre anno 1982 som to ulike typar språksamfunn. Også Stene sin kommentar ovafor støttar dette. Vi får inntrykk av at Brattvågen var (og hadde vore) språkleg og kulturelt heterogen og at bygda hadde stor lingvistisk variasjon: Skaar si undersøking viste at språket i bygda hadde sirkka halvparten yngre former og halvparten eldre former. Tettstaden likna altså på det vi kan skildre som eit diffust språksamfunn (jamfør 3.4.1), ei smeltegryte (jamfør 3.4.2). Hildre derimot, var eit meir fokusert språksamfunn (jamfør 3.4.1), bygda var språkleg og kulturelt meir homogen, og hadde mindre lingvistisk variasjon. Det grisgrendte bygdesamfunnet kan skildrast som ein mellomting mellom dei islandske familiegardane og dei færøyske bygdene (jamfør 3.4.3). I 1982 hadde hildrestrandningane berre litt over 20 % yngre former, resten tradisjonelle dialektformer. Datamaterialet frå 2005, som viser at hildrestrandningane no har halvparten yngre former og halvparten eldre former, er med på å underbyggje at vi generelt sett har ei endring frå fokuserte til meir diffuse språksamfunn i Noreg, som Mæhlum har vore inne på (jamfør 3.4.1). Språket i Brattvågen, på si side, kan vi hevde går i motsett retning: Tettstadmålet har halde seg *stabilt* på dei 23 åra som har gått, og det at språket til brattvågarane faktisk ikkje har endra seg noko særleg dei 23 åra, kan kanskje legitimere ein påstand om at det tidlegare diffuse språksamfunnet som Brattvågen utgjorde, er blitt meir *fokusert*, trass i at tradisjonelle og nyare former eksisterer side om side.

Språksamfunnet Hildre og språksamfunnet Brattvågen anno 1982 har altså nærma seg kvarandre dei siste åra. Ifølgje datamaterialet frå 2005 brukar innbyggjarane i dei to bygdene

nesten det same talet yngre dialektformer av dei ti språklege variablane, og derfor kan vi seie at bygdene no utgjer eitt felles språksamfunn.

### **6.2.2 Auka interaksjon og felles identitet**

Med den tette interaksjonen som eksisterer mellom bygdene i dag, ein interaksjon som har blitt sterkare med åra, og etter tre generasjonar med språkblending i tettstaden og smeltegryta Brattvågen, er resultatet altså at brattvågarar og hildrestrandningar snakkar med nesten det same talet yngre former i dialekten (jamfør illustrasjon 5.1). Sandøy sitt tankeeksperiment om ein del andre språklege smeltegryter (jamfør 3.4.2) tilseier at om ei gruppe dialektbrukarar skal dominere den nye dialekten, bør dei utgjere minst 70 % av populasjonen. Frå innflyttarstatistikken (frå dei første tiåra bygda eksisterte) såg vi at 76, 5 % av innflyttarane til Brattvågen kom frå andre stader på Sunnmøre (jamfør illustrasjon 2.4), og dette gjorde nok at vi fekk ein tydeleg sunnmørsk dialekt i bygda. Kanskje har det også spelt ei rolle for utviklinga av dialekten at mange av dei første innflyttarane til Brattvågen kom frå Hildre (jamfør 2.2.1), for på denne måten fekk den tradisjonelle dialekten i området rundt tettstaden influere den nye dialekten i tettstaden. Dette er i samsvar med det vi også veit om språkutviklinga (sett i samband med opphavsstaden for innflyttarane) på Sunndalsøra (jamfør 3.4.2).

Lokalsamfunnet informantane lever i, påverkar språkbruken. Av ein forskingsrapport (Båtevik og Olsen 1999) og ei undersøking (Haram kommune 2003) får vi vite at brattvågarar og hildrestrandningar trivst godt i heimbygda si. Eit likskapstrekk mellom forholda i Eskilstuna (jamfør 3.4.3) og forholda i Brattvågen og Hildre, er nettopp at innbyggjarane er fornøgde med heimstaden sin. Denne trivselen kan tyde på at folk er godt integrerte i lokalsamfunnet, og som vi såg i teorikapitlet (3.4.2), kan graden av integrasjon i samfunnet vere avgjerdande for språkutviklinga. Det kan tenkjast at god integrasjon kan gi ein positiv heimstadsidentitet, som igjen kan føre til at språkbrukarane i stor grad brukar den lokale dialekten (jamfør 3.4.3). Om folk trivst på heimstaden sin, og om dei er stolte av heimstaden sin, kan dette ha konserverande effekt på språket på staden. Av informantane sjølve får vi vite at alle brattvågarane er fornøgde, men at nokre av hildrestrandningane meiner at Hildre har ei litt negativ side: Det er lite å finne på der, og hildrestrandningane må ut av bygda for å få dekt ulike daglege behov. Vi veit at hildrestrandningane *samhandlar* meir med og er meir *avhengige* av Brattvågen i 2005 enn det bygda gjorde og var i 1982. Denne samhandliga med og avhengigheita av tettstaden kan kanskje vere litt av grunnen til at hildrestrandningane språkleg har nærma seg brattvågarane, trass i at dei er fornøgde med heimbygda si.

Språket i Brattvågen har endra seg relativt lite dei siste tiåra, og dette kan ha samanheng med det faktum at Brattvågen i endå større grad enn i 1982 har funne si rolle som bygdeby og sentrum. Brattvågen har ungdomsskule og vidaregåande skule, og bygda fungerer på den måten som normgivande sentrum for innbyggjarane, både ungdom og vaksne, i ein del av bygdene rundt. Denne gode sjølvkjensla kan ha ført til at brattvågarane i 2005 føler at dei ikkje treng å endre språket sitt noko særleg i retning av yngre former for på den måten å oppnå prestisje. At hildrestrandane har endra språkbruken sin trur eg kan ha samanheng med den daglege kontakten dei har med folk frå tettstaden, normsenteret, og den påverknadskrafta dette har. Det tidlegare stabile bygdesamfunnet Hildre er i så stor grad i samhandling med folk frå Brattvågen og andre stader at det ikkje lenger er ”naturleg” å halde på den tradisjonelle dialekten. Dynamikken i lokalsamfunnet er større enn han var for 23 år sidan, og det ser ut til å ha fått konsekvensar for språkbruken. Av grafen i illustrasjon 2.3 ser vi at befolkninga på Hildre har gått litt ned dei siste 23 åra. Bygda er kanskje i endring, og er endå tettare knytt til tettstaden no enn ho var på 80-talet. Dei fleste hildrestrandane må utafor bygda for å virke i arbeidslivet, og mange arbeider i Brattvågen. Dei må utanbygds for å handle fordi butikken på Hildre er nedlagt. Ofte handlar dei i Brattvågen. For å drive med aktivitetar på fritida reiser hildrestrandane gjerne ut av bygda, og frå dei er 12 år går dei på skule i Brattvågen. Den felles skulegonga i Brattvågen frå 1970-åra av hadde ikkje fått dei heilt store språklege verknadene då Skaar gjennomførte si undersøking i 1982, for berre dei yngste hildreinformantane hadde gått på skule med brattvågarane og på den måten blitt sosialiserte inn i tettstadmålet. Dei to eldste aldersgruppene på Hildre hadde ikkje vore utsette for den daglege samanblandinga (frå veldig ung alder av) som ungdomsskulen fører med seg. Det var framleis forskjell i språkbruken i dei to bygdene i 1982. I 2005 har alle dei yngste og dei midaldra hildrestrandane gått på ungdomsskule (og gjerne vidaregåande skule) i Brattvågen, og dette kan vere ein av grunnane til den språklege utjamninga mellom bygdene.

Mellan 1980 og 2005 var folketalsauken i Brattvågen mindre enn han var i tiåra før Skaar gjennomførte si undersøking. Det kan vi sjå av grafen i illustrasjon 2.3. Dette tyder på litt meir stabilitet i Brattvågen, tettstaden som tidlegare har vore veldig ekspansiv. Her kan vi kanskje trekke ein parallel til smeltegrytene Sunndalsøra, Odda og Tyssedal, for òg der jamna folketalet seg ut etter mange tiår med folketalsekspansjon. Også den stabile språksituasjonen i Eskilstuna kan likne på den vi no ser i Brattvågen: Den store tilflyttinga til Eskilstuna minka i tiåra mellom Nordberg og Sundgren sine undersøkingar, og samfunnet vart på den måten meir stabilt med åra. På same måten har vi ikkje lenger ein så stor straum av tilflyttarar til Brattvågen som vi hadde i tiåra før Skaar gjorde si undersøking.

I denne samanhengen kan det vere interessant å sjå at den prosentvise fjerninnflyttinga i tiåret før granskinga mi er lik i bygdene: Både Brattvågen og Hildre har hatt 70 % av innflyttarar frå Møre og Romsdal, 20 % frå andre delar av landet og 10 % frå utlandet i åra 1995 – 2005 (jamfør illustrasjon 2.5). Grunnen til at språket har endra seg så mykje meir på Hildre enn i Brattvågen, er derfor ikkje at Hildre har hatt mange fleire fjerninnflyttarar enn det tettstaden har hatt.

Gjennom språkbruken har vi moglegheit til å vise kven vi er, og kva og kven vi ønskjer å bli identifiserte med. Bygdebyen Brattvågen og det tidlegare tradisjonelle jordbruksamfunnet Hildre representerer i utgangspunktet ulike verdiar. Ein midaldra informant frå Hildre, informant 17, hadde store kompleks for den tradisjonelle dialekten sin i møte med jamaldra brattvågarar på ungdomsskulen i Brattvågen. Ho fortel at ho og mange av dei andre ungdomane frå Hildre vart mobba for gjødsellukta som sat att i kleda deira når foreldra eller naboeane hadde gjødsla markane. Dei følte dei måtte kompensere for det, og det gjorde dei gjerne ved å bruke mange ”fine” former av dialekten medan dei var saman med brattvågarane. Når dei var heime på Hildre, snakka dei meir tradisjonelt, fortel informanten. Ho trur ikkje sonen hennar, som går på ungdomsskulen i Brattvågen opplever skiljet mellom Brattvågen og Hildre på den same måten som ho sjølv gjorde, for Hildre har endra seg: No er det ikkje berre bønder som bur på Hildre lenger, og samfunnet har ikkje den same trauste klangen over seg som nokre kanskje opplevde at bygda hadde for eit par tiår sidan. I tillegg kan den auka samhandlinga bygdene imellom, ha utvikla ei felles identitetskjensle for dei to bygdene. I 2005 føler ikkje hildrestrandane lenger språklege sanksjonar frå brattvågarane (jamfør 5.4.1.2.5 og 5.4.1.3.5), og det kan tyde på at språknormene og språkhaldningane som rår i nabobygdene, har nærma seg kvarandre. Ikkje berre i tettstaden Brattvågen, men også på Hildre er det no blitt heilt greitt å nytte nyare former av dialekten. Verken familie eller venner av informantane reagerer negativt på dei yngre formene av dei 10 språklege variablane i 2005, og det kan tyde på at dei yngre formene av dialekten i dag er ein del av dei gjeldane språknormene.

Frå dei informantane som var med i spørjeskjemagranskinga i 2005, dei yngre og midaldra, veit vi at dei likar sin eigen dialekt betre enn informantane til Skaar gjorde i 1982; likevel ser vi at dei tradisjonelle dialektformene forsvinn, og at dei som likar sin eigen dialekt best, ikkje nyttar flest tradisjonelle former. Dette kan tyde på at det dei yngre reknar for sin dialekt, er *dei yngre formene* av dialekten, det yngre talemålet. Dei yngre er meir negative til ålesundsdiialekten i 2005 enn dei var i 1982, og like mange, over halvparten frå begge bygdene, føler språklege sanksjonar frå ålesundarar i 2005 som dei gjorde i 1982. Dette kan

tyde på at naboopposisjonen framleis er sterk mellom ungdommane. Kanskje er dei negative til ålesundsdialekten fordi dei opplever regionssenteret som noko litt framandt. Dei midaldra informantane er meir positive til ålesundsdialekten i 2005 enn dei var på 80-talet, og ingen av dei føler språklege sanksjonar frå ålesundarar. Det er dei midaldra som er mest i Ålesund i 2005, og dette kan kanskje vere grunnen til at dei er mest positive til denne dialekten. Dei midaldra brattvågarane og hildrestrandane reiser generelt hyppig til Moa og Ålesund, og dette gjer at dei kanskje ikkje berre føler seg som brattvågingar og hildrestrandar, men også som *sunnmøringer*, og då blir kanskje ikkje ålesundsmålet noko dei føler for å opponere mot. Dei yngre dialektformene er ein del av eit større språkleg system, eit nordre sunnmørsmål som har dei same formene vi finn i Ålesund bymål.

## 6.3 Språk og alder

### 6.3.1 Generasjonsendring og livsfasespråk

Den andre hypotesen min (3.7) blir styrkt av resultata frå undersøkinga mi (5.2.3): Nyare språkdrag er framleis mest brukte mellom dei yngre informantane, men alle dei tre aldersgruppene i 2005 nyttar fleire yngre former enn dei same aldersgruppene gjorde på 80-talet (sjå illustrasjon 5.7). Det kan sjå ut som om vi har hatt ei *generasjonsendring* (jamfør 4.2.1) når det gjeld dei midaldra informantane i 2005 (som tilsvarer dei yngre i 1982), for som vi har sett, nyttar dei like mange yngre former av dialekten som dei yngre gjorde i 1982. Det kan altså sjå ut som om dei yngre frå 1982 har tatt med seg språkvanane sine opp i vaksen alder. Dermed får vi dokumentert ”verkeleg” språkendring (jamfør 4.2.1) i språkbruken i bygdene, i motsetning til om det var tale om berre eit livsfasespråk.

Når det gjeld dei eldre i 2005, har ikkje dei heilt dei same språkvanane som dei midaldra i 1982 (sjå illustrasjon 5.7). Dette kan tyde på at vi ikkje har hatt ei generasjonsendring i språkbruken til dei eldre i 2005, men at vi til ein viss grad kan snakke om eit livsfasespråk: Etter kvart som dei midaldra frå 1982 er blitt eldre, har dei lagt til seg fleire av dei tradisjonelle formene av dialekten. Dei har altså ikkje tatt med seg språkvanane sine opp i alderen.<sup>28</sup> Resultatet blir at dei eldre i 1982 og dei eldre i 2005 har nesten det same språket: Talet på yngre former i den eldste aldersgruppa har berre auka med nokre få prosent på dei 23 åra som har gått. Det kan tyde på at etter kvart som folk i bygdene blir eldre,

<sup>28</sup> Som vi har vore inne på tidlegare (jamfør 5.1), tilsvarer ikkje (dei eldste i) den eldre aldersgruppa dei midaldra heilt i alder. Om eg hadde intervjua personar som var frå 53-68 år, altså den aldersgruppa som aldersmessig nøyaktig tilsvarer dei midaldra frå 1982, ville vi kunne slå fast om også denne aldersgruppa kunne dokumentere ei generasjonsendring i språkbruken.

fungerer dei som tradisjonsberarar, dei fører den tradisjonelle dialekten vidare. Med andre ord: Sjølv om det i 2005 ser ut som om vi har hatt ei generasjonsendring, fordi dei yngre frå 1982 har tatt med seg språket sitt opp i alderen, kan det tenkast at dei midaldra frå 2005 vil legge frå seg yngre dialektformer etter kvart – slik dei midaldra frå 1982 / eldre frå 2005 har gjort.

### **6.3.2 Alderssegregering, gruppeidentitet og utdanning**

I forskingsrapporten *Ung i Haram* finn vi interessante observasjonar som vi kan nytte til å prøve å forklare korfor det er skilnad i språkbruken mellom generasjonane i Brattvågen og på Hildre (Båtevik og Olsen 1999: 69):

Det er trekk i utviklinga som peikar i retning av at ungdom i mindre grad enn tidlegare har vaksenkontakt gjennom arbeid i fritida. Samstundes gjev ikkje ungdomane noko uttrykk for ønskje om meir vaksenkontakt i den uorganiserte fritida. Ungdom ønskjer heller arenaer der dei i større grad kan vere seg sjølve utan vaksenkontroll.

Mangelen på vaksenkontakt gjer at ungdomen ofte ikkje går inn i nær samhandling med vaksne på fritida lenger, og dermed blir den språklege kontrollen svakare. Dette saman med det vi veit om at ungdom tek meir utdanning no enn tidlegare, og på denne måten seinare enn tidlegare kjem ut i arbeids- og vaksenlivet, gjer at grunnlaget for språkendringar i større grad er til stades enn tidlegare (jamfør 3.3.3). Det har dei siste tiåra utvikla seg ein ungdomskultur i Brattvågen og på Hildre, som andre stader i Noreg, mellom anna ved at den yngre aldersgruppa er meir for seg sjølv på grunn av dei ovafor nemnde endringane i arbeids- og utdanningsmønster. Dei unge har skapt seg ein *gruppeidentitet* med andre ideal, motiv og ønskt levesett enn det tidlegare generasjonar har hatt. Denne gruppeidentiteten påverkar språkhaldningane til enkeltindividet. Vi kan altså sjå ein samanheng mellom endringane i makrosamfunnet og visse typar gruppedanningar. Det kan tenkast at dette i Brattvågen og på Hildre, som andre stader, gir betre grunnlag for fleire språkendringar enn det eldre samfunnet som sosialiserte dei unge inn i arbeids- og vaksenlivet som 14- og 15-åringar (jamfør 3.3.3). Bustrukturen i bygdene, som med sine mange bustadfelt bidreg til alderssegregering, har kanskje også gjort sitt til at medlemmane i språksamfunnet er mest saman med jamaldrande. Som det vart peika på i teorien (3.4.2), er graden av samvær med jamaldrande avgjerande for utviklinga av ein fokusert dialekt.

I den ovafor nemnde forskingsrapporten kan vi lese at utdanning er blitt viktigare med åra (Båtevik og Olsen 1999: 69):

Når den delen av ungdomane som har ferie- og sesongarbeid minkar og den delen av ungdomane som brukar mykje tid på lekser aukar, fortel dette oss også om ein ungdomsgenerasjon prega av utdanningssamfunnet. Skule og utdanning blir viktigare medan erfaringar får mindre å seie for moderne ungdom.

Ungdomen i dag tek meir utdanning enn ungdomen gjorde i 1982 og tidlegare, og dei er derfor meir i kontakt med skriftmålet enn tidlegare generasjonar har vore. Det kan tenkjast at god kjennskap til skriftspråket gjer at vi kan bli påverka av dei skriftspråklege formene, og dette kan vere med på å svekke dei dialektale trekka. Sjølv om nynorsk er opplæringsspråk i Brattvågen og på Hildre, er ikkje nynorsken einerådande. Av det vi kan sjå av lesarinnlegg og annonsar i lokalavisa i bygdene og på plakatar rundt omkring i bygdene (jamfør 2.2.5), er det tydeleg at bruk av bokmål er akseptert mellom folk flest. Ein del av grunnen til dette kan vere at bokmål er mykje brukt i det området bygdene ligg i: Både i Ålesund kommune og i delar av Romsdalen er bokmål mykje brukt. Både nynorsk og bokmål skriftspråk kan altså vere med å påverke retninga på språkutviklinga i bygdene. Dette skal vi sjå meir på under 6.5.4.

Sjølv om konformitet gjerne er viktig innafor gruppa, er det ikkje alltid slik at *alle* følgjer språknormene som eksisterer i gruppa. Dette er dei to yngre jentene frå Hildre eit godt eksempel på (sjå 5.5.3). Dei *divergerer* språkbruken sin *bevisst* bort frå dei andre i lokalsamfunnet ved å ta i bruk innovasjonar som ”ikke”, ”spise” og ”sedeli” (jamfør 5.5.3). Desse formene er ikkje aksepterte i lokalsamfunnet, for jentene seier sjølve at dei blir mobba av jamaldra, søsken og foreldre når dei brukar desse formene. Grunnen til at dei likevel vel å bruke dei avvikande formene, kan vere at dei ønskjer å uttrykke *individualisme* (jamfør 3.2.2.3). Den eine av jentene, informant 14, fortel at få i Brattvågen og på Hildre har dei same interessene som ho sjølv: Ho er opptatt av gotisk stil, og dei einaste ”gotarane” ho veit om, bur i byen. Informanten likar dessutan å skrive, noko som også skil henne litt ut frå jamaldringane. Kanskje er den avvikande språkbruken hennar ein måte å vise omverda at ho er annleis. Den andre unge jenta frå Hildre, informant 13, seier at ho er veldig påverka av språket i Oslo og i Ålesund, og at ho likar å snakke litt annleis. Broren hennar snakka på same måten som ho sjølv tidlegare, men han har slutta med det no, fortel informanten. Sjølv trur ho at ho også kjem til å slutte med det snart, fordi ho blir mobba. Når ho likevel vel å bruke desse avvikande språkformene, kan det vere fordi ho som informant 14 ønskjer å uttrykke at ho ikkje er som ”alle andre”. Vi ser altså at sjølv om det ”kostar” jentene å divergere språkleg (dei blir mobba), vel dei likevel bevisst å gjere det. Dei føler nok at dei får noko positivt ut av denne divergeringa: Dei skil seg ut! Den eine av jentene frå Hildre seier ho har planar om å slutte å bruke dei avvikande formene, men det er vanskeleg å seie noko sikkert om det kjem til å skje eller ikkje. Det *er* mogleg at jentene vil leggje av seg denne språkbruken, at

divergeringa berre er korttidsakkomodasjon, men avvika kan også gå føre seg over lang tid. Slik langtidsakkomodasjon *kan* føre til språkendring dersom desse innovasjonane spreier seg til mange språkbrukarar. Når det er sagt, trur eg ikkje desse formene vil komme inn i dialekten, iallfall ikkje på ei god stund, sidan motstanden mot ”ikke”, ”spise” og ”ſedeli” er til stades mellom bygdefolket. At det er to unge *hildrestrandigar* (og ikkje brattvågarar) som skil seg såpass mykje ut frå dei andre, kan vere tilfeldig, men det viser kanskje at det i dag er (minst) like god grobotn for innovasjonar i den vesle bygda Hildre, som i tettstaden. Grunnen til dette kan vere at enkelte av ungdommane frå Hildre framleis føler for å ”kompensere” for at dei er frå ein utkant og dermed kan bli sett på som trauste og tradisjonelle (i samsvar med det den midaldra kvinnelege informant 17 fortel frå si ungdomstid på Hildre (jamfør 5.2.1)). Resultatet blir at vi får ein form for hyperkorreksjon: Språkbruken til dei unge frå ”utkanten” Hildre blir meir ”moderne” enn språkbruken til ungdomane i normsenteret Brattvågen, fordi jentene vel å ta i bruk innovasjonar når dei snakkar.

## 6.4 Språk og kjønn

### 6.4.1 Liten forskjell mellom kvinner og menn

Den tredje hypotesen min, at det er liten eller ingen systematisk skilnad mellom kjønna, blir altså styrkt gjennom materialet frå 2005, iallfall om vi definerer ‘liten’ skilnad som ”ikkje meir enn 10 % skilnad”. Om vi likevel går inn og ser på den vesle kjønnsskilnaden som finst, viser både Skaar si og mi eiga undersøking at i tettstaden Brattvågen er det kvinnene som nyttar flest yngre former, og i den vesle bygda Hildre er det mennene som nyttar flest yngre former (sjå illustrasjon 5.9). Resultata er i samsvar med den tidlegare nemnde distinksjonen mellom bondesamfunn og meir urbane samfunn (jamfør 3.2.2.3): Ofte har kvinner i urbane strøk nytta fleire yngre former enn menn, og om vi definerer Brattvågen som eit urbant samfunn, passar dette på vår situasjon. Om vi definerer Hildre som eit ”bondesamfunn”, kan vi trekkje ein parallel mellom Hildre og andre slike lokalsamfunn, der har det vist seg at kvinner brukar dei mest tradisjonelle formene. Dette siste kan ha samanheng med at kvinnene tradisjonelt har hatt arbeid *i* bygda, gjerne i heimen, medan mennene periodevis har arbeidd utafor bygda, gjerne som fiskarar. Om vi ser på informantane frå 2005, er det interessant kor godt dette stemmer med skildringa ovafor: Mennene frå Hildre har hatt (og har) arbeidet sitt utafor bygda, medan tre av kvinnene for det meste har arbeidd *i* bygda og gjerne heime.

Det er altså mogleg å sjå eit mønster som viser ulikt språkbruksmønster mellom kjønna i dei to bygdene, men totalt sett er forskjellen mellom kjønna liten ved dei ti språklege

variablane vi ser på i denne undersøkinga. Generell likestilling kan vere forklaringa på dette (jamfør 3.2.2.3).

## 6.5 Retninga på språkutviklinga

### 6.5.1 Innleiing

Vi har slått fast at dialekten har fått fleire yngre former, og at informantane frå Brattvågen og Hildre oppfattar seg som ein del av det same språksamfunnet, eit språksamfunn som har blitt meir einsarta sidan Skaar undersøkte dialekten. Vi har forklart endringane med ytre, samfunnsmessige faktorar. Men kan endringane berre vere grammatikalske forenklingar, som ganske enkelt kan skuldast *språket sjølv* sitt naturlege tildriv til nyregulering og forenkling, altså indre faktorar til språkendring (jamfør 3.3.2)? Og kor kjem påverknaden frå? Er dei yngre formene i samsvar med nynorsk, bokmål, ålesundsmål, søre sunnmørsk eller moldemål?

### 6.5.2 Forenkling?

Tendensen i andre sosiolingvistiske undersøkingar av språkblanding er at mange av endringane representerer grammatiske *forenklingar* samanlikna med den eldre rurale dialekten i området (jamfør 3.4.2). I det følgjande skal vi gå gjennom dei ti variablane som blir studerte i denne avhandlinga, ein for ein, og vi skal sjå dei i forhold til den tradisjonelle dialekten, for å sjå i kva grad forenkling kan forklare overgangen til yngre former.

Bortfall av palatale alveolarar (V01) representerer ei systemforenkling, og inneber ei regelinnsnevring (3.3.2): Språket dei yngre snakkar, har to fonem færre, nemleg /ɲ/ og /ʎ/. Frå teori om indre faktorar til språkendring (3.3.2) veit vi at språkendringsfaktoren *funksjonell tyngd* hindrar endringar som fjernar viktige opposisjonar, men for kommunikasjonen er det ikkje noko tap å miste fonema /ɲ/ og /ʎ/, ettersom det nesten ikkje finst minimale par. Det er snarare ei lette å få to fonem mindre.

Bortfall av palataliserte velarar (V02) er også ei forenkling:  $\widehat{/jj/}$  forsvinn som fonem hos dei yngre.  $\widehat{/cç/}$  forsvinn derimot ikkje som fonem hos dei yngre, for sjølv om lyden fell vekk i ord som ”tenk(j)e” og ”rygg(j)en”, er han framleis i bruk i ord som ”ikkje” og ”mykje”.

Retrofleksjon (V03) representerer ikkje grammatikalsk forenkling, men derimot grammatisk *komplisering*, fordi vi får to nye fonem /t/ og /d/ inn i språket, og det blir behov for ein ny fonologisk regel som forklarer retrofleksjon av /r/ + alveolar.

V04, bortfall av /g/ etter /ŋ/, at /tɔŋg/ blir til /tɔŋ/, gjer at enkeltorda blir kortare, og endringa representerer på den måten ei forenkling.

At /ø/ blir til /ɔ/ (V05), at /ɛ/ blir til /e/ (V06), at /ɔ/ blir til /a/ - føre /ŋg/ og /ŋk/ (V07) og at /ɛ/ blir til /i/ føre /ŋg/ og /ŋk/ (V08) representerer ikkje grammatisk forenkling, men dei kompliserer heller ikkje systemet.

V09, at /ɛi/ blir til /e/ i det yngre målet, representerer ikkje forenkling i foneminventaret, altså systemforenkling, for sjølv om diftongen /ɛi:/ forsvinn til fordel for monoftongen /e/ i enkelte leksem, eksisterer diftongen framleis i andre leksem, for eksempel i første person personleg pronomen eintal: /ɛi/. Om vi ser endringa innanfor artikulasjonsfonologi, der vi ser på nokre lydar som enkle, andre som kompliserte å uttale, kan vi derimot seie at endringa representerer forenkling på ordnivå, for monoftongen krev mindre energi for å bli uttalt enn diftongen.

V10, at lange vokalar vik plass for korte vokalar i visse ord, representerer ikkje forenkling, men endringa kompliserer heller ikkje systemet. Om vi stiller dette opp i ein tabell, ser det slik ut:

### Illustrasjon 6.1 Forenkling?

Variabel	Eksempel	Forenkling
<b>V01</b> (+/- pal.)	Mann	+
<b>V02</b> (+/- pal.)	Tenke	+
<b>V03</b> (+/- retr.)	Artig	-
<b>V04</b> (/ŋg:/:ŋ/)	Synge	+
<b>V05</b> (/ø:/:ɔ/)	Ofte	-
<b>V06</b> (/ɛ:/:e/)	Plen	-
<b>V07</b> (/ɔ:/:a/)	Mange	-
<b>V08</b> (/ɛ:/:i/)	Flink	-
<b>V09</b> (/ɛi:/:e/)	Potet	+ / -
<b>V10</b> (/V:C:/:VC/)	Gutt	-

Av tabellen ser vi at indrespråkleg tildriv til forenkling altså kan forklare tre, og delvis ein fjerde av dei yngre formene i dialekten.

### **6.5.3 Tradisjonelle variantar som kan vere på veg ut?**

Nokre av dei 10 studerte språktrekka har få tradisjonelle former i bruk totalt sett, medan andre har relativt mange tradisjonelle former i bruk. Dei språktrekka som har få tradisjonelle former i bruk, kan tenkast å vere dei språktrekka som først får gjennomført språkendring frå tradisjonell til yngre form. Om vi ser på resultata frå talemålsundersøkinga i 2005, ser vi at dei fire variablane som representerer forenkling (jamfør 6.5.2), er dei same fire variablane som har flest yngre former i bruk i bygdene (jamfør tabell 5.2):

#### **Illustrasjon 6.2 Tradisjonelle variantar som kan vere på veg ut**

Variabel	% yngre former
<b>V01</b> (+/- pal.)	76
<b>V02</b> (+/- pal.)	71
<b>V09</b> (/ɛi/:/e/)	70
<b>V04</b> (/ŋg/:/ŋ/)	64
<b>V05</b> (/ø:/:/ɔ/)	55
<b>V03</b> (+/- retr.)	52
<b>V08</b> (/ɛ:/:/i/)	49
<b>V10</b> (/V:C:/:/VC/)	48
<b>V07</b> (/ɔ:/:/ɑ/)	32
<b>V06</b> (/ɛ:/:/e/)	10

Grammatisk forenkling er altså eit viktig prinsipp i språkutviklinga i Brattvågen og på Hildre: Vi ser at dei yngre variantane av variablane som representerer forenkling, V01, V02, V04 og V09, ser ut til å slå raskare gjennom enn dei som ikkje representerer grammatisk forenkling. Tildrivet til forenkling er ein viktig føresetnad til at dei ytre, samfunnsmessige faktorane (drøfta i 6.2, 6.3 og 6.4) kan verke (jamfør 3.3.2).

### **6.5.4 Moglege påverknadskjelder**

Skaar (1985: 107) meiner det er bymålet som er den språklege påverknadskjelda på målet i Brattvågen og på Hildre, og at dialekten i bygdene går i retning av ålesundsmålet. Dette kan stemme, for som Skaar peikar på, er alle dei yngre formene av dialekten i samsvar med ålesundsmålet (Ålesundsmålet finst sjølv sagt også i ulike variantar (Aarsæther 1984), men dette skal vi ikkje problematisere her). Likevel er det kanskje ei rask slutning å trekke, for om

vi samanliknar den yngre varianten av dialekten med skriftmåla våre og med andre talemål i nærleiken, ser vi at dei yngre formene i dialekten i stor grad også samsvarer med desse:

### Illustrasjon 6.3: Moglege påverknadskjelder

Samsvaret mellom den yngre varianten og den tradisjonelle varianten, nynorsk, bokmål, ålesundsmål, søre sunnmørsk og moldemål

Variabel	Eksempel	Trad. dialekt	Nn	Bm	Å-mål	Ss (yngre mål)	M-mål (yngre mål)
<b>V01</b> (+/- pal.)	Mann	-	+	+	+	+	+
<b>V02</b> (+/- pal.)	Tenke	-	+	+	+	+	+
<b>V03</b> (+/- retr.)	Artig	-			+	-	+
<b>V04</b> (/ŋg:/:ŋ/)	Synge	-			+	-	+
<b>V05</b> (/ø:/:ɔ/)	Ofte	-	+	+	+	+	+
<b>V06</b> (/ɛ:/:e/)	Plen	-	+	+	+	-	+
<b>V07</b> (/ɔ:/:a/)	Mange	-	- / +	+	+	-	+
<b>V08</b> (/ɛ:/:i/)	Flink	-	+	+	+	+	+
<b>V09</b> (/ɛi:/:e/)	Potet	-	+	+	+	+	+
<b>V10</b> (/V:C:/:VC/)	Gutt Kjøtt	-	- / +	+	+	-	+
<b>Sum</b>		0	7	8	10	5	10

+ = samsvarar med den yngre forma av dialekten i bygdene

- = samsvarar ikkje med den yngre forma av dialekten i bygdene

tom rute = det kjem an på dialekten til den som uttalar ordet

Nn = nynorsk    Bm = bokmål    Å-mål = ålesundsmål    Ss = søre sunnmørsk    M-mål = Moldemål

Som vi kan sjå av tabellen, er dei yngre formene av dialekten fullstendig i samsvar med bymåla i begge dei to nærmaste byane til bygdene, ålesundsmål og moldemål, og med skriftmålet bokmål. Nynorsk skriftmål er også i samsvar med dei yngre formene av dialekten i Brattvågen, utanom ved to variablar: Ved variabel 07 er det mange ord i den yngre dialekten som ikkje stemmer med nynorsk: *angel* (nn: ongel), *knipetang* (nn: knipetong), *sang* ((subst.) nn: song), *stang* (nn: stong) og *trang* (nn: trong), men nokre ord stemmer med nynorsk: *mange* og *hank*. Ved variabel 10 er det også nokre av dei yngre formene som ikkje stemmer med nynorsk: *gutt* (nn: gut) og *tørr* (nn: tør (eller torer)). Andre av dei yngre variantane er tillatne: *kikke*, *kjøkkenet* og *komme*. Dei yngre variantane *satt* og *glømme* er tillatne i nynorsk, men dei er klammeformer, (*sat* og *gløyme* er hovudformer). I denne samanhengen kan vi også merke oss at ved V02 er dei yngre dialektformene tillatne i nynorsk, men nokre av orda, for

eksempel *tenke* og *besøke*, er klammeformer. Når det gjeld samanlikninga med dialekten på søre Sunnmøre, ser vi at berre halvparten av dei yngre formene av dei ti språklege variablane er i samsvar med søre sunnmørsk.

Fordi dei yngre formene i dialekten er fullstendig i samsvar med både bokmål, ålesundsmålet og moldemålet, og i godt samsvar med nynorsk, er det problematisk å seie noko sikkert om kvar påverknaden ved kvar enkelt variabel kan komme frå. Ved spørsmålet om påverknadskjelda vil eg hevde at vi dermed ikkje kan konkludere. Eg trur likevel at den auka kjennskapen folk har fått til skriftspråka våre, har gjort at vi lettare tek i bruk språkformer frå skriftspråka. Det er også nærliggande å spekulere vidare i den moglege språklege påverknaden frå regionssenteret Ålesund slik andre som har arbeidd med sunnmørsmålet har gjort før meg (jamfør 3.6.3): Det har vore ein tendens til å tolke språkutviklinga på Sunnmøre dei siste åra som språkleg regionalisering, fordi dei nye språkformene i dialektane er i samsvar med målet i Ålesund (jamfør 3.6.3). Problemet med denne forklaringa er at mange av dei nye språktrekka også kan sjåast på som *nasjonale* tendensar, fordi dei er trekk som går att over heile landet, og ikkje berre i dialekten i Ålesund. Men om vi tenkjer oss at ålesundsmålet i allfall kan vere éi av påverknadskjeldene, stemmer dette godt med ein del av det vi har kasta lys over i denne avhandlinga: Bygdene er tettare knytte til Ålesund enn for nokre tiår sidan: Folk i Brattvågen og på Hildre er oftare enn tidlegare i regionssenteret Ålesund, både i samband med arbeid og fritid. Ålesundsdialekten blir dessutan vurdert meir positivt i 2005 enn i 1982 av dei fleste informantane.<sup>29</sup> Det kan tenkjast at bymålet på den måten kan ha påverknad på bygdefolket, sjølv om folk altså har god sjølvkjensle på bygda og dialekten der sine vegner.

Korleis kan vi så skildre spreininga av den tenkte påverknaden ålesundsmålet har hatt på dialekten i Brattvågen og på Hildre? Sidan dei yngre formene stod sterkare i Brattvågen enn på Hildre i 1982, kan vi sjå for oss at innovasjonane er blitt spreidde som i sprangmodellen (jamfør 3.6.2): Det kan tenkjast at endringane først har blitt spreidde frå det store sentrumet Ålesund, til det litt mindre lokalsentrumet Brattvågen, og at endringane derifrå til slutt har sive ut til Hildre. Dette er det ikkje mogleg å bevise, men det *kan* vere slik dei yngre formene er blitt spreidde.

Utviklinga ved eitt språktrekk, første person fleirtal personleg pronomen (jamfør 5.5.2), kan likevel tyde på at ålesundsmålet ikkje alltid har like sterkt påverknad på dialekten i bygdene. Vi har sett at både dei tradisjonelle formene /mei:/, /me:/, /øs/ og /os/ (jamfør

<sup>29</sup> Alle dei midaldra informantane og dei yngre hildrestrandningane vurderer ålesundsmålet meir positivt i 2005 enn i 1982. Yngre brattvågarar er meir negative i 2005 enn i 1982.

2.2.4.3.3), i tillegg til den nye forma /vi:/ (jamfør 5.5.2) er i bruk i bygdene, og vi veit at i Ålesund er det /vi:/ -varianten som er i bruk. Ved dei 10 hovudvariablane i denne undersøkinga, såg vi at det var dei yngre (både i 1982 og i 2005) som i størst grad har tatt i bruk yngre former, former som fell saman med ålesundsmålet. Vi kunne kanskje derfor vente oss at det ved første person fleirtal personleg pronomen-variabelen også skulle vere dei yngre som tok i bruk /vi:/ -forma, forma som fell saman med ålesundsmålet. Men som vi såg (i 5.5.2), er det ikkje slik: /Vi:/ er ikkje i bruk mellom dei yngre frå Brattvågen, og berre i bruk hos to, informant 13 og 14, av dei fire hildrestrandningane. Frå før veit vi at informantane 13 og 14 bevisst skil seg ut, og at dei opplever språklege sanksjonar frå venner og familie på grunn av den spesielle språkføringa si, og at språket til desse jentene sannsynlegvis ikkje er representativt for språket til unge jenter på Hildre. Eg meiner derfor vi kan slå fast at den tradisjonelle /ɔs/-varianten står sterkt som identitetsmarkør mellom dei unge i bygdene, og at /vi:/ -varianten ikkje ser ut til å trenge bort /ɔs/-varianten.

Det er altså ikkje opplagt kva for eitt av skriftmåla og kva for nokre av dialektane i området rundt Brattvågen og Hildre som har påverka dialekten i bygdene. Svaret kan kanskje vere ei blanding av alle dei presenterte moglege påverknadskjeldene, men det er vanskeleg å slå fast noko sikkert.

## 6.6 Nokre etterpåkloke refleksjonar

### 6.6.1 *Det eg ikkje har funne ut noko om*

Vi sit att med ei større innsikt enn vi hadde før undersøkinga tok til. Eg har skildra variasjon og endring i dialekten, og eg har funne moglege forklaringar på korfor språket er som det er i dag. Det finst likevel sider eg ikkje har funne ut noko om, og det er framleis mange spørsmål utan svar. Eg har ikkje gjennomført djupintervju, noko som kunne gitt oss auka innsikt i den verda informantane lever i. Ved å søke innover i individet, kunne vi mellom anna fått innsikt i kjenslene til innbyggjarane og større innsikt i haldningane deira. Vi kunne fått utfyllande kunnskap om forholdet brattvågarar og hildrestrandningar har til ålesundsmålet, til Ålesund og ålesundsamfunnet, og om forholdet innbyggjarane har til skriftmåla. På denne måten kunne vi kanskje klare å *forstå* meir om utviklinga av språket.<sup>30</sup>

Det er dessutan mange utanomspråklege faktorar eg skulle ønskt eg hadde meir pålitelege og valide data om. Kanskje er ikkje hildrestrandningane og brattvågarane einige i

<sup>30</sup> Jamfør mellom anna Magnhild Selås sin artikkel i *Målbryting* nr. 5: "Beskrive, forklare eller forstå i sosiolingvistikken?" (2001).

den skildringa av lokalsamfunna eg kjem med i 2.1, og kanskje held ikkje tolkinga eg gjer av bygdene mål. Når vi skal gi ein slik generell presentasjon som den eg gir i 2.1, er det fare for at skildringa blir subjektiv, og då kan vi risikere at premissa i den sosialbaserte forklaringsmodellen til språkutviklinga ikkje stemmer med det som enkelte andre oppfattar som ”sanninga”. For å få meir nyansert og sikrare kunnskap om bygdene, kunne eg ønskt å gjennomføre fleire og grundigare intervju med ulike personar der.

Eit mykje diskutert omgrep innanfor norsk sosiolingvistikk er ‘standardtalemål’ (jamfør Akselberg 2003a, Mæhlum 2003a og Røyneland 1999). Eg har ikkje tatt omgrepet med i avhandlinga, fordi eg har vurdert det som meir interessant å prøve å finne ut det kan vere grunnlag for å hevde at *skriftmåla* våre, både bokmål og nynorsk, fungerer som normer som informantane i Brattvågen og på Hildre rettar seg etter. Ikkje alle meiner at det finst eit overregionalt standardtalemål, men det kunne likevel vore nærliggande å sjå språkutviklinga i bygdene i høve til dette omgrepet.

## **6.6.2 Reliabilitet og validitet**

### **6.6.2.1 Generelt**

Det er to vitskaplege krav som må vere oppfylte når vi skal gjennomføre ei undersøking av ein dialekt. Dataa skal tilfredsstille krava om *reliabilitet* og *validitet*. Det første gjeld nøyaktigheita dataa er samla inn på. Er målingane nøyaktige nok? Om det snik seg inn feil, tilfeldige eller systematiske, i innsamlinga av dataa, kan dataa gi eit feil bilde av undersøkingsobjektet. Det andre kravet til dataa, validitet, gjeld spørsmålet om dataa verkeleg har relevans for det vi ønskjer å finne ut. Har vi målt det vi ville måle? Reliabiliteten kan vi avsløre ved å gjennomføre undersøkinga på nytt og sjå om resultata frå dei to undersøkingane stemmer overeins, men spørsmålet om validiteten er eit vurderingsspørsmål, og forskaren må stole på seg sjølv og sitt eige skjønn. I neste omgang må lesarane av forskingsrapporten bruke skjønn når dei skal vurdere validiteten på dataa (Hellevik 1995: 92 – 98).

### **6.6.2.2 Reliabilitet?**

Dei prosenttala eg presenterer, kunne vore andre tal om eg hadde rekna på ein alternativ måte. Under 4.7.2 skildrar eg korleis eg har kome fram til tala eg presenterer. Om vi derimot reknar med talet på *belegga totalt*, tel kvart enkelt belegg på dei hyppige variablane like mykje som kvart enkelt belegg for dei uvanlege variablane. Dette kan sjåast på som *problematisk*, fordi då tel belegga på dei lite frekvente variablane lite i summen av alle belegga. Alternativt kan vi tenkje slik: Dei variablane som er frekvente er faktisk viktigare trekk i dialekten, og det er

derfor *uproblematisk* at dei får telje mykje i den totale summen.<sup>31</sup> Eg har likevel altså valt å tenke på den første måten eg nemner, på ”gjennomsnitt”-måten, slik at Skaar sine og mine resultat skulle kunne jamførast. Med denne reknemåten fekk eg altså desse tala for samtalen (jamfør tabell 5.1):

**Tabell 6.1 Variasjon og endring etter lokalitet. Samtalen.** Alle variablane. % yngre former – min reknemåte

	<b>Bygdene samla</b>	<b>Brattvågen</b>	<b>Hildre</b>
1982	35	48	23
2005	53	54	51

Om vi derimot legg til grunn dei samla tala på belegg (N) for samtalen<sup>32</sup>, får vi denne tabellen for resultata frå 2005:

**Tabell 6.2 Variasjon og endring etter lokalitet. Samtalen.** Alle variablane. % yngre former – ein alternativ reknemåte

	<b>Bygdene samla</b>		<b>Brattvågen</b>		<b>Hildre</b>	
	<b>%</b>	<b>N</b>	<b>%</b>	<b>N</b>	<b>%</b>	<b>N</b>
Yngre form	65	1365	66	714	64	650
Tradisjonell form	35	738	34	366	36	372
Totalt	100	2102	100	1080	100	1022

Vi ser altså at prosenttala blir nokså annleis, men det er ikkje så viktig, for det er jamføringa som er poenget med statistikken. Og her ser vi at jamføringa mellom Brattvågen og Hildre ikkje gir anna resultat om vi reknar med talet på belegg. Når Skaar rekna på same måten, må vi tru at jamføringa mellom 1982 og 2005 også fungerer tilsvarande. Eg meiner derfor at måten resultata er blitt rekna ut på, er påliteleg.

I enkelte sosiolingvistiske undersøkingar er datamaterialet blitt testa statistisk (sjå mellom anna Haugen 1997), for å styrke reliabiliteten til resultata. Slik signifikanstesting har eg ikkje lagt til grunn i min resultatpresentasjon, men eg har tatt vare på forsiktighetskravet ved å markere med stjerner tilfella der talgrunnlaget er svakt (jamfør 4.7.2 og kapittel 5, resultatpresentasjonen). I resultatpresentasjonen presenterer eg dessutan berre prosenttal (for det vil skape forvirring for leseren å sjå at dei absolutte tala gir andre prosentar enn dei eg brukar), og signifikanstesting er enklast å gjennomføre med absolutte tal. Tabell 6.2, der absolutte tal er presenterte, kan vi signifikansteste. Resultatet er – som vi nesten kan sjå med det blotte auget – at det ikkje er nokon signifikant forskjell på Brattvågen og Hildre:  $X^2 : p =$

<sup>31</sup> Eg har ikkje testa den alternative reknemåten.

<sup>32</sup> Desse er tilgjengeleg i Vedlegg 6.

0,2287 (rekna ut i <http://openepi.com>). Normalkravet til signifikans er 0,05, altså 5 % sjanse for at forskjellen kjem av rein tilfeldigheit.

Også det totale beleggrunnlaget frå bildetesten kan signifikanstestast. Om vi legg til grunn dei samla tala på belegg (N) for bildetesten<sup>33</sup>, får vi denne tabellen for resultata frå 2005<sup>34</sup>:

**Tabell 6.3 Variasjon og endring etter lokalitet. Bildetesten.** Alle variablane. % yngre former – ein alternativ reknemåte

	Bygdene samla		Brattvågen		Hildre	
	%	N	%	N	%	N
Yngre form	72	806	75	436	68	370
Tradisjonell form	28	321	25	144	32	177
Totalt	100	1127	100	580	100	547

Her viser ein test (<http://home.online.no/-b-aardal/zigne.htm>) at forskjellen mellom dei to bygdene er signifikant. (Denne testen gir dessverre ikkje p-verdi, berre varsel om signifikans eller ikkje ved 5 %-nivå. Ved utprøving viser det seg at det berre er så vidt det passerer grensa (Helge Sandøy, munnleg opplysning, september 2006).)

Eg meiner det er behov for endå ein kommentar til utrekningane av resultata, for det viste seg å vere vanskeleg å få belegg på V06, /e/ mot /e/, i leksem av typen /bles/ mot /bles/ i samtalens, og det er vanskeleg å trekke slutningar utifrå det spinkle beleggrunnlaget eg sit med. Eg tok likevel med V06 då eg rekna ut gjennomsnittet av alle variablane. Dette påverkar resultata på gjennomsnittnivå (V01-V10) ein god del, og summen hadde vore annleis om eg hadde sett bort frå denne variablene i utrekningane. Når eg likevel har valt å ikkje kutte ut denne variablene er det fordi sjølv om dei eksakte %-tala ville blitt litt annleis, trur eg ikkje *tendensane* som resultata viser, altså om forholdet mellom språk og bygdene / aldersgruppene / kjønna, ville blitt så veldig annleis.<sup>35</sup>

### 6.6.2.3 Validitet?

Det er mange ting som er viktige å ta omsyn til når vi skal tolke resultata frå ei talemålsundersøking. Både val av hypotesar, variablar og innsamlingsmetodar kan vere med på å styre resultata, og det er det viktig å ta høgd for i tolkinga av resultata. Metodane eg brukte for å undersøke dialekten i Brattvågen og på Hildre, nemleg dei same som Skaar brukte i 1982, har hatt sitt å seie for kva eg har fått fram ved språkbruken i bygdene. Gjennom

<sup>33</sup> Desse er tilgjengeleg i Vedlegg 6.

<sup>34</sup> Sjå illustrasjon 5.3 (der prosenttala er rekna ut etter den måten som blir skildra i 7.4.2) for samanlikning.

<sup>35</sup> Eg har ikkje testa den alternative reknemåten.

å fokusere på dei språklege variablane eg konsentrerer meg om, har eg har fått kunnskap om ein del språktrekk i bygdene, og på bakgrunn av dette prøver eg å dra slutningar som skal gjelde for *heile* språket i bygdene. Det finst mange typar språkleg variasjon, og i vårt tilfelle, som i alle andre undersøkingar, har det vore nødvendig å gjere ei avgrensing av undersøkingsobjektet. I staden for å prøve å rekke over *alle* relevante språklege variablar, fann Skaar det meir hensiktsmessig å bruke meir ressursar på nokre variablar for å heve kvaliteten av datainnsamlinga. Ved slike utveljingar oppstår problemet med at dei utvalde aspekta kan gi eit skeivt bilde av røyndomen (Hellevik 1995: 67), og her kjem spørsmålet om validitet inn: Har vi målt det vi ville? Og har vi sagt noko vesentleg om språket i Brattvågen og på Hildre?

Prosenttala eg fekk fram i resultatpresentasjonen kunne sikkert blitt noko annleis om eg hadde arbeidd med *andre eller fleire språklege variablar*. Variablane tok ikkje for seg for eksempel verbböying og substantivböying, altså morfologi. På dette området trur eg det har skjedd ein del dei siste åra, og om slike variablar hadde vore med, kan det tenkast at prosenttalet for yngre former ville blitt annleis. Skaar seier sjølv at dei ti variablane han enda opp med å undersøkje kanskje ikkje var det valide uttrykket for endringstendensane *generelt* i talemålet i bygdene i 1982, men dei var variablar som hadde yngre former som fall saman med ålesundsformer, og derfor var dei enkle å leggje merke til (Skaar, munnleg opplysning, september 2006).

Kor avgjerande val av variablar er, ser vi om vi tek for oss dei tre informantane som merka seg ut under feltarbeidet mitt: Før eg talde opp belegga og rekna ut prosent yngre former for kvart enkelt informant, trudde eg at informant 11, som vart veldig stressa under opptaket og byrja å snakke det han sjølv kalla ”ålesunder” (jamfør 4.6) kanskje snakka med fleire prosent yngre former enn sine jamaldra. Eg trudde også at informantane 13 og 14, dei to yngre kvinnene frå Hildre, som ifølgje dei sjølve og etter det som er mitt inntrykk, snakka annleis enn sine jamaldra jenter, ville få høgare prosent yngre former enn sine jamaldra. Dette viste seg å ikkje stemme for nokon av desse tre informantane, for det som skilde desse informantane frå sine jamaldra, var trekk som ikkje hadde med dei 10 utvalde variablane å gjere, og dermed vart dei ikkje fanga opp i utrekningane mine: ”jeg” for ”ei” og ”spise” for ”ete” osv. Når vi ser på resultatet frå dei ti utvalte variablane, ser vi at informant 11 faktisk er den av dei eldre brattvågarane som nyttar flest tradisjonelle former, og informantane 13 og 14 er faktisk dei to yngre hildrestrandane som nyttar flest tradisjonelle former. Vi ser altså at det er god grunn til å stille spørsmål ved om dei ti variablane åleine er godt eigna til å få fram prosent yngre former i bygdene. Om vi hadde arbeidd med alle dei 21 variablane som Skaar

først hadde tenkt han ville ta for seg (jamfør 2.3), og ikkje berre dei ti han enda opp med, kunne resultata vore annleis.

Bildetesten viser nesten 20 % fleire yngre dialektformer enn samtalen, og dette er interessant, for om vi skal tru på resultata som bildetesten viser, er det større forskjell i språkbruken i Brattvågen og på Hildre enn det ser ut til om vi ser på samtalen: Brattvågarane nyttar framleis fleire yngre former enn hildrestrandningane, ifølgje resultata frå bildetesten. Om det verkeleg er slik at brattvågarane også i 2005 nyttar fleire yngre former enn hildrestrandningane, kan dette kanskje forklaast med at den språklege utjamninga mellom bygdene ikkje er fullstendig gjennomført endå, kanskje fordi vi ikkje har hatt mange nok år med tett samhandling mellom bygdene.

Det kan også vere interessant å stille spørsmål ved kva det er bildetesten måler (jamfør 4.4.2.3). Eg meiner den måler språkbruken til personar i ein testsituasjon der dei i større grad enn ved samtalen er bevisst at dei skal bli lytta til, og det viktig å ha dette i minne når vi skal tolke dataa. Når resultatet då blir 20 % fleire yngre former enn ved samtalen, kan dette bety at informantane har sin ”ønskte identitet” i retning av ein språkbruk med fleire yngre former. Kanskje skjemmest dei litt over dei tradisjonelle formene, eller kanskje synst dei at dei yngre formene er meir brukande i møtet med meg.

Eit anna moment det kan vere nyttig å ta stilling til, er korleis Skaar og eg vart oppfatta av informantane, og kva slags verknad vi kan ha hatt på informantane (jamfør 4.4.2.5). Det er gode grunnar til å tru at vi kan ha hatt nokolunde den same verknaden på informantane, for vi var begge ”heime” i Brattvågen, sjølv om vi hadde budd vekke ein del år før undersøkingane vart gjennomførte, og på Hildre vart vi nok begge oppfatta som meir framande enn i Brattvågen, sidan både Skaar og eg er frå Brattvågen. Dialektbruken min og dialektbruken til Skaar *kan* likevel ha verka noko ulikt på informantane: I 1982 var det, i informantane si eiga bevisstheit, forskjell i språkbruken til brattvågarane og hildrestrandningane: Brattvågarane snakka ”finare” enn hildrestrandningane, og bygdene kunne karakteriserast som to ulike språksamfunn i 1982 (Skaar, munnleg opplysning, juli 2006). I 2005 er det ikkje, i informantane si eiga bevisstheit, nokon forskjell i språkbruken til brattvågarane og hildrestrandningane (jamfør 5.4.2.3). Utifrå dette resonnementet, kan det tenkjast at Skaar og eg kan ha hatt føresetnader for å påverke hildreinformantane noko ulikt: Skaar var kanskje meir ein framand for hildrestrandningane enn det eg var, sidan informantane i 1982 følte at brattvågarane snakka ”finare” enn dei sjølve, og sidan informantane i 2005 ikkje følte det var nokon forskjell på dei sjølve og brattvågarar.

## 7 Avslutning

### 7.1 Oppsummering og konklusjon

Ved å samanlikne mitt språklege materiale frå 2005 med Skaar sitt frå 1982, har eg vist at dialekten i Brattvågen og på Hildre inneheld ein del variasjon, og eg har peika på at dialekten i bygdene totalt sett har endra seg ein del i løpet av dei siste 23 åra. Eg har hevda at dialekten har gått gjennom relativt store endringar på dei 23 åra som har gått: Det totale prosenttalet for yngre former i bygdene har gått frå å vere 35% til å bli 53% ved dei ti språklege variablane. Resultata frå undersøkinga mi viser at *tempoet* for språkendringane har vore ulikt i dei to bygdene i den tidsperioden som skil Skaar si undersøking frå mi eiga: På Hildre ser det ut til at språkendringane har skjedd raskt dei siste tiåra, medan tempoet i Brattvågen har vore relativt lågt i den same perioden. Ved hjelp av hovudsakleg ytre faktorar har eg prøvd å finne moglege forklaringar på korfor språket er som det er i Brattvågen og på Hildre. Vi har sett at den første hypotesen min berre delvis blir styrkt av materialet: Bygdene sedde kvar for seg viser at det er skjedd lite med språket i Brattvågen, men relativt mykje med språket på Hildre. Men det er liten forskjell på språket i bygdene. Grunnane til denne språkutviklinga kan mellom anna vere den auka interaksjonen mellom bygdene dei siste tiåra, og det at bygdene (mykje på grunn av interaksjonen) har utvikla ei felles identitetskjensle.

Den andre hypotesen min blir styrkt av resultata frå undersøkinga mi: Nyare språkdrag er framleis mest brukte mellom dei yngre informantane, men alle dei tre aldersgruppene i 2005 nyttar fleire yngre former enn dei same aldersgruppene gjorde på 80-talet. Alderssegregering, gruppeidentitet og utdanning er viktige stikkord når vi skal forklare samanhengen mellom språk og alder i Brattvågen og på Hildre. Det kan sjå ut som om vi har hatt ei *generasjonsendring* når det gjeld dei midaldra informantane i 2005 (som tilsvarer dei yngre i 1982), og vi får dermed dokumentert ”verkeleg” språkendring i språkbruken i bygdene. Det språket dei midaldra snakka i 1982 ser derimot ut til å ha vore eit *livsfasespråk*, eit språk informantane la frå seg etter kvart som dei vart eldre: I 2005 har dei midaldra frå 1982 (eldre i 2005) fleire tradisjonelle former av dialekten enn dei hadde for 23 år sidan. Dette gir oss grunnlag for å tenkje at sjølv om det i 2005 ser ut som om vi har fått stadfesta språkendring (fordi dei yngre frå 1982 har tatt med seg språket sitt opp i alderen), *kan* det tenkjast at dei midaldra frå 2005 vil leggje frå seg yngre dialektformer etter kvart – slik dei midaldra frå 1982 (eldre frå 2005) har gjort. Det vil tida vise.

Den tredje hypotesen min, at det er liten eller ingen systematisk skilnad mellom kjønna, blir styrkt gjennom materialet frå 2005, og eg hevdar at generell likestilling kan vere ei mogleg forklaring på dette.

Den yngre varianten av dialekten er i fullstendig samsvar med både bokmål, ålesundsmål og moldemål, og den er i stor grad i samsvar med nynorsk. Det kan derfor tenkast at både skriftmåla våre og dialektane i nærlieken av Brattvågen og Hildre kan ha påverka dialekten, men det er vanskeleg å seie noko sikkert om dette.

Eg meiner at eg har sagt noko vesentleg om dialekten i Brattvågen og på Hildre, etter å ha tatt høgd for metodiske problem knytt til reliabiliteten og validiteten til undersøkinga. Men det er likevel sider ved dialekten vi ikkje har funne ut noko om: Ideelt sett skulle vi ha sett på fleire enn dei ti språklege variablane som blir undersøkte.

For fleire av variablane viser det seg at dei tradisjonelle formene står mykje svakare enn dei yngre formene, men i mange år framover vil nok dei tradisjonelle formene eksistere side om side med dei yngre formene, og det er ikkje lett å spå om kva former som kjem til å bli ståande. Om dei yngre formene vil ta heilt over for dei tradisjonelle, og i tilfelle kva tid dette vil skje, eller om dei tradisjonelle formene vil vinne terrenget på nytt og trenge bort dei nyare, er ikkje lett å seie noko om. Ved ei styrking av språknormene (anten i tradisjonell eller nyare retning) vil språksamfunnet kunne bli meir fokusert, og vi vil kunne få ein meir einsarta dialekt. Men dette ligg eit stykke fram i tid, og vi må ha tolmod om vi vil vite noko om korleis framtidsdialekten i Brattvågen og på Hildre vil bli.

## 7.2 Vidare arbeid

Eg håpar denne undersøkinga kan fungere som ein referanse for ei eventuell seinare granskning av dialekten i dei aktuelle sunnmørsbygdene. Om 20-30 nye år vil det vere interessant å gjennomføre ei ny oppfølgingsgranskning, for å sjå korleis språket då vil vere. Men vi treng ikkje vente ein heil generasjon for å undersøkje dialekten på nytt; allereie om for eksempel 5 år kunne det vore interessant å sjå korleis stoda er. Mi undersøking er ei trendundersøking, men det ville også vore interessant å gjennomføre ei panelundersøking, eller ei blanding av panel- og trendundersøking (jamfør 3.2), for å finne ut noko om enkeltindivid si språkutvikling over tid.

Allereie no er det (nesten) ubrukt datamateriale tilgjengeleg om dialekten: Tala frå bildetesten burde vore sett meir på, og fleire spørsmål skulle vore sette fram til diskusjon.

Det vil også vere interessant å sjå dialekten i Brattvågen og på Hildre i eit vidare perspektiv, som ein del av ei kartlegging av sunnmørsdialektane, kanskje med fokus på kontakten mellom Ålesund bymål og dialektane i bygdene på Sunnmøre. I ei slik undersøking vil det kanskje vise seg at bymålet er blitt endra sidan Aarsæther (1984) undersøkte dialekten, og kanskje vil dei eventuelle endringane kunne forklarast med den enorme tilflyttinga kommunen har opplevd (og opplever) frå bygdene på Sunnmøre. Kanskje vil vi få sjå at det er dei rurale dialektane, ikkje ålesundsmålet, som er styrande i den pågåande språklege regionaliseringssprosessen på Sunnmøre. Dette er interessante og aktuelle emne til vidare forsking.

Alle dei ovafor nemnde tankane om vidare arbeid, er knytte spesielt til dialekten i Brattvågen og på Hildre, men også den spesifikke *metoden* min er det aktuelt å arbeide meir med. Eg trur longitudinelle studiar kjem til å bli ein viktig del av den sosiolinguistiske forskinga i framtida.

# **Vedlegg 1: Informasjonsskrivet til potensielle informantar**

Helene Hildremyr  
Vassenden 20  
6270 BRATTVÅG

Brattvågen, 9. oktober, 2005

Namn og  
adresse til potensiell informant

## **Gransking av dialekten i Brattvågen og på Hildre**

Eg held på med ei mastergradsoppgåve på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen om dialekten i Brattvågen og på Hildre. Eg ønskjer å gjennomføre ein oppfølgingsstudie til ei dialektgransking brattvågaren Kjell Arne Skaar gjorde på byrjinga av 1980-talet, for å finne ut i kva retning språket i Brattvågen og på Hildre har utvikla seg dei siste åra.

For å få gjennomført granskinga mi, vil eg gjerne snakke med ein del personar i Brattvågen og på Hildre. Personane eg skal snakke med (informantane) treng ikkje å vite noko om dialektar eller språk, for det viktigaste for meg er berre å få høyre folk snakke. Samtalen vil ta om lag tre kvarter, og han vil bli tatt opp på minidisk, slik at eg seinare kan systematisere språkbruken til kvar enkelt informant. Emna for samtalen er ikkje personlege, men eg har i alle høve teieplikt.

Eg søker 24 informantar som har budd i bygda (anten i Brattvågen eller på Hildre) sidan dei var minst fem år gamle. I tillegg må minst ein av foreldra til informantane vere fødd og oppvaksen i bygda. (Med unntak for dei eldste informantane.)

Med utgangspunkt i telefonkatalogen, og deretter med hjelp frå kjenningar som har rimeleg god oversikt over befolkninga i Brattvågen og på Hildre, har eg funne fram til ein del personar som ser ut til å oppfylle kriteria ovafor. Så langt eg kan sjå, er du ein av dei som oppfyller kriteria, og det hadde vore veldig kjekt om du kunne tenkje deg å delta som informant. Om 1-2 dagar kjem eg derfor til å ta kontakt med deg per telefon for å spørje deg om du vil delta. Eg håpar på positivt svar.

Vennleg helsing,

Helene Hildremyr  
